



Sunnfjord
kommune



Tenesteanalyse - kunnskapsgrunnlag

Basert på KOSTRA og nøkkeltal

Februar 2024

Innhald

Innleiing	3
Samanlikningskommunar	5
Status finans	8
Kostnadsnivå	10
Kvalitet	14
Demografi	17
Pleie og omsorg	24
Grunnskule	43
Barnehage	76
Administrasjon, styring og fellesutgifter	92
Kommunehelse	115
Barnevern	129
Kultur og idrett	144
Sosiale tenester	182
Samferdsel	194
Brann og ulykkesvern	218
Plan, kulturminne, natur og nærmiljø	230
Kyrkja	240
Næringsforvaltning og konsesjonskraft	250
Landbruk	256
Kommunale bustadar	265
Eigedomsforvaltning	272

Innleiing

Tenesteanalyse

Kommunedirektøren presenterer i dette dokumentet ei analyse av KOSTRA og nøkkeltal innanfor alle tenesteområda i kommunen.

Formålet med analysen er å vere eit oppslagsverk for både administrasjon og folkevalde. Det er eit omfattande dokument, men er ikkje meint å skulle lesast frå start til slutt.

KS har over mange år gjennom [effektiviseringsnettverk](#) gjennomført tenesteanalyse innanfor mange tenesteområde, men metodikken er bygd opp for å gå i djupna på kvart tenesteområde.

«Gjennom tjenesteanalysen dokumenteres og vurderes kommunens ressursinnsats, dekningsgrader, produktivitet, brukernes opplevde kvalitet, samt sykefravær og kompetanse hos tjenestens medarbeidere. Dokumentasjonen bygger på KOSTRA-data, samt bruker- og ev medarbeiderundersøkelser som kommunen gjennomfører som en del av deltakelsen i KS Effektiviseringsnettverk.»

Sunnfjord kommune har lagt same metodikk til grunn for ei samla tenesteanalyse for alle tenesteområda i kommunen, men på eit meir overordna nivå.

Vedtak i kommunestyre

Vedtak frå 15. desember 2023 i sak om årsbudsjett 2024:

Kommunestyret ber kommunedirektøren halde fram arbeidet med tenesteanalysen. Den vil danne grunnlaget for det vidare arbeidet med naudsynte kostnadsreduksjonar i drifta. Med ei kopling til den demografiske framskrivinga vil kommunen også få eit betre grunnlag for å styre dei økonomiske ressursane i høve dei sektorvise behova. Tenesteanalysen må munne ut i konkrete kostnadsreduserande tiltak der det òg blir peika på tiltak som kan gje innsparingar i 2024. Tenesteanalysen må òg koplust opp mot økonomiplan og sjåast i samanheng med framtidig investeringsbehov i kommunen. Kommunedirektøren held formannskapet løpande orientert om arbeidet.

Arbeidsprosess

Kunnskapsgrunnlaget i tenesteanalysen er utarbeidd av **eigne tilsette og tillitsvalde**.

Gjennom dette arbeidet er det **bygd kunnskap** om analyse av KOSTRA-data og korleis samanlikningskommunar utfører og organiserer sine tenester. Denne kunnskapen er verdifull for ettertida.

Dei 3 arbeidsgruppene har jobba etter **felles mal i Framsikt**, men vi ser at rapportane og oppsummeringane har litt ulik karakter. Tenestene er ulike, men vi ser at vi ved seinare analyse kan betre kvaliteten ytterlegare.

Det er forslag om å **oppdatere kunnskapsgrunnlaget årleg** etter at endelege KOSTRA-data kjem i juni kvart år.



Framdrift

Tenesteanalyse – kunnskapsgrunnlag vert orientering om i formannskap og kommunestyre i februar 2024.

Vidare plan er å definere nivå på innsparing og omstilling. Administrasjonen utarbeider eit forslag til diskusjon i formannskapet før sak vert lagt fram mars 2024.

Forslag til innsparings- og omstillingstiltak er skissert til mai evt. juni 2024.

Samanlikningskommunar

I kunnskapsgrunnlaget samanliknar vi oss med KOSTRA-gruppe 09, landet utanom Oslo, Steinkjer, Voss, Sogndal og Kinn kommune. Steinkjer fordi det er den kommunen i landet som er mest lik oss i perspektiv av innbyggartal og areal. Voss fordi det er den kommune i Vestland fylke som er mest lik oss i perspektiv av innbyggartal og areal.

KOSTRA-gruppe 9: Alle kommunar med folketal mellom 20.000 – 29.999


Landet utanom Oslo: Alle kommunar utanom Oslo (som er både kommune og fylkeskommune)

Kom.nr	Navn	Folke- mengde	Indeks for bundne kostnader	Indeks for korrigerte inntekter
9. Kommuner med 20 000 til 29 999 innbyggere				
1124	Sola	27153	0,82	0,85
1505	Kristiansund	24179	0,81	0,91
1806	Narvik	21845	0,86	1,03
1833	Rana	26184	0,82	0,98
3006	Kongsberg	27723	0,82	0,89
3021	Ås	20439	0,79	0,86
3031	Nittedal	24249	0,82	0,88
3034	Nes	23092	0,82	0,84
3035	Eidsvoll	25436	0,80	0,83
3049	Lier	26811	0,83	0,89
3405	Lillehammer	28345	0,84	0,92
3413	Stange	21064	0,89	0,86
3420	Elverum	21254	0,87	0,88
3801	Horten	27351	0,85	0,84
3802	Holmestrand	24699	0,83	0,88
3811	Færder	26730	0,84	0,89
4202	Grimstad	23544	0,84	0,89
4205	Lindesnes	23046	0,88	0,92
4624	Bjørnafjorden	24908	0,85	0,92
4627	Askøy	29553	0,86	0,88
4631	Alver	29224	0,85	0,96
4647	Sunnfjord	22030	0,87	0,95
5006	Steinkjer	24357	0,87	0,93
5035	Stjørdal	24145	0,85	0,89
5037	Levanger	20164	0,85	0,91
5402	Harstad	24703	0,82	1,01
5403	Alta	20789	0,86	1,14

Samanliknbare kommunar:

- Sunnfjord (Innbyggjarar 22147, areal 2208)
- Steinkjer (Innbyggjarar 24004, areal 2122)
- Voss (Innbyggjarar 16021, areal 2042)
- Sogndal (Innbyggjarar 12145, areal 1258)
- Kinn (innbyggjarar 17177, areal 812)

Antall innbyggere utgang 3. kvartal. 2022




Norges største kommuner etter areal (km²)

Listen er basert på tall fra Statens kartverk fra 13. januar 2022 (lenke ☞)

1. Kautokeino	9707,34	14. Vinje	3105,83	27. Sunnfjord	2208,13	40. Senja	1955,03
2. Karasjok	5452,94	15. Trysil	3014,42	28. Engerdal	2196,56	41. Vefsn	1929,39
3. Porsanger	4872,68	16. Lierne	2961,71	29. Stor-Elvdal	2165,78	42. Orkland	1906,28
4. Rana	4460,18	17. Luster	2706,34	30. Namsos	2132,37	43. Tynset	1880,32
5. Tana	4051,34	18. Bardu	2703,89	31. Steinkjer	2122,08	44. Midtre Gauldal	1860,52
6. Sør-Varanger	3971,42	19. Hamarfest	2693,05	32. Kvænangen	2109,31	45. Hol	1854,54
7. Alta	3849,60	20. Hattfjelldal	2684,32	33. Skjåk	2075,53	46. Suldal	1736,65
8. Lebesby	3459,41	21. Tromsø	2520,81	34. Tinn	2045,13	47. Sunndal	1713,36
9. Nordreisa	3437,81	22. Nore og Uvdal	2502,15	35. Voss	2041,97	48. Sørfold	1637,43
10. Narvik	3432,20	23. Snåsa	2342,66	36. Hamarøy	2020,45	49. Hemnes	1589,50
11. Målselv	3324,45	24. Oppdal	2274,12	37. Grane	2004,15	50. Røyrvik	1584,76
12. Ullensvang	3229,90	25. Lesja	2259,50	38. Lom	1968,54	51. Ringerike	1555,12
13. Rendalen	3179,51	26. Saltdal	2216,18	39. Røros	1956,55	52. Sirdal	1554,27

Utgiftsbehov




Grafen viser utgiftsbehov for eigen kommune og samanliknings-kommunar både samanlagt og per tenesteområde.

Utgiftsbehov er staten si berekning av kommunen sine utfordringar på det aktuelle tenestene.


Det er korrigert for ulikt utgiftsbehov ved samanlikning av KOSTRA-tal

Status finans


Sunnfjord kommune har dei siste åra hatt eit svakare netto driftsresultat enn KOSTRA gruppe 09, landet utan Oslo og samanliknbare kommunar. I 2022 har både Steinkjer, Voss og Sogndal eit svakare resultat enn Sunnfjord kommune.



Sunnfjord kommune har netto lånegjeld på nivå med landet, lågare enn KOSTRA gruppa, Steinkjer og Kinn, men høgare enn Voss og Sogndal.



Sunnfjord kommune har lågare disposisjonsfond enn KOSTRA gruppa, landet og samanliknbare kommunar i 2022.



Oppsummert:


Sunnfjord kommune har betra både netto driftsresultat og netto lånegjeld samanlikna med andre i 2022. Disposisjonsfondet er lågt samanlikna med andre.

Kostnadsnivå

Netto driftsutgift for eit tenesteområde viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som mellom anna inneheld øyremarka tilskot og andre direkte inntekter t.d. brukarbetaling, er trekt frå. Netto driftsutgifter må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammetilskot, eigedomsskatt mv.

Tabellen nedanfor viser netto driftsutgifter i 2022 for alle tenesteområda i Sunnfjord kommune. Samla netto driftsutgifter utgjer nesten 1,7 mrd. kroner. Det største tenesteområdet i Sunnfjord kommune er pleie og omsorg med 0,53 mrd. kroner i netto driftsutgifter i 2022. Det utgjer 31 % av samla netto driftsutgifter for kommunen.

Føremål	Netto driftsutgift 2022	Netto driftsutgift %
Pleie og omsorg	532 649 055	31 %
Grunnskule	377 166 270	22 %
Barnehage	257 382 990	15 %
Adm, styring og fellesutgifter	115 629 075	7 %
Kommunehelse	96 590 820	6 %
Barnevern	69 288 585	4 %
Kultur og idrett	58 158 870	3 %
Sosiale tenester	55 115 415	3 %
Samferdsle	52 071 960	3 %
Brann og ulykkesvern	30 390 120	2 %
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	24 458 715	1 %
Kyrkja	18 660 600	1 %
Næringsforv. og konsesjonskraft	4 709 580	0 %
Landbruk	2 910 165	0 %
Kommunale bustadar	2 377 005	0 %
Samla netto driftsutgifter	1 697 559 225	100 %



Kostnadsnivå (innsparingspotensiale i mill. kroner)	2019	2020	2021	2022
Administrasjon	24,4	12,6	-1,8	3,5
Barnehage	36,8	26,7	36,3	42,7
Barnevern	6,6	9,1	13,1	10,3
Bustad	-1,5	4,0	2,7	-1,4
Brann	1,4	1,5	0,8	7,1
Grunnskule	26,6	10,4	15,1	19,2
Helse	9,5	7,8	3,9	-1,1
Kyrkje	4,4	3,8	4,7	4,6
Kultur	-7,4	4,8	5,0	1,1
Landbruk	-0,1	-0,1	1,1	0,6
Næring	2,5	7,5	10,0	3,7
Plan- og byggesak	3,4	2,4	5,5	4,8
Pleie og omsorg	-2,2	2,6	-0,5	9,1
Samferdsle	13,8	12,8	19,8	23,0
Sosial	-3,8	-3,3	-5,8	-11,2
Totalt	114,4	102,6	109,9	116,0

Tabellen viser utvikling i kostnadsnivå i Sunnfjord kommune frå 2019 fram til og med 2022 samanlikna med KOSTRA gruppe 09.

Tabellen viser at kostnadsnivået i sum ligg 102,6 til 116 mill. kroner høgare i Sunnfjord kommune enn i KOSTRA gruppe 09.

Det er særleg tenesteyrums barnehage, samferdsle og grunnskule som har eit høgare kostnadsnivå.

Sunnfjord kommune ligg stabilt på eit innsparingspotensiale på 103-116 mill. kroner pr. år samanlikna med snittet av KOSTRA-gruppe 09.

	Kostragruppe 09	Landet uten	Steinkjer	Voss herad	Sogndal	Kinn
Grunnskole	19.2	14.2	4.6	-49.9	-10.5	-18.5
Pleie og omsorg	9.1	8.8	70.1	46.2	-135.7	-6.2
Barnevern	10.3	10.8	-18.2	-12.2	29.4	-6.8
Barnehage	42.7	41.3	28.9	38.5	42.2	13.0
Kommunehelse	-1.1	0.2	2.7	-2.1	-13.7	5.1
Sosiale tjenester	-11.2	-14.7	-16.6	-39.7	-11.1	-10.2
Kultur og idrett	1.1	-5.8	-7.4	-7.9	8.6	1.9
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	4.8	1.6	3.8	-0.4	-1.8	1.5
Adm, styring og fellesutgifter	3.5	-10.2	-24.6	-34.7	-25.1	-31.2
Andre område	37.7	46.5	35.4	73.5	43.0	5.6
- Brann og ulykkesvern	7.1	7.0	-3.1	7.7	-0.5	-6.8
- Kommunale boliger	-1.4	-4.0	3.7	-16.5	-5.7	-14.9
- Samferdsel	23.0	22.0	15.0	-10.6	14.4	4.5
- Næringsforv. og konsesjonskraft	3.7	17.8	13.9	85.9	29.6	15.3
- Landbruk	0.6	0.4	3.3	4.7	1.8	2.9
- Kirke	4.6	3.3	2.5	2.4	3.5	4.6
Totalt	116.0	92.9	78.5	11.2	-74.8	-45.7

Tabellen overfor viser innsparingspotensiale basert på kostnadsnivå i rekneskapen for 2022. Positive tal er eit innsparingspotensiale medan negative tal viser kor mykje lågare kostnad Sunnfjord kommune driv tenesta for.

Dei tenesteområda som utmerkar seg med innsparingspotensiale samanlikna mot både KOSTRA gruppa, landet utan Oslo og enkeltkommunar:

- **Barnehage** med eit innsparingspotensiale i størrelse 29-43 mill. kroner
- **Samferdsle** har eit innsparingspotensiale på 15-22,6 mill. kroner samanlikna mot Steinkjer, Sogndal og KOSTRA-gruppa.
- **Næringsforvaltning og konsesjonskraft** med eit innsparingspotensiale i størrelse 4-86 mill. kroner
- **Landbruk** med eit innsparingspotensiale i størrelse 0,4 – 4,7 mill. kroner
- **Kyrkje** med eit innsparingspotensiale i størrelse 2,4-4,6 mill. kroner.

Kvalitet

Måling av kvalitet eller nytteeigenskapar ved produksjonen er viktig i kommunal sektor kor det ikkje eksisterer eit marknad der kundane gjennom si etterspurnad viser korleis kvaliteten på produkt og tenester blir verdsett.

Begrepet kvalitet har både eit «produksjonsorientert» og eit «opplevd» innhald.

Produksjonsorientert kvalitet handlar om eigenskapar som kan registrerast, teljast og målast utan at vi må be brukarane eller andre om deira vurdering. Opplevd kvalitet derimot handlar om nokon sin subjektive vurdering av kvaliteten. Mest vanleg er brukarane si oppleving av tenesta.

Det er varierende omfang av kvalitetsindikatorar innanfor dei ulike tenestene i kommunen. Då dette er ei overordna tenesteanalyse har vi tatt inn Kommunebarometeret si samanstilling av indikatorar.

I tillegg er det kommentert på utvalde kvalitetsindikatorar innanfor dei ulike tenesteområda.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei samanstilling og rangering av kommunane i basert på til saman 151 nøkkeltal innanfor 12 ulike sektorar. Formålet er å gje ei lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen driv. Det er Kommunal Rapport som utgjer Kommunebarometeret.

	Gaular 2019	Jølster 2019	Førde 2019	Naustdal 2019	Sunnfjord 2019	Sunnfjord 2020	Sunnfjord 2021	Sunnfjord 2022	Sunnfjord 2023
Samla plassering justert for økonomiske føresetnader	100	217	32	386	112	129	136	147	108
Barnehage	57	12	151	66	108	145	107	53	53
Barnevern	195	152	194	330	206	107	79	88	84
Grunnskule	57	132	15	378	84	81	101	161	42
Helse	256	116	277	286	253	81	154	162	76
Kostnadsnivå	209	169	166	354	196	230	209	196	212
Kultur	417	410	113	375	229	200	231	93	138
Klima og natur	268	257	235	159	233	313	200	337	323
Pleie og omsorg	326	181	53	397	152	65	93	82	105
Saksbehandling	91	300	222	122	202	15	93	95	96
Sosialteneste	184	298	336	212	294	252	169	59	74
Vatn og avløp	359	244	95	204	166	169	181	292	118
Økonomi	179	395	254	385	280	314	298	321	344

Tabellen ovanfor viser rangering av kommunen innanfor dei ulike sektorane.


Kommunebarometer for 2023 (talgrunnlag 2022) viser at Sunnfjord kommune er blant dei 1/3 beste i landet innanfor alle tenesteområda ved ei samla plassering på 108. plass.

Kostnadsnivå og særleg økonomi har låg rangering saman med klima og natur.

Nedanfor ser de rangering av kvar av samanlikningskommunane i Kommunebarometeret for 2023. Sunnfjord kommune er rangert på 108. plass, Sogndal på 129. plass, Steinkjer på 134. plass, Kinn på 153. plass og Voss på 166. plass.


Det er ulik rangering innanfor dei ulike sektorane mellom kommunane.





Demografi


Folketalsutvikling fram til i dag



Årleg gjennomsnittleg folketalsutvikling i Sunnfjord kommune i perioden 1987 til 2023 har vert 0,9 %.

Det har vert positiv folketalsutvikling i perioden med unntak av 2019 og 2021.


Sunnfjord kommune har 22.333 innbyggjarar pr. utgang av 3. kvartal 2023.



Årleg gjennomsnittleg folketalsutvikling i Sunnfjord kommune i perioden 1987 til 2023 har vert -0,1 %.

Det har vert negativ folketalsutvikling i aldersgruppa sidan 2014.


Sunnfjord kommune har 1.263 innbyggjarar i aldersgruppa pr. utgang av 3. kvartal 2023.



Årleg gjennomsnittleg folketalsutvikling i Sunnfjord kommune i perioden 1987 til 2023 har vert 0,3 %.

Det har vert negativ folketalsutvikling i aldersgruppa 6-12 år sidan 2019.

Sunnfjord kommune har 2.923 innbyggjarar i aldersgruppa pr. utgang av 3. kvartal 2023.



Årleg gjennomsnittleg folketalsutvikling i Sunnfjord kommune i perioden 1987 til 2023 har vert 1,6 % samla for alle 3 aldersgruppene.


Det er aldersgruppa 67-79% som ar høgast vekst siste 3 åra med 4,9 % i snitt.

Sunnfjord kommune har 3.531 innbyggjarar totalt i desse aldersgruppene pr. utgang av 3. kvartal 2023.


Folketalsframskriving

Siste versjon av befolkningsframskrivingar frå SSB er basert på befolkning pr. 1. januar 2022. Det ligg pt ikkje føre befolkningsframskrivingar der det er tatt høgde for flyktningar frå Ukraina på kommunenivå.

Treffsikkerheit i SSB sine befolkningsframskrivingar på kommunenivå er varierende, og dei fangar i liten grad opp lokale forhold som kan påverke befolkningsutviklinga.



Befolkningsframskrivingar frå SSB viser at Sunnfjord kommune kan forvente ein positiv utvikling i folketal fram til 2032, men veksten er lågare enn fylket og landet.



Befolkningsframskrivingar frå SSB viser at Sunnfjord kommune kan forvente ein stor auke i aldersgruppa 67 år og over, og ein årleg reduksjon av folketal i aldersgruppa 0-5 år og 6-16 år.

Demografimodell


Befolkningsendringar påverkar kommunen sitt samla utgiftsbehov til velferdstenester som barnehage, grunnskule og pleie- og omsorg. [Teknisk beregningsutval \(TBU\)](#) bereknar korleis kommunesektoren sine utgifter vert påverka av den demografiske utviklinga på nasjonalt nivå. Berekningane tar utgangspunkt i SSB sitt middelalternativ (MMMM) for fruktbarheit, levealder og netto innvandring.

Berekningane baserer seg vidare på analyser av korleis utgiftene til kommunesektoren faktisk fordelar seg på individretta velferdstenester til dei ulike aldersgruppene. Dei bygger ikkje på noko sentralt fastsett norm for tenestetilbod. Det er vidare lagt til grunn konstante gjennomsnittskostnader, uendra standard, uendra produktivitet og uendra dekningsgrad. Høgare dekningsgrad eller høgare standard vil isolert sett trekke i retning av auka utgifter, medan auka produktivitet vil trekke i retning av reduserte utgifter.


KS har utarbeidd ei demografimodell for å vise forventa utviklingstrekk for **brutto utgiftsbehov** framover. Ved bruk av modellen må man vere varsam med å legge for stor vekt på utvikling i det enkelte år, då framskrivingar for enkelt-år i tillegg til å vere usikre og er svært følsame for avvik mellom befolkningsframskrivingane og faktisk befolkningsutvikling. Modellen gir ikkje noko anslag på korleis kommunen sine frie inntekter vil utvikle seg.

Det er pt ikkje laga ein oppdatering av demografimodellen i 2023. Dette har samband med at det ikkje ligg føre befolkningsframskrivingar der det er tatt høgde for flyktningar frå Ukraina på kommunenivå.


Utgiftsbehov ut frå anslag på demografisk utvikling




Det er i folketalsframskrivingane anslått at Sunnfjord kommune samla får ein lågare auke i utgiftsbehov er både landet og fylket. Dette kjem av anslag på reduksjon i aldersgruppa barnehagebarn og skuleelevar.




Anslag på auke i utgiftsbehov innan pleie og omsorg er likt med forventet auke i fylket, men marginalt lågare enn landet.



Anslag på reduksjon i utgiftsbehov innan grunnskule er større i Sunnfjord enn både fylket og landet.



Tilsvarende som for grunnskule så er reduksjonen i utgiftsbehovet for barnehage større for Sunnfjord kommune enn for fylket og landet. Reduksjonen i utgiftsbehov innan barnehage er anslått noko seinare i tid enn for fylket og landet, men reduksjonen er frå 2027 forventa å vere vesentleg større enn landet og etter kvart også fylket.



Grafen ovanfor viser at det samla utgiftsbehovet (lilla kurve) er marginalt positiv. Det vil seie at kommunen fram til 2032 vil få ein marginal inntektsauke for å finansiere samla utgiftsbehov. Men utgiftsbehovet innan pleie og omsorg (blå kurve) må finansierast gjennom omfordeling av midlar frå grunnskule og barnehage, då desse sektorane er forventa å få nedgang i utgiftsbehov i perioden.

Oppsummert

Tabellen nedanfor summerer demografimodellen der utgiftsbehovet er omrekna i anslag på årleg endring pr. tenestoområde. Pleie og omsorg vil anslagsvis ha behov for auke på 136 mill. kroner, grunnskule vil ha reduksjon i behov som i sum utgjør 61 mill. kroner, barnehage tilsvarende reduksjon på 23 mil. kroner, sosial er reduksjon på 1,6 mill. kroner, kommunehelse ein auke i behov på 7 mill. kroner og barnevern ein reduksjon på 7,5 mill. kroner. Samla vil Sunnfjord kommune ha eit netto utgiftsbehov på 49 mill. kroner i perioden fram til og med 2032.




Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tjenestoområde som følge av befolkningsendringer

(2022 kroner og endring fra 1.1.2022)

Endring utgiftsbehov per 1.	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	SUM SUNNFJORD
2023	7 197	-8 649	5	106	661	-687	-1 366
2024	4 494	-6 605	5	-41	510	-945	-2 581
2025	12 041	-4 718	-5 035	-213	566	-832	1 809
2026	15 455	-4 403	-8 118	-237	638	-951	2 384
2027	16 800	-11 322	128	-155	733	-876	5 308
2028	17 567	-7 234	-7 798	-14	537	-1 051	2 008
2029	17 770	-4 718	-2 752	-275	589	-697	9 917
2030	13 677	-2 044	-496	-290	591	-384	11 054
2031	18 035	-8 335	64	-40	545	-756	9 514
2032	13 114	-2 988	981	-455	596	-345	10 903
Sum 2023-2032	136 150	-61 015	-23 015	-1 615	5 966	-7 523	48 948

Demografimodellen er ikkje noko fasit på korleis budsjetttrammer skal fordelast, men viser at det er heilt nødvendig å planlegge for å møte skisserte demografiske endringar på ein god måte for å sikre tenester til alle brukargrupper i Sunnfjord kommune framover.

Pleie og omsorg



Konklusjon:

Sunnfjord kommune drifrar med eit **middels-høgt kostnadsnivå** i høve dei kommunane vi samanlikna oss med. Vi skil oss ut i høve **prisen for ein institusjonsplass** og kjøp av **KAD plasser** gjennom SYS IKL samarbeidet, som begge ligg høgt samanlikna med dei andre. I tillegg verkar **produktiviteten** å vere middels-lågt. Tenesteanalysen gir grunnlag for å sjå vidare på **organisering** av tilbodet innan institusjon- og heimebaserte tenester, i tillegg til **grunnbemanning** og **tenestestandardar**.

Område som må sjåast nærare på:

1. **Organisering:** Skei omsorgssenter, som i praksis yter institusjonstenester, har 25 langtidsplassar i omsorgsbustadar med heildøgns omsorg, som er registrert som heimetenester i KOSTRA. Dette forstyrrar KOSTRA tal både for institusjonstenester og heimetenester.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar:

- Institusjonstenester: i samanlikningsgruppa er det berre Steinkjær som har lågare kostnader enn Sunnfjord
- Heimetenester: her ligg Sunnfjord høgt, berre Sogndal har høgare kostnader
- Pleie- og omsorgstenester totalt: Sunnfjord ligg litt høgre enn KOSTRA gruppe 09 og landet, men vesentleg lågare enn Kinn. Steinkjær og Voss har vesentleg lågare kostnader enn Sunnfjord

Bør vi vurdere ei anna organisering enn den meir tradisjonelle organiseringa kommunen/omsorg har i dag? Klarar vi å hente ut gevinst av kommunesamanslåinga - få stordriftsfordelar?

2. **Harmonisering av ressursar.** Einingane har i utgangspunktet dei ressursane dei hadde med inn i Sunnfjord kommune, og rammene er tildelte med utgangspunkt i dette. Omsorgssektoren vart styrka med 20 årsverk i 2022, på grunnlag av meirforbruk i 2021. Samtidig fekk sektoren innsparingskrav tilsvarande ca. 10 årsverk. Pleiefaktoren er ulik i samanliknbare einingar.


3. **Grunnbemanning.** Årsverk i pleie og omsorg er lågare enn samanlikningskommunane, men kostnadane er høgare. Forklaringa er truleg m.a. bruk av overtid, vikarar, vikarbyrå. Dersom grunnbemanninga er låg vert einingane sårbare ved fråvær og det vert dyre løysingar. Ei meir "romsleg" grunnbemanning vil gje eit mindre press på personalet, og ha positive effektar som t.d. redusert sjukefråvær.

4. **Tenestestandard** er standard for tildeling av tenester. Tildeler vi tenester på rett nivå? Og, er utførte oppdrag i samsvar med vedtaket?

5. Teneste-/**behandlingsbehovet** til den einskilde i heimetenesta. Er det meir komplisert heimebehandling i Sunnfjord kommune grunna kort veg til sentralsjukehus og KAD plassar?

6. Vi må sjå nærare på kostnaden til kjøp av **KAD plasser** gjennom SYS IKL samarbeidet.

Ståstadanalyse



Plasser i
institusjon i prosent
av innbyggere 80
år over (B)

Korrigerte brutto
driftsutgifter, institusjon, pr.
kommunal plass

Sunnfjord	15,3 %	1 528 422
Kostragruppe 09	15,3 %	1 519 987
Landet uten Oslo	16,5 %	1 519 975
Steinkjer	12,5 %	1 118 155
Voss herad	20,6 %	1 214 809
Sogndal	21,1 %	1 447 274
Kinn	18,7 %	1 213 884

Denne figuren gir ei god oppsummering av institusjonstenestene, for den tar i seg både nivået av institusjonsplassar og utgifta per institusjonsplass.*

Tal plassar i Sunnfjord kommune er på nivå med KOSTRA-gruppa, men litt lågare enn samanlikningskommunane, med unntak av Steinkjer som ligg vesentleg lågare enn resten.

Det er i dag (desember 2023) 6 personar som står på venteliste til ein institusjonsplass i Sunnfjord. Nokre av desse gjeld korttidsplassar. I tillegg er det 5 søknader som ikkje er ferdig handsama. Om vi legg til grunn 11 personar på venteliste, så utgjer det 6,7 % i forhold til alle institusjonsplassar vi har i kommunen. Behovet for plassar vil typisk variere gjennom året, og mellom dei ulike institusjonane, men over tid kan ein vente at behovet vil auke. Tal institusjonsplassar kan verkar å vere på eit fornuftig nivå når ein ser kommunen under eitt, og ut i frå dagens (og gårsdagens) behov. Det kan likevel vere behov i den enkelte institusjon som både er høgare eller lågare. Ser vi på beleggsprosenten på institusjonsplassane så er den 95-101% gjennom året for langtidsplassane og 80-85% for korttidsplassane.


Sunnfjord kommune planlegg ein ny institusjon i Førde som skal stå klar innan 2030. Kommunen tek dermed høgde for det framtidige behovet sett i lys av den demografiske utviklinga. Organisering av tenestene - forholdet mellom institusjonsbasert og heimebasert teneste - vil også påverke behovet for institusjonsplassar i åra framover.

Den tradisjonelle oppfatninga er at heimebaserte tenester er rimelegare å produsere enn institusjonstenester. Det er vanskeleg å seie, ut i frå dette talet åleine, om Sunnfjord prioriterer institusjonstenester meir enn heimebasert pleie, eller motsett.

Ser ein på utgifter per institusjonsplass, så ligg Sunnfjord høgast av alle. Vi er nærare KOSTRA- og landsgjennomsnittet, men vesentleg høgare enn samanlikningskommunane. Det er mange faktorar som påverkar kostnadsnivået. Løn og organisering vil typisk vere to store kostnadsdrivarar. Ei hypotese vil då kunne vere at ein har ei organisering som ikkje er effektiv nok i Sunnfjord, samanlikna med andre (smådriftsulemper). Dette vil vi forsøke svare på i den vidare analyse.

*Skei omsorgssenter har 33 plassar, der 8 er definerte som korttids institusjonsplassar medan dei resterande er definert som omsorgsbustader med heildøgns omsorg. Dei tenestene som vert gitt i omsorgsbustad vert ført på KOSTRA-funksjon 254, og ikkje på funksjon 253 som gjeld institusjon. I realiteten er det lite som skil tenestene som vert gitt i omsorgsbustad på Skei, frå tradisjonelle institusjonstenester. Men i KOSTRA er det heimetenester, og påverkar nøkkeltala på dette området. Organiseringa forureinar difor tala i KOSTRA og påverkar både nøkkeltal for det som gjeld institusjon og for det som gjeld heimetenester. Typisk vil institusjon vise ein lågare del (sengeplassar, brukarar) medan heimetenestene kan vise før høge deler. Det påverkar også det samla kostnadsbiletet i begge tenestene. I tidlegare tenesteanalyse er det gjort forsøk på å korrigere for denne organiseringa i talgrunnlaget, utan hell. Vi har heller ikkje forsøkt å korrigere for dette i denne tenesteanalysen. Plassane på Skei er definert og ført i KOSTRA på ein slik måte at det utgjer ei feilkjelde i KOSTRA tala. Det må ein vere bevisst i den vidare analyse.

Utgiftsbehov og kriteriedata



	Sunnfjord	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo	Steinkjer	Voss herad	Sogndal	Kinn
Indeks innb. 0-1 år (0%)	108,6 %	96,3 %	96,4 %	83,8 %	102,6 %	123,1 %	88,7 %
Indeks innb. 2-5 år (1%)	107,4 %	101,6 %	99,6 %	93,6 %	103,8 %	114,8 %	92,7 %
Indeks innb. 6-15 år (2%)	115,5 %	106,0 %	102,0 %	99,3 %	100,0 %	98,5 %	108,9 %
Indeks innb. 16-22 år (1%)	114,0 %	102,5 %	102,0 %	99,4 %	103,2 %	109,6 %	110,2 %
Indeks innb. 23-66 år (10%)	95,0 %	97,3 %	98,3 %	93,9 %	92,8 %	96,7 %	96,1 %
Indeks innb. 67-79 år (11%)	94,2 %	105,0 %	104,3 %	122,1 %	113,6 %	99,7 %	104,4 %
Indeks innb. 80-89 år (20%)	96,9 %	102,3 %	104,8 %	135,5 %	138,8 %	100,6 %	103,7 %

Indeks innb. over 89 år (11%)	116,5 %	96,4 %	102,7 %	150,1 %	179,6 %	117,4 %	126,4 %
Indeks basiskriteriet (1%)	60,0 %	46,6 %	114,6 %	51,3 %	78,3 %	115,8 %	72,1 %
Indeks reiseavst. innen sone (1%)	157,4 %	90,9 %	107,5 %	135,2 %	165,2 %	193,1 %	181,3 %
Indeks reiseavst. til nabokrets (1%)	154,9 %	102,7 %	108,0 %	136,3 %	135,9 %	135,4 %	155,8 %
Indeks PU over 16 år (14%)	126,4 %	106,5 %	105,0 %	88,8 %	119,6 %	106,7 %	127,8 %
Indeks ikke-gifte 67 år og over (13%)	87,4 %	98,6 %	102,4 %	125,1 %	119,2 %	90,5 %	105,3 %
Indeks dødelighetskriteriet (13%)	88,3 %	98,8 %	100,2 %	100,3 %	92,6 %	95,1 %	99,5 %
Utgiftsbehov - Pleie og omsorg (sum)	101,9 %	100,4 %	103,0 %	116,2 %	122,4 %	102,7 %	109,6 %

Utgiftsbehov seier noko om det forventta behovet for pleie- og omsorgstenester i Sunnfjord, samanlikna med andre, gitt alderssamansettinga i befolkninga vår, einslege, reiseavstand med meir. Dei ulike indeksane er ulikt vekta, då ein forventar at dei gir ulikt utslag på det samla utgiftsbehovet.

Samla sett, for alle indikatorar, ligg utgiftsbehovet på 101,9 %. Det betyr at utgiftsbehovet for pleie og omsorgstenester er 1,9 % høgare i Sunnfjord enn i landet. Visst ein ikkje korrigerer for utgiftsbehov, vil ein då forvente at Sunnfjord nyttar 1,9 % meir ressursar til slike tenester enn resten av landet.


Ser ein på 80-89 åringar ligg vi like under landsgjennomsnittet (96,9 %). Medan indeksen over 89 år ligg 16,5 % over landet. Desse to gruppene er, statistisk sett, dei største brukarane av institusjons- og heimetenester, og tilseier eit høgare behov for slike tenester. Dette behovet vert delvis utlikna gjennom indeksen ikkje-gifte 67 år og over, som er vesentleg lågare i Sunnfjord enn i landet (87,4 %).

Einsemd er ein stor risikofaktor. I 2015 vart det gjort ei tenesteanalyse for pleie- og omsorg i Førde. Der kom dei mellom anna fram til: "Eldre som bur åleine har eit større forbruk av offentlege omsorgstenester enn eldre som delar hushald med andre. Berekningar tyder på at åleinebuande eldre over 80 år brukar jamt over dobbelt så mykje av slike omsorgstenester per person samanlikna med eldre i fleirpersonshushald". Analysen viste mellom anna at opphald i institusjonar var lengre hos denne gruppa. Sjølv om einslege over 67 år er lågare enn landet i KOSTRA, viser kartleggingar frå 2015 at vi hadde fleire einslege over 80 år enn snittet i landet. Det er ikkje usannsynleg at ei liknande kartlegging ville gitt same resultat, gitt dagens innbyggartal (80 år og over).



Indeksane som gjeld den yngre delen av befolkninga (0-66 år) utgjer kunn 14 % av det forventade utgiftsbehovet. Det er også logisk. Til dømes vil delen 6-åringar i kommunen har liten/ingen innverknad på behovet for institusjonsplassar. Men, utgiftsbehovet innan desse aldersgruppene ligg jamt over høgare enn landet. Særleg for aldersgruppene 0-22 år. Det same gjeld indeksen PU over 16 år. Desse er med å påverke behovet for omsorgstenester til yngre. Her snakkar vi konkret om aktivitetstenester, bu- og miljøtenester, bu- og avlasting og til dels også behovet for heimetenester.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	20 338	22 109	23 394	23 977
Kostragruppe 09	20 618	20 526	21 725	23 715
Landet uten Oslo	21 818	21 724	22 802	23 770
Steinkjer	19 664	19 863	20 367	20 883
Voss herad	20 486	19 376	20 776	21 935
Sogndal	29 313	28 716	30 154	31 416
Kinn	23 961	24 429	25 321	25 187

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Prioritet

Figuren og nøkkeltala over viser den samla prioriteringa for heile tenesteområde. Talet er "summen av alt" innan pleie- og omsorg, og gir ein indikasjon på kor effektivt Sunnfjord kommune produserer slike tenester. Her er vi på eit middels-høgt nivå. Vi er ikkje dei med lågast prioritet (beste), heller ikkje blant dei med høgast prioritet (verste). Det er fleire orsakar til kvifor Sunnfjord

kommune, samla sett, endar opp slik vi gjer, men det er særleg nokre samanhengar som er viktig å trekke fram:

1. Vi har låge utgifter til institusjon per innbyggjar (253). Sunnfjord ligg lågast av alle (7 223 kr/innb.) med unntak av Steinkjer (6 037 kr/innb.). Utgiftsnivået hadde vore høgare for Sunnfjord om ein hadde inkludert omsorgsbustadane ved Skei omsorgssenter.

1.1 Likevel kostar ein institusjonsplass meir i Sunnfjord enn i samanlikningskommunane.

2. Vi har høge utgifter til heimebuande per innbyggjar (254), samanlikna med dei andre. Dette omfattar tenester som heimesjukepleie, men også bu- og miljøtenester og deler av avlasting. Utgiftsnivået hadde vore lågare om ein hadde korrigert for omsorgsbustadane ved Skei omsorgssenter.

3. Det er lite som tyder på at vi har fleire eller sjukare brukarar i Sunnfjord enn i samanlikningskommunane og landet. (Dekningsgrad).

4. Produktiviteten verkar å vere noko låg. Det kostar (relativt) meir å produsere omsorgstenester i Sunnfjord enn i dei fleste samanlikningskommunane.

Desse punkta er forhold som enkeltvis, og i samspel med kvarandre, påverkar den samla prioriteringa. Vi skal vurdere desse samanhengane nærare etterkvart.

Det er særleg to faktorar som påverkar den totale kostnaden (prioritet) av ei teneste . I KOSTRA blir desse faktorane kalla for "Dekningsgrad" og "Produktivitet". Dekningsgrad forsøker å seier noko om behovet og andelen brukarar i vår kommune, samanlikna med andre kommunar. Produktivitet kan tolkast som enhetskostnader. Altså kor mykje ressursar vi brukar på å produsere pleie- og omsorgstenester. Prioritet kan dermed settast opp som følgjande likning:

$$\text{prioritet} = \text{dekningsgrad} \times \text{produktivitet}$$

Dekningsgrad

Når ein ser på nøkkeltal innan dekningsgrad, så er det lite som tyder på at Sunnfjord har fleire, eller sjukare brukarar enn andre.

Vi har ein andel av bebuarar på institusjon som i Sunnfjord er 10,7 %. Det er om lag på nivå med samanlikningskommunane (Steinkjer er lågast med 8,5 %, Kinn høgast med 12,1 %) og KOSTRA (9,3 %) og landet (10,4 %).

Andelen mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjar er litt høgare i Sunnfjord (47) enn samanlikningskommunane (Sogndal er lågast med 35, Steinkjer høgast med 64), KOSTRA (42) og

landet (42). Kan dette forklare kvifor vi har dyre heimetenester? Det kan vere ein forklaringsfaktor, men talet seier ingenting om behandlingsbehovet (hjelpebehovet) til brukarane.

Vi supplerer difor analysen med andelen brukarar som har omfattande behandlingsbehov. Der er andelen 27,8 % i Sunnfjord. Det er på nivå med, eller noko under dei andre. (Kinn er lågast med 25,8%, høgast er Sogndal med 37,5 %, medan KOSTRA er 29,5 % og landet 31,2 %).

Ei samla vurdering av dekningsgrad er at andelen brukarar, og behovet til brukarane verkar å vere noko lågare i Sunnfjord enn i samanlikningskommunane og KOSTRA-gruppa. Dette bør isolert sett tilseie lågare samla kostnader (prioritet).

Produktivitet

Lønn og organisering vil typisk vere to store kostnadsdrivarar bak produktivitet (og dermed også prioritet). Vi startar med den første.

Lønn og årsverk

Pleie- og omsorgstenester er det som blir kalla ei arbeidsintensiv næring. Det betyr at vi treng personar for å kunne produsere og levere tenesta, i motsetnad til kapitalintensive næringer som i større grad kan nytte maskiner, anlegg og utstyr til å produsere tenester. Lønskostnader utgjør difor over 80 % av alle utgifter innan pleie- og omsorgstenester i Sunnfjord (2022).

Kor mange personar vi nyttar for å produsere våre tenester er difor ein sentral indikator. Då snakkar vi om årsverk. Dersom vi nyttar fleire årsverk enn andre så vil ein også forvente at utgiftsnivået vil vere høgare enn hos andre. Og motsett dersom ein nyttar færre årsverk enn andre. Kor mange årsverk ein nyttar i tenesteproduksjonen kan difor vere ei god delforklaring på kvifor utgiftsnivået er som det er.

Ser ein på årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar, så ligg Sunnfjord med sine 316,4 årsverk, vesentleg lågare enn samanlikningskommunane (høgast er Kinn med 349,7 årsv.), og ein god del lågare enn KOSTRA- (322,5 årsv.) og snittet for landet (322 årsv.) Når tal årsverk er så lågt skulle ein dermed tru at kostnadane ville vere tilsvarande låge. Men om ein ser på sentrale nøkkeltal for produktivitet* så viser tale det motsatte. Vi nyttar få årsverk, likevel har vi høge kostnader. Kvifor er det slik?

Ei forklaring kan ligge i kompetanse. Sunnfjord har høgast andel sjukepleiarar, og høgast andel sjukepleiarar med spesialisering og vidareutdanning av alle i samanlikningsgrunnlaget. Dette tilseier at årsverkkostnaden kan vere høgare i Sunnfjord enn det som er normalt. Motsett vil høg fagkompetanse typisk vere eit argument for at ein klarer seg med færre årsverk enn andre. Eit anna element kan vere sentralsjukehuset. Sunnfjord kommune er i direkte konkurranse med sjukehuset om den same arbeidskrafta. Det er ikkje usannsynleg at det er med å trekke opp årsverkkostnaden, sjølv om tilsette i utgangspunktet får løn etter tariff.

Ei anna forklaring kan vere at vi har for få årsverk i tenestene og difor må løyse oppgåvene ved hjelp av dyre løysingar som overtid, vikarbruk og kjøp frå vikarbyrå. Denne forklaringa stemmer godt med det einingane sjølv melder i budsjett- og tertialrapporteringar. Vi skal sjå nærare på dette seinare i analysen, men tar med oss ei erfaring frå barnevernstenesta i Sunnfjord.


Sidan 2022 har barnevernet i Sunnfjord aktivt gått inn for å styrke årsverk i eininga. Argumentet var at dei med ei god grunnbemanning kunne behandle og gjennomføre fleire tiltak sjølv, framfor å kjøpe tiltak frå private eller som konsulentbistand. Så langt i 2023 ser ein gevinstar av satsinga i form av mindreforbruk. Ein har redusert kjøp frå andre og kjøp av konsulenttenester med om lag 2,4 mill. kroner i år. Dei tilsette melder at dette har vore avgjerande viktig i forhold til trivsel, styrkinga av fagmiljø og kompetanse i eininga, i tillegg ser ein at sjukefråværet har gått ned. Det er for tidleg å slå fast kor mykje av dette som skuldast strategi, eller om det i stor grad er tilfeldigheter. Erfaringa er likevel interessant og bør ha overføringsverdi til andre områder.

* Korrigerte brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester, og korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, per kommunal plass.

Organisering

Ei anna hovudforklaring kan vere knytt til organisering av tenestene. Det er ei tradisjonell oppfatning at heimebaserte tenester er rimelegare å produsere enn institusjonsbaserte tenester. I tillegg viser tidlegare gjennomførte brukar- og pårørandeundersøkingar at dei fleste ønskjer å bu heime lengst mogleg. Det er også ein nasjonal strategi. Det er difor mange kommunar som ønskjer å vri ein større del av pleie- og omsorg over på heimebaserte tenester.

Så kva med Sunnfjord. Er heimebaserte tenester eit kjenneteikn for organiseringa i kommunen?



Grafen over viser fordelinga mellom aktivisering og støttetjenester, heimetjenester (herunder også bu- og miljøtenester) og institusjon, som andel av totale utgifter innan pleie- og omsorg. Tala er basert på kostrarapportering i 2022.

For Sunnfjord er andelen institusjon relativt låg når ein ser på samanlikningskommunane. Men Skei omsorgssenter er ikkje med her, sjølv om det etter alle praktiske føremål er institusjon. Reelt sett er andelen institusjon høgare enn det som kjem fram i tabellen og grafen over.

Sunnfjord har ein høg andel til aktivitetseining og støttetjenester. Vi har høgast andel årsverk aktivitetarar, vi har mange brukarar med dagaktivitetstilbod, og er av dei kommunane som gir flest timar totalt sett. Både til yngre og eldre, på dagsenter og på institusjon, i tillegg til heimebuande personar med demens (som er lov-pålagt). Det har vore ein bevist strategi først i Førde kommune og seinare i Sunnfjord og er eit nivå vi ønskjer å vere på*.

Heimetjenester ser tilsynelatande ut til å dominere, både i Sunnfjord og i dei andre kommunane. Bu- og miljøtenestene er ein del av dette bildet. Bu- og miljøtenestene er i hovudsak tenester til den yngre delen av befolkninga (0-67 år), til personar med psykisk utviklingshemming, psykiatri eller andre diagnoser. Desse tenestene blir i stor grad gitt i bustader med heil eller delvis bemanning gjennom døgnet, men også som heimetjenester*.

"Tradisjonelle" heimetjenester, knytt til den eldre delen av befolkninga (67 år +) utgjør berre omlag halvparten av det lyseblå i søylene over. Altså ein stad mellom 20-30 % for Sunnfjord kommune sin del. Er vi då ein heimebasert kommune?

Etter kommunesamanslåinga hadde vi intensjonar om større gevinstar og likeverdige tenester innan fleire områder, m.a. pleie og omsorg. Likevel er organiseringa i Sunnfjord i stor grad ei vidareføring av organiseringa frå dei fire gamle kommunane. Kanskje bør vi ha ein heilskapleg gjennomgang på dette no?

Ut i frå grafen over, i tillegg til andre nøkkeltal kring andel brukarar, er det lite som tyder på ein klar strategi, eller profil, for Sunnfjord kommune i forhold til å satse på heimebaserte tenester kontra institusjonsbaserte. Det er ikkje nødvendigvis negativt, men kan vere eit aspekt å sjå nærare på. Kva deler av tenesteproduksjonen ønskjer kommunen å styre brukarane mot? Av samanlikningskommunane i analysen kan Steinkjer og Voss vere relevante kommunar å sjå til.

* Tenesteanalyse gjennomført i 2022/23, innan brukarar med Psykisk utviklingshemming (PU) viser at Sunnfjord har god ressurseffektivitet, med god kvalitet innan tenestene knytt til brukarar med PU. Ei av forklaringane på god kvalitet og låge kostnader er Aktivitetstilbodet i kommunen. Aktivitetstilbodet er ei bevisst satsing over fleire år. Det er til det beste for brukarane, det verkar førebyggjande, samtidig som det er kostnadseffektivt. Drifta i primæreiningane (altså kostbare tenester i bufellesskap og omsorgsbustadar) kan takast ned på dagtid dersom det er eit godt utbygd aktivitetstilbod. Høg andel brukarar, timar og kostnader innan aktivitets- og støttetilbod er difor ønskjeleg i Sunnfjord kommune.

** Same tenesteanalyse estimerer at ressursbruken innan brukarar med PU utgjer mellom 1/4 og 1/3 av den samla ressursbruken innan omsorg.

Tildeling av tenester

Kostra har veldig mange nøkkeltal som går på produktivitet. Kvaliteten på det som er innrapportert av kommunane er god for enkelte tal, men varierande for andre tal. Ein bør vere forsiktig med å lene seg for mykje på enkelt-indikatorar i vurderinga. Her gjerast det ei kort oppsummering av det samla bilete for fleire indikatorar. Felles for dei er at dei seier noko om kor mykje tenester vi tilbyr.

Relevante nøkkeltal* syner at Sunnfjord kommune ligg jamt høgt. I tillegg ser ein at utviklinga, totalt sett, har auka dei siste åra. Dette gjeld også i dei andre samanlikningskommunane. Sunnfjord er ein av kommunane som gir flest timar med bistand. Vi har nest flest brukarar med dagaktivitetstilbod. Vi ligg høgt på tal timar til praktisk bistand og vi ligg over snittet på tal mottakarar av heimetenester**. Vi gir nest flest timar med støttekontakt, rett bak Kinn. Vi har einingsleiarar som forklarar at ein del brukarar både har hjelp frå omsorgstenester i tillegg til støttekontakt.

Eit spørsmål som kan vere verdt å stille er; gir Sunnfjord kommune for mykje tenester til brukarane?

Tidspunktet for når ein gir tenester er også relevant. Ved å komme tidleg inn, kan ein jobbe førebyggjande og unngå at tenestebehovet aukar i omfang og kostnader, samtidig som det er til det beste for brukarane.

Eit anna spørsmål som òg er verdt å stille er; på kva tidspunkt får ein tildelt tenester i Sunnfjord kommune?


Dette spørsmålet er ikkje lett å svare på med utgangspunkt i kostradata.

*Nøkkeltal beskrive over, per aldersgruppene 0-49 år, 50-66 år, 67-79 år, 80-89 år:

- Alle tenester Forbruk i timer, Dagaktivitetstilbod Brukarar av pleie- og omsorgstenester.
- Heimetenester brukarar av omsorgstenester
- Praktisk hjelp - opplæring - daglege gjeremål
- Brukarar av omsorgstenester- per 1000 innbyggjar/-totalt/-som forbruk i timar
- Støttekontakt Forbruk i timar.
- Mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjer.

** Her er det vanskelegare å skilje mellom kva tenester som gjeld Bu- og miljø og Psykisk helse, og kva som gjeld Heimetenestene. Det er også usikkert korleis Psykisk helse og rus påverkar tala.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	6 582	6 484	6 984	7 223
Kostragruppe 09	7 705	7 773	7 999	8 055
Landet uten Oslo	8 176	8 113	8 475	8 535

Steinkjer	5 625	6 030	5 923	6 037
Voss herad	9 617	8 532	8 738	9 589
Sogndal	9 284	9 179	9 633	9 681
Kinn	7 296	7 608	7 890	7 886

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Figuren og nøkkeltala over viser den samla prioriteringar for alle institusjonstenester. Vi ser at Sunnfjord ligg lågast av alle samanlikningskommunane, med unntak av Steinkjer. Når ein ser tala i tabellen over kan det sjå ut som om nivået er relativt likt mellom kommunane. Sunnfjord kommune ligg "berre" om lag 800 kroner under kontragruppera. Som ved første augekast ikkje gir grunn til jubel. Men det er 800 kroner billigare, per innbyggjar. Det betyr at Kostragruppa i teorien driftar institusjonar 17 mill. kroner dyrare enn oss. Poenget er at sjølv små variasjonar mellom kommunane gir store utslag, og gir difor ei oppsummering over kven som driftar effektivt og ikkje.

Netto driftsutgifter per innbyggjar (253) i institusjon er eit sentralt nøkkeltal, men bør settast i samanheng med andre nøkkeltal for å kunne forklare kvifor nivået er som det er. Før vi tar fatt på vidare analyse minner vi om at Sunnfjord truleg ligg kunstig lågt her, ettersom at omsorgsbustadar på Skei omsorgssenter ikkje er ein del av denne statistikken.

På institusjonsområdet utpeikar Voss og Steinkjer seg som interessante kommunar å sjå til. Vi tar dei med i ein tabellen med andre sentrale nøkkeltal.

Nøkkeltal	Voss	Steinkjer	Sunnfjord
Korrigerte brutto driftutg. pr. institusjon (plass)	1 214 809	1 118 155	1 528 422
Tal institusjonsplassar	131	135	165*
Andel av alle brukarar med omfattande bistandsbehov	35,7%	26,2%	27,8%
Utgiftsbehov: Indeks innb. over 89 år	150,1%	179,6%	116,5%
Utgiftsbehov: Indeks ikke-gifte 67 år og over	119,2%	125,1%	87,4%
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger	349,5	340,7	316,4
Årsverk per bruker av omsorgstenester	0,43	0,51	0,53

*medrekna Skei omsorgssenter

Korrigerte brutto driftsutgifter per mottakar er eit interessant nøkkeltal fordi det seier noko om enhetskostnaden til ein sengeplass på institusjon. Samtidig kjem forskjellen i produktivitet betre fram i dette nøkkeltalet enn i netto driftsutgift per innbyggjar. Sjølv om Sunnfjord er blant dei kommunane som nyttar minst til institusjon per innbyggjar, er vi likevel den kommunen med høgast pris per institusjonsplass av alle i samanlikninga.

Andelen brukarar med omfattande bistandsbehov og andel av innbyggjarar over 89 år er med her fordi det er forventat at dette vil påverke behovet for institusjonsplassar. Andelen einslege over 67 år er også med, fordi det utgjør ein risikofaktor som sannsynlegvis gir eit auka behov for institusjonsplassar. Tenesteanalyse gjennomført i Pleie og omsorg i Førde frå 2015, kom fram til at etterspørselen etter omsorgstenester var dobbelt så høg blant einslege over 80 år samanlikna med 80 åringar med ektefelle/parforhold. Vidare kom den fram til at opphald i institusjon var lengre i gruppa med einslege.

Ut i frå desse tala kan det vere som om både Voss og Steinkjer har eit høgare behov for institusjonsplassar enn Sunnfjord. Likevel har dei langt færre institusjonsplassar. Ei forklaring på det kan vere at dei kommunane i større grad prioriterer heimebaserte tenester framfor institusjonsbaserte. Også andre nøkkeltal underbygger dette.

Det ser ut som at Steinkjer og Voss i større grad har lukkast å vri tenestetilbodet over mot heimebaserte tenester. Steinkjer til dømes, har satsa på bufellesskap (201 plassar mot 134 plassar i institusjon). Bufellesskapa består av omsorgsbustadar i tun, med nær tilknytning til kvarandre og til personalbase. Bufellesskapa blir å rekne som heimetenester, men også på heimetenester driftar Steinkjer vesentleg billegare per brukar enn Sunnfjord. Det kan sjå ut som om Steinkjer i større grad enn Sunnfjord oppnår stordriftsfordelar, både innan institusjons- og heimetenestene, slik dette er organisert.


Felles for både Steinkjer og Voss er at andelen årsverk ligg vesentleg over vårt nivå, likevel er utgiftene per teneste låg. Det er eit interessant funn, og styrkar den vurderinga som er gjort tidlegare i analysen*

Eit forsøk på konklusjon kan vere at Sunnfjord kommune har ein høg pris per institusjonsplass, som ser ut til å delvis skuldast:

- Institusjon (og heimetenester) kan organiserast meir effektivt for å oppnå fleire stordriftsfordelar.
- Ein bør i større grad vri tenesteproduksjon over på heimebaserte tenester
- Det er få årsverk i tenestene, som kan gi auka kostnader knytt til overtid, vikarbruk og vikarbyrå, auka sjukefråvær og dårlegare kvalitet i tenestene.

*Sjå vurdering under nøkkeltalet "Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie og omsorgstenesta".

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (254) helse- og omsorgstj. til hjemmeboende (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	12 034	12 618	13 325	13 871
Kostragruppe 09	12 084	12 228	13 122	13 237
Landet uten Oslo	11 332	11 338	12 217	12 471
Steinkjer	11 928	12 054	13 043	13 438
Voss herad	8 013	8 236	9 340	9 283
Sogndal	14 515	13 057	14 352	16 110
Kinn	12 406	11 674	13 650	13 617

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Figuren og nøkkeltala over viser den samla prioriteringa for alle heimetjenester. Vi ser at Sunnfjord ligg nest høgast av alle samanlikningskommunane, med unntak av Sogndal, som ligg langt over resten. Når ein ser tala i tabellen over kan det sjå ut som om nivået er relativt likt mellom kommunane. Sunnfjord kommune ligg "berre" om lag 500 kroner over kostragruppa. Som ved første augekast ikkje gir grunn til uro. Men det er 500 kroner dyrare, per innbyggjar. Det betyr at Kostragruppa i teorien driftar heimetjenester 11 mill. kroner rimelegare enn oss. Poenget er at sjølv

små variasjonar mellom kommunane gir store utslag. Nøkkeltalet gir difor ei god oppsummering over kven som driftar effektivt og ikkje.

Netto driftsutgifter per innbyggjer (254) til heimebuande er eit sentralt nøkkeltal, men bør settast i samanheng med andre nøkkeltal for å kunne forklare kvifor nivået er som det er. Også her er Voss og Steinkjer interessante kommunar å sjå til. Vi sett difor opp ein tabell med andre sentrale nøkkeltal der ein samanlikna mot desse to kommunane.

Nøkkeltal	Voss	Steinkjer	Sunnfjord
Korrigerte brutto driftutg. pr. mottakar av heimetenes.	256 742	248 948	343 910
Mottakarar av heimeteneser per 1000 innb.	64	47	47
Andel av alle brukarar med omfattande bistandsbehov	26,2%	35,7%	27,8%
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar	349,5	340,7	316,4
Årsverk per brukar av omsorgstenester	0,43	0,51	0,53

Korrigerte brutto driftsutgifter per mottakar er ein interessant nøkkeltal fordi det seier noko om einingskostnaden til heimeteneser. Samtidig kjem forskjellen i produktivitet betre fram i dette nøkkeltalet enn i nettoutgift per innbyggjar.

Steinkjer ser ut til å gi tenester til fleire brukarar, og til ein langt mindre kostnad enn oss. Forskjellen kan ikkje forklarast med at dei har eit lågare bistandsbehov, ettersom andelen med omfattande bistandsbehov er på nivå med Sunnfjord. Kanskje har Steinkjer stordriftsfordelar slik tenestene er organisert, som Sunnfjord ikkje har?


Voss har like mange brukarar som Sunnfjord, men til gjengjeld er bistandsbehovet større. Demografisk ligg Voss nokre år før oss i forhold til eldrebølga. Likevel klarer også dei å gi tenester til ein kostnad vesentleg lågare enn oss.

Felles for både Steinkjer og Voss er at andelen årsverk ligg vesentleg over vårt nivå, likevel er utgiftene per teneste låg. Det er eit interessant funn, og styrkar den vurderinga som er gjort tidlegare i analysen*.

Organisering av tenestene kan vere ei anna naturleg forklaring. Tenester som ligg spreidd i heile kommunen kan gi mindre fleksibilitet, lite stordriftsfordelar og dårlegare synergieffektar. Men sentraliserte tenester vil kunne medføre andre ulemper, i tillegg til nye kostnader dersom ein må bygge ut eller oppgradere tenestetilbodet. Her vil det vere interessant å sjå kva erfaringar Steinkjer og Voss har gjort seg og korleis dei organiserer sine tenester.

*Sjå vurdering under nøkkeltalet "Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie og omsorgstenesta".

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (256) tilbud om ø. hjelp døgnoophold i kommunene (B)





	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	0	429	369	213
Kostragruppe 09	143	128	145	118
Landet uten Oslo	163	158	163	151
Steinkjer	198	189	192	191
Voss herad	131	150	139	158
Sogndal	292	389	375	313
Kinn	86	0	113	47

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune har tilbud om øyeblikkeleg hjelp gjennom SYS IKL samarbeidet, tenesta blir omtalt som KAD (kommunal akutt døgnplassar). Som ein ser av grafane ligg kostnadene høgt både i 2020 og 2021. Grafen i 2022 er halvert, men etter grundigare gjennomgang, så må det vere feil i kostrapporteringa. Sunnfjord kommune har dei same kostnaden på KAD i 2022 som i 2021. Det betyr at Sunnfjord kommune har betydeleg høgare kostnad på øyeblikkeleg hjelp plasser enn både kontragrappa, landet og samanlikningskommunane. Dette er eit område vi bør sjå nærare for å finne ut kvifor vi ligg så høgt over dei andre kommunane.

Grunnskule



Konklusjon

Sunnfjord kommune har høg kvalitet, men opplever utfordringar med rekruttering. Vi har ein kostnadskrevjande struktur, men driv likevel billig i høve dei kommunane vi samanliknar oss med. Det er difor svært krevjande om grunnskulen må omstille og redusere kostnader innafor dagens struktur. Vi skil oss ut i høve ungdomstrinnet med mange ungdomsskular som er kostnadskrevjande å drive.

Innleiing

Tenesteanalysen for skulesektoren tar føre seg dei 14 grunnskulane vi har i kommunen, i tillegg til vaksenopplæring og SFO. Tenesteanalysen gir eit tydeleg bilde på korleis midlane er disponert i sektoren og kva som påverkar kostnadsbilete samanlikna med dei andre kommunane.

Analysen har følgjande hovudfunn:

- Vi leverer tenester med høg kvalitet. Dette ser vi på ei rekke kvalitetsindikatorar knyt til fagleg resultat, og undersøkingar av læringsmiljø og trivsel. Det er relativt lite mobbing i Sunnfjordskulen.
- Vi har ein desentralisert skulestruktur om ein samanliknar seg med dei andre kommunane. Dette gjeld spesielt for ungdomssteget der vi har 7 skular, mot 3 og 4 skular hjå samanlikningskommunane.
- Om ein ser kostnadsnivået opp i mot skulestrukturen i kommunen, har vi eit adekvat nivå på driftsutgiftene.
- Vi gir hovudsakleg spesialundervisning til elevar med omfattande hjelpebehov. Andre elevar med behov for ekstra støtte får dekkja sitt behov gjennom tilpassa opplæring som ligg under ordinær undervisning. Reduksjon vil auke behovet for spesialundervisning.
- Vi har i snitt få elevar per lærar på alle trinn. Like små grupper på 1.-4. som på 8.-10. Dette avviker frå andre kommunar som har mindre grupper på dei lågaste trinnet, og større grupper på ungdomssteget.
- Vi har høge driftsutgifter på SFO, samanlikna med dei andre kommunane. Dette skuldast desentralisert struktur og høg dekningsgrad.
- Vi har utfordringar med å sikre rett kompetanse etter forskrifta i undervisninga. Dette skuldast at lærarar har smalare kompetanse enn tidlegare, og ein krevjande rekrutteringssituasjon.
- Rekrutteringsutfordringa gjer seg spesielt gjeldande på dei små skulane, og søkartala på lærarutdanninga går dramatisk ned.
- Elevtalframskrivingar syner ein dramatisk nedgang i elevtal. Framskrivingane spår nedgang på 500 elevar i løpet av 10 år. Gjennomsnittleg elevtal per skule i Sunnfjord er 208.

Underlaget for desse punkta finn du vidare i analysen som er delt opp i *Kvalitet, Demografisk utvikling, Skulestruktur, SFO, Rekruttering og Bygg*.

Kvalitet

Sektoren har generelt gode resultat og høg kvalitet på tilbodet når det gjeld fagleg og sosial kvalitet.

Sunnfjord kommune nyttar meir på undervisning enn mange kommunar i KOSTRA-gruppe 09 og landet utanfor Oslo. I høve dei 4 kommunane vi samanliknar oss med, er det berre Steinkjer som nyttar mindre enn Sunnfjord kommune på undervisning.

Tala som ligg i KOSTRA gir ikkje eit tilstrekkeleg bilde av kvalitet, og vi har henta tal analysebrettet frå Utdanningsdirektoratet for å kompensere for dette. Den faglege kvaliteten ligg jamt over kommunane vi samanliknar oss med, men det er ikkje store ulikskapar. Det er særleg på

grunnskulepoeng og nasjonale prøvar vi har gode resultat på ungdomstrinnet. Samanlikna med t.d. Steinkjer kommune, som har få ungdomsskular, har Sunnfjord kommune gode resultat på ungdomssteget.

Grunnskule har eit teoretisk innsparingspotensial på 19,2 millionar kroner samanlikna med beste kommune i KOSTRA-gruppe 09. Den beste kommunen er Nittedal, som har eit mykje mindre areal enn Sunnfjord kommune og noko høgare folketal.

I analysen har vi valt å samanlikne Sunnfjord kommune med Voss herad, Kinn kommune, Steinkjer kommune og Sogndal kommune. Desse kommunane er forholdsvis like i areal og folketal. Av desse kommunane er det berre Steinkjer som nyttar mindre ressursar på skule enn Sunnfjord kommune.

Spesialundervisning

Sunnfjord kommune har ein god profil på spesialundervisning med færre timar samla sett, men mange timar i gjennomsnitt til elevar som får spesialundervisning. Med andre ord er det i større grad dei med omfattande behov som får spesialundervisning. Tala viser at vi har lukkast med å omstille drifta frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, ein inkluderande praksis. Dette gir auke i kostnader til ordinær undervisning, sidan tilpassa opplæring kjem inn under denne posten. Å omstille til tilpassa opplæring er eit uttalt mål på alle nivå i sektoren.

Ein generell reduksjon i timetalet til undervisning vil påverke timetalet som nyttast til tidleg innsats og tilpassa opplæring. Få timar til undervisning ut over minste timetalet vi vere ein drivar for å auke behovet for spesialundervisning. Samla sett vil det vere negativt for det samla tilbodet til elevar som har behov for tilrettelagt oppfølging.

Skulemiljø

Mobbing er ein viktig indikator på kor godt eit skulemiljø er. Vi har mindre mobbing både på 7. trinn og 10. trinn, enn dei fleste kommunane i analysen. Sjølv om tala varierer frå år til år, er dei stabilt betre enn lands-snittet og dei kommunane vi samanliknar oss med. Det er særleg på 10-trinn vi har låge tal. Det kan ha ein samanheng med at vi har mange små ungdomsskular som held fram med den same elevmassen som på barnetrinnet. Det kan òg handle om at det blir arbeidd godt med det sosiale arbeidet på skulane.

Støttesystem

For å jobbe godt med barn og unges psykiske og fysiske helse, er gode fagmiljø og støttesystem i skulane avgjerande. Skulen har behov for støttesystem innan helse, spesialundervisning og skulemiljø. Fleire små einingar utfordrar ressursbruken og gir ein fragmentering slike støtteressursar. Slik ressursane er fordelt, har fleire skular liten tilgang på helsesjukepleiar, spesial-pedagogar og miljøarbeidarar. Dette fører til at lærarane får fleire oppgåver som ikkje er direkte knyt til undervisning.

Vaksenopplæring

Analysen viser at vi nyttar mindre vaksenopplæring enn andre kommunane vi samanliknar oss med, men ligg på same nivå som KOSTRA-gruppa og landssnittet. Det er ikkje noko gode måltal for kvalitet i vaksenopplæringa, men vi gir tilbod til alle som etter lova har rett på vaksenopplæring.

Demografisk utvikling

Endringar i demografi vil gi store konsekvensar for elevtalet i Sunnfjordskulen. Om 10 år vil elevtalet bli redusert med ca. 500 elevar om vi legg middels elevtalsutvikling til grunn. Vi vil ha for stor kapasitet i skulen og mange skulebygg vil drive med halv kapasitet. Det vil vere ressurskrevjande og nedgangen i elevtal vil ikkje gi den store effekten i reduserte kostnader, sidan kostnadane følgjer klassetalet, og ikkje elevtalet. Analysen viser at Sunnfjord kommune i dag nytta meir til skule av samla netto driftsbudsjett enn andre kommunar. Det speglar den demografiske utfordringa vi har. Vi har historisk hatt forholdsvis høge barnetal, når den demografiske profilen no endrar seg må ressursane om-fordelast. Inntektsbehovet er høgare i Sunnfjord kommune enn dei andre kommunane vi samanliknar oss med. Med nedgang i elevtalet vil behovet endre seg og vi får reduserte inntekter frå staten.

Skulestruktur

Tenesteanalysen viser at vi driv skulen med høgare kostnader enn KOSTRA-gruppe 09 og landet utanfor Oslo. Samanlikna med Voss, Kinn, Sogndal og Steinkjer er det berre Steinkjer som driv skulen med lågare kostnad enn Sunnfjord kommune. Det er særleg høgt tal ungdomsskular som aukar kostnaden.

Analysen viser at vi nyttar forholdsvis lite ressursar til undervisning om vi legg strukturen vår til grunn. Det er krevjande for grunnskulane å redusere drifta med noverande struktur. Konsekvensen vil vere redusert tid til oppfølging av elevar, større utfordringar med rekruttering og ein krevjande skulekvardag for tilsette og leiarar.

Mindre tid til oppfølging av elevar og deling i fag kan og påverke den faglege og sosiale kvaliteten. Med noverande drift er det fleire skular som ligg tett opp mot kravet om lærartettleik. Ein reduksjon i ressursgrunnlaget med noverande struktur vil særleg påverke dei store skulane som ikkje vil kunne oppfylle kravet om lærartettleik.

Å gjere tiltak for å redusere driftsutgifter, utan å redusere kvaliteten, vil då omhandle strukturendring. Det kan ha negativ effekt for reiseveg, nærleik til skule og lokalsamfunn. Positive konsekvensar kan vere auka fagmiljø, enklare rekruttering av lærarar, betre utnytting av støttesystem, betre utnytting av ressursane og auka ressurstilgang til tidleg innsats. Gruppestørrelsar/lærartettleik

Det er særleg ein faktor der Sunnfjord kommune skil seg tydeleg ut. Vi har det same

gjennomsnittlege elevtalet per gruppe gjennom heile grunnskuleløpet. Dei fleste kommunane har ein profil som viser få elevar per gruppe på dei lågaste trinna, og ein auke i tal elevar per gruppe på ungdomstrinnet. Dette heng saman med satsing på tidleg innsats og begynnaropplæring. Ved å ha grupper på ungdomssteget, kan ein styrke innsatsen kring dei yngste elevane, som vil gi effekt gjennom heile skuleløpet gjennom mellom anna lågare behov for spesialundervisning.

Få elevar på ungdomstrinnet aukar kostnaden, sidan ungdomstrinnet er meir ressurskrevjande enn barnetrinnet. Det er fleire timar til undervisning, fleire fag og lærarane underviser i færre timar. Sunnfjord kommune har 7 ungdomsskular, Voss har 3, Sogndal 4, Kinn 3 og Steinkjer 3. At vi har så mange ungdomsskular gjer til at vi har fleire klassar som ikkje er fylt opp. Analysen viser ein nedgang i gruppestorleik over tid på grunn av nedgang i elevtalet. Sidan det ikkje gir effekt i reduserte klassetal får ein ikkje reduserte driftskostnader, men auke per elev/innbyggjarar. Små klassar kan gi ein effekt inn mot individuell og fagleg oppfølging, men det er ikkje eintydig at gruppe storleik påverkar kvaliteten. Skal ein ta ned driftskostnaden bør vi redusere det samla klassetalet på ungdomstrinnet.

Auka elevtal i gruppene på ungdomssteget kan påverke kvaliteten, men resultatene gir ikkje eit eintydig svar på om det har ein samanheng. Vi har noko betre resultat enn dei andre kommunane i analysen, men det er ikkje dei store faglege skilnadane. Det er særleg Steinkjer kommune som har høgare mobbetal enn Sunnfjord kommune på ungdomssteget. Truleg handlar kvalitet meir om korleis ein arbeider enn storleiken på skular og grupper. Kvalitet vil og handle om kompetanse i fag, utnytting av kompetanse og tilstrekkeleg med ressursar til å følgje opp elevane.

SFO

Vi har 10 skular som har eit SFO tilbod. Viksdalen og Vevring skular har sitt SFO-tilbod organisert saman med barnehage.

Sunnfjord kommune nyttar meir enn kommunane vi samanliknar oss med i analysen til SFO. Det heng saman med eit desentralisert tilbod og svært høg dekningsgrad. Tala viser kor viktig SFO er for brukarane i Sunnfjord kommune og har samanheng med reisetid og turnusarbeid. Det er høg kvalitet på SFO tilbodet, noko som truleg er med på å påverke dekningsgraden.

Skal ein redusere kostnadane i SFO er det to moglege tilnærmingar. Reduksjon av tal SFO-basar og ei samanslåing av SFO-tilbodet til å vere lokalisert på færre skular. Konsekvensen er at det blir lengre reiseveg til SFO og tilbodet blir redusert særleg utanfor tettstadane. Det vil påverke foreldre sin kvardag i høve arbeid og logistikk. Ei anna tilnærming er å redusere tal vaksne som arbeider i SFO. Det er nedfelt i vedtektene at det skal vere 1:16 i forholdet mellom barn og vaksne. Ein auke av tal barn per vaksne er mogleg, men vil påverke kvaliteten i SFO. Det vil bli mindre tid til å følgje opp kvart barn i SFO, og høgare belastning på dei tilsette.

Rekruttering

Det vil framover bli utfordringar med å rekruttere lærarar. Fleire lærarar vel å gå inn i anna arbeid og færre vel å utdanne seg til yrket. Vi må arbeide for å rekruttere nye, og behalde dei som er i grunnskulen.

Tal viser at vi har rekrutterings utfordringar i nokre fag. Nyutdanna lærarar har i dag mastergrad og færre fag i fagkrinsen. Det er krav til at lærarar i kjernefaga, norsk, matematikk og engelsk har 60 studiepoeng og i andre fag 30 studiepoeng på ungdomssteget. For å kunne utnytte fagkompetansen, er det behov for å ha tilgjengeleg timar i faget. Mange små ungdomsskular og fagmiljø utfordrar utnytting av fagkompetansen. Ein lærar i ungdomstrinnet skal undervise omlag 19 timar. Det inneber at det må vere tilgjengelege 3-4 klassar i faget for at læraren skal kunne få brukt sin kompetanse fullt ut. For å fylle stillingar på dei små skulane må lærarar undervise i fag utan å stette kompetansekrava.


Av dei kommunane vi samanliknar oss med er det berre Kinn som har lågare prosent faglærde i fag enn Sunnfjord kommune.

Bygg

Analysen viser at vi ikkje nyttar meir til skulelokale enn andre kommunar, og ligg tilnærma likt som KOSTRA-gruppa og landssnittet. Dette kan indikere at det ikkje er noko betydeleg innsparingspotensiale i driftsutgifter på bygg.

Skulebygga har generelt bra kvalitet, men det er skular som innan kort tid må utbetrast. I tillegg til dei skulane som er planlagt utbetra og endra har Skei skule og Viksdalen skule behov for oppgraderingar.

Utgiftsbehov og kriteriedata



Sunnfjord Kostragruppe Landet Steinkjer Voss Sogndal Kinn
09 uten herad
Oslo


Indeks innb. 6-15 år (92%)	115,5 %	106,0 %	102,0 %	99,3 %	100,0 %	98,5 %	108,9 %
Indeks basiskriteriet(1%)	60,0 %	46,6 %	114,6 %	51,3 %	78,3 %	115,8 %	72,1 %
Indeks reiseavst. innen sone (2%)	157,4 %	90,9 %	107,5 %	135,2 %	165,2 %	193,1 %	181,3 %
Indeks reiseavst. til nabokrets (2%)	154,9 %	102,7 %	108,0 %	136,3 %	135,9 %	135,4 %	155,8 %
Indeks innv. 6-15 år (3%)	99,9 %	96,5 %	99,9 %	89,3 %	89,5 %	124,4 %	134,2 %
Utgiftsbehov - Grunnskole (sum)	115,8 %	104,7 %	102,3 %	99,8 %	101,3 %	101,7 %	111,3 %



Behovet for grunnskule er berekna til 115 prosent av landsgjennomsnittet per innbyggjar. I forhold til landsgjennomsnittet har Sunnfjord fleire barn i målgruppa, utfordringar med små einingar og større avstandar.

Kommunegruppa og dei fire samanlikningskommunane har et lågare utgiftsbehov enn Sunnfjord kommune. Grunnlaget tek utgangspunkt i tal barn i målgruppa og utfordringa blir at denne faktoren blir redusert . Når elevtalet går ned i grunnskulen, vil utgiftsbehovet bli redusert. Konsekvensen er at Sunnfjord kommune får redusert overføringane frå staten til grunnskule. Samstundes vil kostnadane til drift vere omlag like høge, om ein opprettheld noverande struktur.


Prioritet - Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	25,9 %	24,5 %	25,5 %	25,1 %
Kostragruppe 09	24,2 %	23,7 %	24,6 %	23,5 %
Landet uten Oslo	23,0 %	22,4 %	23,1 %	22,5 %
Steinkjer	26,3 %	26,1 %	24,8 %	22,5 %
Voss herad	23,1 %	22,0 %	22,9 %	23,4 %
Sogndal	20,0 %	20,6 %	21,2 %	21,3 %
Kinn	26,9 %	24,8 %	25,3 %	24,3 %

Sunnfjord kommune nyttar 25,1 prosent av samla netto driftsutgifter til grunnskule. Det er høgst av dei kommunane vi samanliknar oss med i tenesteanalysen. Rangert etter kommunar med det same inntektsgrunnlaget er Sunnfjord kommune på 245 plass. Av dei kommunane vi samanliknar oss med er det Sogndal kommune som nyttar minst av netto driftsbudsjett til skule 21,3 prosent. Sjølv om elevtalet i Sunnfjord kommune blir redusert, nyttar vi meir til grunnskule i 2022 enn i 2020. Det kan ha samband med auka skysskostnader og auka driftsutgifter i samband med digitalisering av skulen. Hovudforklaringa til at Sunnfjord kommune nyttar meir til grunnskule enn dei vi samanliknar oss med, er den demografiske samansetjinga kombinert med struktur. Vi har førebels fleire barn i aldersgruppa 6-15 år enn gjennomsnittet, sidan den demografiske endringa førebels ikkje har fått effekt. Tala viser utfordringa med å gjere ei omstilling mellom tenestene når elevtalet blir redusert i åra framover.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (202) grunnskole (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	12 973	12 694	13 147	13 244
Kostragruppe 09	12 655	12 483	12 837	12 671
Landet uten Oslo	12 799	12 635	12 848	12 766
Steinkjer	13 278	13 340	13 779	13 563
Voss herad	13 967	13 768	14 404	14 968
Sogndal	14 006	13 228	13 564	14 203
Kinn	14 962	14 586	14 528	14 218

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune nyttar meir per innbyggjar på skule enn KOSTRA gruppe 09 og landet utanfor Oslo. Samanlikna med dei andre kommunane i tenesteanalysen, er det berre Steinkjer som nyttar mindre per innbyggjar enn Sunnfjord kommune. Sett i samanheng med den samla drift i grunnskulen, nyttar Sunnfjord kommune forholdsvis lite på undervisning. Kostnaden til undervisning aukar sjølv om elevtalet blir redusert. Med nedgang i klassetal er det ein reduksjon i tal klassar som gir ein økonomisk effekt. Sidan nedgangen i elevtal skjer fordelt på trinn og skular, får vi ikkje ein stor effekt i eit redusert klassetal. Ein klasse kostar ca. 1,5-2. mill. kroner å drive. Kostnadane er høgst på ungdomssteget sidan det er fleire undervisningstimar og lærarane har ein lågare undervisningsplikt.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (213) voksenopplæring (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	102	345	376	301
Kostragruppe 09	329	285	306	281
Landet uten Oslo	400	357	354	323
Steinkjer	-71	70	111	-6
Voss herad	637	529	474	413
Sogndal	495	557	657	472
Kinn	801	754	734	558

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Samanlikna med andre kommunar i analysen nyttar Sunnfjord kommune lite til vaksenopplæring. Kostragruppe 213 inneheld ikkje tal for elevar i introduksjonsordninga, men grunnskuleopplæring for vaksne. Auken i flyktningar gir ikkje utslag på tala, før flyktningane eventuelt skal gjennomføre grunnskule. Tala viser at vi nyttar lite på vaksenopplæring i høve mange kommunar og det er ikkje noko stort innsparingspotensial.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (215) skolefritidstilbud (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	263	315	308	434
Kostragruppe 09	212	280	263	311
Landet uten Oslo	254	313	325	365
Steinkjer	168	161	194	270
Voss herad	326	253	254	283
Sogndal	189	398	423	405
Kinn	357	377	385	432

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune har ein høg netto kostnad per innbyggjar til SFO. Vi brukar mest av alle kommunane vi samanliknar oss med i analysen. Vi har ein desentralisert modell og svært høg dekningsgrad, med mange små SFO avdelingar. Det gir ein høg kostnad per barn og den samla kostnaden blir samla sett høg. Den høge dekningsgraden kan ha samanheng med reiseavstand til arbeid, turnusarbeid og høg kvalitet på tilbodet. Ei samanslåing av SFO avdelingar til større einingar vil gjere SFO mindre tilgjengeleg for brukarane. Den historiske utviklinga viser at vi har ein auke i kostnad, som har samanheng med ein auke i dekningsgrad etter innføring av gratis 12. timars tilbod i 2022.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (222) skolelokaler (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	2 610	2 640	2 845	2 637
Kostragruppe 09	2 605	2 540	2 680	2 652
Landet uten Oslo	2 597	2 507	2 646	2 673
Steinkjer	5 157	4 798	2 800	2 510
Voss herad	2 860	2 450	2 618	2 894
Sogndal	2 289	2 118	2 243	2 113
Kinn	2 327	2 642	2 404	2 177

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune har forholdsvis gjennomsnittlege kostnader på bygg. Det er eit område som kan vere påverka av korleis skulebygg blir definert i kostra rapporteringa. Vi ser at kommunar har ulike tal og tal som endrar seg mykje frå ulike år. Det kan og ha samanheng med endringar i struktur og reduksjon i tal skulebygg. Samanlikninga med andre kommunar viser at vi ikkje har eit innsparingspotensial når det gjeld skulebygg. Fleire av bygga våre vil ha behov for utbetringar og renovering framover. I tillegg til dei planlagde tiltaka som Sande skule, og flytting av Førde barneskule og Førde ungdomsskule, har Skei skule og Viksdalen skule større behov for utbetring.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (223) skoleskyss (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	345	245	329	362
Kostragruppe 09	303	275	305	317
Landet uten Oslo	305	281	301	300
Steinkjer	477	423	467	464
Voss herad	402	334	327	359
Sogndal	254	187	273	194
Kinn	199	161	217	310

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Vi har høge kostnader til skuleskyss i Sunnfjord kommune og utgiftene har auka over tid. Utgiftene heng saman med auka kostnader til farleg skuleveg og mindre endringar i skulestrukturen i 2021 og 2022. Vi har fleire elevar som har behov for skuleskyss enn dei vi samanliknar oss med i analysen. Steinkjer er den kommunen som har høgst skysskostnad av dei kommunane vi samanliknar oss med, noko som truleg har samanheng med ei sentralisering av ungdomsskulane. Det er lengre avstand til ungdomsskulane i Steinkjer kommune enn i Sunnfjord kommune. Det gir auka kostnadar til skyss. Sogndal har låge tal og færre ungdomsskular enn Sunnfjord kommune. Likevel har Sogndal ein sentralisert struktur med Kaupanger, Sogndal sentrum og Leikanger som tunge sentra i kommunen, med korte avstandar mellom skule og busetjing.

Prioritet - Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		133 067	142 127	144 656
Kostragruppe 09		126 406	131 243	131 265
Landet uten Oslo	129 443	128 199	132 117	132 584
Steinkjer		150 906	143 465	139 340
Voss herad		141 578	145 866	153 584
Sogndal		134 516	141 718	144 268
Kinn		151 278	148 152	143 419

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

I samanlikninga er det berre Voss som nyttar meir enn Sunnfjord kommune til undervisning per innbyggjar i aldersgruppa 6-15 år. Vi nyttar meir av driftsbudsjettet til grunnskule enn dei fleste kommunane. Over tid aukar kostnaden per elev mykje i Sunnfjord kommune. Det har samband med at kostnadane er dei same om elevtalet blir redusert. Nedgangen i elevtal påverkar ikkje kostnadsbehovet i grunnskulen sidan klassetalet ikkje blir redusert. Ein klasse kostar det same, sjølv om elevtalet i klassen blir mindre.

Prioritet - Netto driftsutgifter til voksenoppl ring (213), per innbygger




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		397	432	343
Kostragruppe 09		301	323	297
Landet uten Oslo	407	364	360	329
Steinkjer		69	111	-6
Voss herad		524	467	413
Sogndal		551	644	466
Kinn		834	800	603

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Vaksenoppl ring har lite   gjere med ordin r grunnskole. Kommunen er p lagt   gi grunnskole for vaksne som ikkje har f tt tilstrekkeleg undervisning i barndommen. Den viktigaste oppg va i dei fleste kommunar er   undervise flyktningar og innvandrarar i norsk. Vi nyttar lite per innbyggjar i Sunnfjord kommune til form let. Det er ein reduksjon i 2022 sj lv om det er ein auke i tal flyktningar. Det har samanheng med at det er f rre flyktningar som har behov for grunnskuleoppl ring for vaksne enn tidlegare.


Produktivitet - Elever per kommunal grunnskole (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	191	189	196	208
Kostragruppe 09	244	243	245	246
Landet uten Oslo	228	230	231	234
Steinkjer	201	198	192	190
Voss herad	168	169	171	175
Sogndal	155	155	155	157
Kinn	176	172	183	184

Sunnfjord kommune har i perioden redusert tal skular frå 16 til 14. Det gir seg utslag i auka elevtal per skule, sidan dei to skulane hadde svært få elevar. Samanlikna med kostragruppe 09 og landet utanfor Oslo har vi framleis få elevar per grunnskule. Samanlikna med ei andre kommunane i analysen, har Sunnfjord kommune noko fleire elevar. Voss, Steinkjer, Kinn og Sogndal har færre elevar per skule enn Sunnfjord kommune. Desse kommunane har omlag same struktur som i Sunnfjord kommune, men med ein vesentleg forskjell. Sunnfjord kommune har langt fleire ungdomsskular. Steinkjer har 3 ungdomsskular, Voss 3, Sogndal 3 og Kinn 3. Sunnfjord kommune har 7 ungdomsskular. Dei andre kommunar har ein struktur med nærleik til barnetrinnet og meir sentraliserte ungdomsskular.

Produktivitet - Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	11,9	11,7	11,1	11,3
Kostragruppe 09	13,4	13,2	13,1	13,0
Landet uten Oslo	12,9	12,8	12,7	12,6
Steinkjer	12,9	12,6	12,6	12,4
Voss herad	11,3	11,3	11,4	12,2
Sogndal	11,6	11,7	12,0	11,3
Kinn	11,5	11,8	11,8	12,0


Sunnfjord kommune har saman med Sogndal låg gjennomsnittleg storleik på gruppene. Det er eit mål på kor mange elevar det er per klasse og kor mange lærarar det er per elev. Få elevar per gruppe aukar kostnadane. Vi har likevel ikkje ein spesielt høg lærar tettleik, men det er store variasjon mellom skulane i kommunen. Det er lærarårsverk som generer kostnadane i grunnskulen og få elevar per gruppe aukar kostnadane. Sunnfjord kommune har få elevar på alle trinn samanlikna med dei fleste kommunane. På ungdomstrinnet vil få elevar per lærarar koste vesentleg meir enn på barnetrinnet, sidan timetalet er høgare og lærarane har lågare undervisningsplikt. Sogndal har låge elevtal på barnetrinnet og høgare elevtal på ungdomstrinnet, ein profil dei fleste kommunar har.



Få elevar på barnetrinnet og eit høgare tal elevar per gruppe på ungdomstrinnet handlar og om tidleg innsats. Kommunar som har færre elevar per gruppe på barnetrinnet nyttar ressursane inn mot tidleg innsats.

Vi har gode faglege resultat i Sunnfjord kommune, men vi har betre resultat på ungdomstrinnet enn på 5. trinn i t.d. nasjonale prøvar. Resultata viser og at elevane utviklar seg mykje frå 8. trinn til 9.trinn Det kan ha samanheng med at vi nyttar meir ressursar på ungdomstrinnet og mindre på barnetrinnet enn andre kommunar.

Produktivitet - Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	121 188,4	113 314,0	121 452,8	121 708,6
Kostragruppe 09	109 800,9	106 281,0	110 363,1	109 607,7
Landet uten Oslo	114 555,9	111 103,2	113 871,6	113 235,2
Steinkjer	117 307,5	116 986,2	125 220,9	122 168,0
Voss herad	124 986,2	122 238,4	129 057,5	130 102,0
Sogndal	129 984,9	116 262,2	120 201,0	129 369,1
Kinn	135 780,4	130 634,2	128 993,2	124 295,7

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Netto driftsutgifter til 202 undervisning per elev viser kva det kostar å skaffe en kommunal elevplass.

Kostnaden bør stå i et visst forhold til storleiken på skulane. Elevkostnaden var omtrent 121.708 kroner i Sunnfjord i 2022. Det er vesentleg høgare enn kostragruppe 09, men lågare enn dei fire kommunane vi samanliknar med. Utgiftene til Sunnfjord kommune aukar meir enn i dei andre kommunane og heng saman med reduksjon i elevtal og same struktur og klassetal.


Produktivitet - Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. Bruker (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	31 719	31 381	33 676	33 844
Kostragruppe 09	34 448	34 849	35 509	32 838
Landet uten Oslo	35 912	36 121	37 071	34 431
Steinkjer	29 097	30 421	32 593	28 393
Voss herad	31 950	28 953	29 735	27 991
Sogndal	33 912	34 571	36 979	33 824
Kinn	38 881	38 712	38 914	35 800

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Produktivitet - Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleskyss (223), per elev som får skoleskyss (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	10 302,0	6 841,0	9 750,4	10 334,8
Kostragruppe 09	10 105,6	9 372,1	10 146,0	10 427,9
Landet uten Oslo	11 338,3	10 571,3	11 262,8	11 167,8
Steinkjer	9 950,1	9 362,8	9 835,4	9 061,3
Voss herad	10 421,0	8 008,7	8 174,9	8 656,8
Sogndal	8 351,2	5 451,6	7 885,1	5 839,4
Kinn	7 194,4	5 758,9	5 873,0	7 987,9

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Skyss kostnadane til Sunnfjord kommune aukar på grunn av skyss for elevar på dei to nedlagte skulane og fleire elevar får skyss på grunn av farleg skuleveg. Vi nyttar mindre enn kontragrappa og landet utanfor Oslo. Samanlikna med dei fire kommunane nyttar vi vesentleg meir til skyss. Høge utgifter til skyss har samanheng med fleire elevar som har skyss, eller høge utgifter per elev som får skyss.

Dekningsgrad - Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	64,7 %	65,7 %	66,9 %	70,9 %
Kostragruppe 09	53,4 %	50,5 %	52,9 %	57,9 %
Landet uten Oslo	56,0 %	53,1 %	55,7 %	60,4 %
Steinkjer	35,1 %	32,1 %	34,9 %	41,5 %
Voss herad	57,8 %	53,1 %	55,0 %	56,1 %
Sogndal	51,6 %	56,6 %	58,1 %	62,8 %
Kinn	49,2 %	48,3 %	54,5 %	60,3 %

Sunnfjord kommune har høge kostnader til SFO per innbyggjar, men og svært høg dekningsgrad. Det er mange barn som nyttar SFO i Sunnfjord kommune truleg på grunn av lett tilgang, reiseveg til arbeid og turnusarbeid.

SFO er ein viktig arena for kvalitet. Lett tilgang og eit desentralisert tilbod gjer at dekningsgraden på SFO er 8 prosent høgare enn Sogndal som er neste på lista etter Sunnfjord kommune. Lett tilgang på SFO aukar bruken og er viktig for foreldre sin situasjon i kvardagen. Samstundes gir høg dekningsgrad borna ein god og viktig arena for leik og utvikling.

Dekningsgrad - Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	16,8 %	16,2 %	18,3 %	17,1 %
Kostragruppe 09	17,6 %	17,8 %	18,0 %	18,4 %
Landet uten Oslo	17,5 %	17,8 %	18,0 %	18,2 %
Steinkjer	19,1 %	19,3 %	19,8 %	21,9 %
Voss herad	25,1 %	23,7 %	20,4 %	18,7 %
Sogndal	21,8 %	23,8 %	19,5 %	21,3 %
Kinn	14,6 %	15,6 %	16,4 %	23,2 %


Vi brukar mindre på spesialundervisning enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Det er ulike faktorar som påverkar bruken av spesialundervisning. Sunnfjord kommune har ein god sosioøkonomisk inngang og skal ligge noko under kommunar som har ein lågare inngangsverdi. Sektoren har arbeidd målretta for å redusere spesialundervisning, og har lagt vekt på å nytte ressursane inn mot tilpassa opplæring. Ressursane er flytta frå spesialundervisning til ordinær undervisning, og elevane blir difor ikkje registrert i kostra. Ein slik bruk av ressursane er ønskjeleg, og aukar kvaliteten på opplæringa. Ein positiv effekt er at dei elevane som har store behov, eller avvik frå kompetansemåla får fleire timar til spesialundervisning.



Inkluderande praksis er eit viktig mål i grunnskulen og reduksjonen i bruken av spesialundervisning viser at vi lukkast med å inkludere elevane i eit fagleg og sosialt fellesskap.

Ein reduksjon i midlar til undervisning vil påvirke tilpassa opplæring og vere drivande for ein auke i spesialundervisninga. Det er difor viktig å sjå samanhengen mellom spesialundervisning og ressursar til ordinær undervisning.


Kvalitet - Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		95,7	93,8	95,4
Kostragruppe 09				
Landet uten Oslo				
Steinkjer		99,6	99,9	99,5
Voss herad		95,9	98,0	96,4
Sogndal		99,6	99,3	98,1
Kinn		97,2	96,6	93,1

Sunnfjord kommune har utfordringar med å rekruttere og få kvalifiserte lærarar på alle skulane i kommunen. Denne utviklinga vil halde fram fordi det er låg rekruttering til lærarutdanninga. Vi har ei særleg utfordring med å skaffe kvalifiserte lærarar i smale fag, spesielt i praktisk estetiske fag og språkfag. Utviklinga vil bli merkbar på ungdomstrinnet og mange små ungdomsskular får utfordringar med å dekke behovet. Ny-utdanna lærarar har få fag, med master i eit fag og i tillegg undervisningskompetanse i nokre få fag. Små ungdomsskular har utfordringar med å gi nok timar til lærarar med slik kompetanse. Konsekvensen er at det blir eit ulikt tilbod i kommunen mellom dei større og mindre ungdomsskulane. Kvaliteten på tilbodet blir ulikt, sidan det blir ulike utfordringar med å oppfylle kompetanseforskrifta. Større skular kan gi faglærarar t.d. i språk, musikk, kunst og handverk nok timar til å undervise i sitt fag.

Kvalitet - Elevunders. 10. trinn - Mobbing på skolen (prosent)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord				5,5 %
Kostragruppe 09				
Landet uten Oslo				
Steinkjer			8,3 %	9,8 %
Voss herad				7,1 %
Sogndal			5,2 %	
Kinn			4,9 %	8,0 %

Elevundersøkinga viser at det er lite mobbing på 10. trinnet i Sunnfjord kommune. Tala varierer årleg og ein må sjå utviklinga over fleire år for å kunne konkludere om det er ein trend. Det er difor ikkje signifikant å samanlikna tala mellom kommunane i eit så kort tidsperspektiv på 3 år. Sunnfjord kommune har i 2022 færre elevar som seier dei blir mobba enn Steinkjer, Voss og Kinn. Samanstillar vi mobbetala med trivsel har Sunnfjord kommune elevar som opplever høg trivsel og lite mobbing i skulen.

I Sunnfjord kommune er det stor variasjonar i storleiken på skulane, men det er ikkje noko som tilseier at det påverkar elevane si oppleving av trivsel og mobbing. Det er måten skulane arbeider med problemstillingane som gir resultat. Store skular kan ha betre trivsel og mindre mobbing skular med færre elevar.


Kvalitet - Elevunders. 7. trinn - Mobbing på skolen (prosent)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord			6,7 %	6,2 %
Kostragruppe 09				
Landet uten Oslo				
Steinkjer			4,1 %	13,8 %
Voss herad			5,8 %	10,6 %
Sogndal			9,9 %	
Kinn			6,3 %	9,5 %

Det er lite mobbing på 7. trinnet i Sunnfjord kommune i høve dei kommunane vi samanliknar oss med i analysen. Tala varierer årleg og ein må sjå utviklinga over fleire år for å finne ein trend. Det er difor vanskeleg å samanlikna tala. Sunnfjord kommune har i 2022 færre elevar som seier dei blir mobba enn Steinkjer, Voss og Kinn. Trivselen er høg for elevane på 7.trinnet i Sunnfjordskulen. Resultata frå elevundersøkinga viser at elevane på 7.trinnet har høg trivsel og opplever lite mobbing. Det er ikkje mogleg å finne samsvar mellom resultat og storleik på skular når ein analyserer elevundersøkinga.


Kvalitet - Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		11,7	11,1	11,3
Kostragruppe 09		13,2	13,1	13,0
Landet uten Oslo	12,9	12,8	12,7	12,6
Steinkjer		12,6	12,6	12,4
Voss herad		11,3	11,4	12,2
Sogndal		11,7	12,0	11,3
Kinn		11,8	11,8	12,0

Sunnfjord kommune har saman med Sogndal låg gjennomsnittleg gruppe storleik. Det har samanheng med struktur, men og kor mykje ressursar som blir nytta til undervisning, mellom anna delingstal. I Sunnfjord kommune nyttar vi eit delingstal på 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet. Små klassar har difor ein høg kostnad og særleg på ungdomstrinnet. Gruppestorleik har ikkje ein samanheng med lærartettleik som er regulert til 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Sunnfjord kommune oppfyller kravet til lærartettleik, men det er store variasjonar mellom skulane. dei største skulane ligg tett opp mot minstekravet og ein nedgang i ressursnivået til desse skulane kan medføre at kravet ikkje blir oppfylt.

Kvalitet - Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		11,0	10,6	11,2
Kostragruppe 09		12,2	12,0	11,9
Landet uten Oslo	11,9	11,8	11,6	11,6
Steinkjer		11,5	11,5	11,4
Voss herad		10,8	11,0	11,3
Sogndal		11,0	12,0	10,8
Kinn		10,9	10,9	10,6

Sogndal og Kinn har færre elevar per gruppe på 1.-4. trinn enn Sunnfjord kommune. Ser ein samanheng med gjennomsnittleg gruppestørleik på alle trinn har Sunnfjord kommune stort sett same tal elevar uavhengig av trinn. Sunnfjord kommune har mange ungdomsskular og storleiken på gruppene blir difor vidareført gjennom heile grunnskulen. Konsekvensen er at vi nyttar mindre ressursar på 1.-4. trinn og tidleg innsats enn kommunane vi samanliknar oss med.

Det er ønskeleg å nytte meir ressursar til tidleg innsats for å avdekke og følgje opp elevar som har faglege og sosiale utfordringar. God tidleg innsats vil påverke grunnskuleløpet positivt for elevar som har utfordringar. Elevar som får støtte tidleg vil ha behov for mindre tilrettelegging og spesialundervisning seinare. Det kan og påverke overgangen til- og gjennomføring av vidaregåande skule.


Kvalitet - Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		11,6	11,0	11,4
Kostragruppe 09		13,2	13,1	13,1
Landet uten Oslo	12,9	12,9	12,7	12,6
Steinkjer		12,2	12,2	11,9
Voss herad		10,8	11,4	12,4
Sogndal		11,4	12,6	11,3
Kinn		10,5	11,1	11,7

I Sunnfjord kommune blir storleiken på gruppene vidareført frå 1.-4. trinn på 5.-7. trinnet. Dei fleste kommunane har den same profilen gjennom barnetrinnet. Nokre kommunar aukar elevtalet per gruppe på 5.-7. trinnet. Desse kommunane nyttar ressursane på dei lågaste trinna for å styrke arbeidet med tidleg innsats.

Kvalitet - Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		12,6	11,8	11,2
Kostragruppe 09		14,6	14,5	14,4
Landet uten Oslo	14,0	13,9	13,9	13,9
Steinkjer		14,4	14,4	14,1
Voss herad		12,3	11,8	13,1
Sogndal		12,9	11,4	11,8
Kinn		14,7	13,8	13,8

Sunnfjord kommune skil seg ut når det gjeld gruppestørrelse på ungdomstrinnet. Vi har den same gruppestørrelsen på 8.-10. trinn som på 1.-4. trinn. Samanlikninga viser tydeleg at vi nyttar mykje ressursar inn mot ungdomstrinnet. Små grupper på ungdomstrinnet er kostnadsdrivande på grunn av fleire timar, smala fag og lågare undervisningsplikt for lærarane. Utviklinga over tid viser at vi ikkje får økonomisk effekt av nedgangen i elevtalet på ungdomstrinnet. I 2020 var gjennomsnittleg gruppestørrelse i ungdomstrinnet på 12,6 og i 2022 på 11,2. Skal vi få effekt av nedgang i elevtalet må gruppe størrelsen aukast ved å redusere klassetalet på ungdomstrinnet.

Størrelsen på klassane på ungdomstrinnet har ikkje ein effekt på resultat. Dei største skulane i Sunnfjord kommune har svært gode resultat fagleg og sosialt. Auka elevtal i gruppene på ungdomstrinnet vil ikkje påverke resultatet, men å redusere ressursbruken på ungdomstrinnet til fordel for tidleg innsats kan gi effekt samla sett.






Kvalitet - Lærertetthet 8.-10. trinn (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	13,2	12,6	11,8	11,2
Kostragruppe 09	14,6	14,6	14,5	14,4
Landet uten Oslo	14,0	13,9	13,9	13,9
Steinkjer	14,3	14,4	14,4	14,1
Voss herad	11,6	12,3	11,8	13,1
Sogndal	12,0	12,9	11,4	11,8
Kinn	16,5	14,7	13,8	13,8

Kravet om lærartettleik er 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Det er den samla resursen som blir nytta til undervisning i kommunen som blir lagt til grunn for utrekninga. Sunnfjord kommune har 11,2 elevar per lærar og har lågast tal av dei kommunane vi samanliknar med i analysen. Det er store variasjonar i kommunen og dei store skulane ligg tett opp mot kravet og dei minste skulane har få elevar per lærar. Det låga talet kjem av at Sunnfjord kommune har like mange elevar i gruppene på ungdomssteget som på barnesteget. Det er like mange elevar per lærar dei første åra i skulen, som det er på ungdomstrinnet. Ofte er behovet for tett oppfølging dei første åra større enn det er på ungdomstrinnet. Det er og vert å merke seg at vi i Sunnfjord kommune får færre elevar per lærar over tid, på grunn av nedgangen i elevtal.

Barnehage



På barnehageområdet ser vi på kostnader knytt til 18 kommunale barnehagar og 8 private. Vidare ser vi på kostnader til styrking til førskulebarn og barnehagelokale.

Hovudfunn i analysen:

- Vi er dyraste av kommunane vi samanliknar oss med når vi ser på netto driftsutgifter til barnhage per innbyggjar. Vi har fleire små barnehagar og barnehagar som ikkje er kostnadseffektive.
- Vi har eit areal per barn i sunnfjordbarnehage på 8,4, det er 1,8 kvadratmeter meir enn snittet i kostragruppe 9. Vi har overkapasitet i fleire kommunale og private barnehagar og ei lågare barnetalsutvikling enn tidlegare framskrivingar syner
- Vi tek inn barn utan lovfesta rett til barnehage med bakgrunn i vedtak om kontinuerleg barnehage-opptak. Private barnehagar vel sjølv om dei vil ta inn barn utan rett, men alle må vere starta innan 15. desember for at barnehagen skal få tilskot. I tillegg gjer vi opptak i kommunal sektor, dei plassane må vi fullfinansiere frå desember til august.
- Vi har heilårsopne barnehagar, unntak er 2 avdelingar eller mindre.
- Vi tilbyr alle typar plassar.
- Vi har gode løningar til pedagogisk personale, løn for vidareutdanning og administrasjonsressursar som ligg over norm
- Vi er brukar mykje pengar til styrking til førskulebarn

Struktur, bygg og finansiering:

Kommunale og private barnehagar driv barnehage i 28 ulike bygg, då er det teke med at Solsida og Sande driv ein barnehage i 2 bygg. 9 av bygga er private og dei har si driftsform og dei plassane dei har, dei kan auke opp og ned som dei ynskjer ut frå reglar på barnehageområdet per dags dato.

Kommunale har 18 barnehagar som driv i 19 bygg, der 10 av bygga ligg i Førde sentrum i tillegg til 3 private. Så foreldre kan velje mellom 13 ulike barnehage lokalitetar i Førde sentrum, vidare driv barnehagane Skei, Langhaugane, Sunde, Viksdalen, Bygstad, Karstad, Naustdal og to felles skule og barnehage i Vevring og på Holsen.

I Sunnfjord kommune er det født 222 barn i 2023, 261 barn går over i skulen i 2024 så utviklinga med overkapasitet vil halde fram.

Vi har ulik driftsform i barnehagane, det har spart pengar under bygging, særleg i sentrumsområdet som gjev organisatoriske utfordringar i drifta for enkelte barnehagar, for lite uteområde og utgifter til leige av kontor o.l. Det er eit etterslep av vedlikehald ved fleire bygg og uteområde, som kan gje meir kostnad på lenger sikt fordi ein ikkje har pengar til å ta det fortløpande.

Vi har per no ei finansieringsordning som er ei stimuleringsordning som var laga for å få utbygd sektoren og ein desentralisert barnehagestrukturen gjer det ekstra kostbart, då ordninga ikkje tek omsyn til barnehagane si organisering eller plassering.

Rekruttering:

Det vil framover bli utfordrande å rekruttere barnehagelærarar til barnehagesektoren. [1 av 3 barnehagelærarar ser føre seg at dei vil slutte i barnehage innan 3 år.](#) Det starta 16 studentar ved Høgskulen på Vestlandet avdeling Sogndal hausten 2023, som er skulen som rekrutterer flest barnehagelærarar til Sunnfjord kommune. Det vil gje utfordringar å ha pedagogisk kompetanse i alle barnehagar om vi held fram med same barnehagestruktur. Det er ei auke i tal dispensasjonssøknadar vi får inn i løpet av barnehageåret når barnehagelærar har barselpermisjonar eller anna lenger fråvær.

Tilbod til foreldre i Sunnfjordbarnehagen:

Vi har eit desentralisert tilbod og alle barn får tilbod om plass i Sunnfjord kommune. Dei som kjem flyttande til og dei som ikkje har rettar ut frå det som er kravet i regelverket i dag. Der skil vi oss frå dei kommunane som vi samanliknar oss med, Kinn tek ikkje inn barn utan lovfesta rett eller barn som flyttar til før ved neste opptak.

Alle barnehagane som har meir enn to avdelingar har ope heile året, med unntak av jul- og nyttårsaftan og ein halv dag stengt før påske. Fleire av kommunane vi samanliknar oss med har stengt eller slår saman barnehagar i feriar.

Vi tilbyr alle typar plassar.

Satsingar:

Ved inngangen til kommunesamanslåing var vi med i ei nasjonalt nettverk for [Inkluderande barnehage og skulemiljø](#). pulje 2. Før vi gjekk direkte inn i eit forskingsbasert prosjekt i regi av Høgskulen på Vestlande [ACTNOW: Active Learning Norwegian Preschoolers](#), som er eit storskala forskings- og utviklingsprosjekt knytt til kompetanseutvikling for fremming av fysisk aktivitet i barnehagen.

Mange barnehagar har fått tilskot til opplæring gjennom REKOMP- regionale kompetansemidlar i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.

Framover må vi utvikle arbeidet for Inkluderande praksis og styrke det tverrfaglege arbeidet. Det blir svært viktig at vi får til eit arbeid i kompetanseregionen framover. I tråd med det som ligg i [Kompetanse for framtida sin barnehage og i kompetanse strategiar for høgare kvalitet](#) Dette er eit arbeid vi ikkje har jobba tilstrekkeleg med i sektoren så langt.


Konklusjon:

Vi kjende til at vi som kommune brukar mykje pengar på barnehageområdet. At vi er rause med å ta inn barn utan lovfesta rett, tilflyttarar og at vi har ein desentralisert barnehagestruktur. I tillegg kjende vi til at vi har høg bruk av midlar på det spesial-pedagogiske området og til styrking av

førskulebarn. De vi har lært gjennom analysen er at vi har eit godt tilbud på dei fleste område i det tilbudet vi gjev til foreldre i forhold til dei kommunane vi samanliknar oss med.

Vidare ser vi viktigheita av å utvikle arbeidet i kompetanseregionen. For å gjere oss nytte av alle finansieringsordningane som finst for å utvikle kvaliteten i barnehagane og det tverrfaglege arbeidet. I kvalitetsarbeidet blir det viktig å betre det allmennpedagogiske tilbudet (tilpassa opplæring) og redusere tal enkeltvedtak. Slik at vi får effekt av samarbeid med PPT i det doble mandatet dei har inn mot barnehagane, ved at dei skal støtte barnehagane i organisasjonsutvikling og systemarbeid i tillegg til i individualsaker.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (201) førskole (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	9 636	9 779	9 660	9 562
Kostragruppe 09	8 765	8 854	8 683	8 392
Landet uten Oslo	8 633	8 649	8 605	8 306
Steinkjer	8 671	8 887	8 879	9 023
Voss herad	8 635	8 714	9 152	8 843
Sogndal	9 077	8 453	8 222	8 361
Kinn	9 607	9 506	9 399	9 175

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Vi er dyrast av kommunane vi samanliknar oss med. Vi har fleire små barnehagar og barnehagar som ikkje er kostnadseffektive.

Vi tek inn barn utan lovfesta rett til barnehage, med bakgrunn i vedtak om kontinuerleg barnehage opptak. Vi tek ned drifta ut frå tal barn kvar haust, og så må vi auke opp drifta for å ta inn barn på våren. Dette gjev høgare bruk av midlertidige stillingar som vil få rett til fast stilling jf. 3. års-regel i arbeidsmiljøloven. Fleire av desse stillingane kan vere ufaglærte.

Vi har heilårsopent i alle kommunale barnehagar med nokre få unntak, 2 avdelingar eller færre. Steinkjer kommune og Voss herad har sommar stengt, Steinkjer kommune 3 veker og Voss herad 2 veker på sommaren. Sogndal har ope, men samarbeider mellom barnehagar om det er få barn.

Kinn har innarbeida i sine vedtekter at grupper som er mindre enn 7 heile plassar blir lagt ned eller overført til andre barnehagar.

Vi tilbyr det mest fleksible tilbodet når det kjem til kva plass typar vi tilbyr, vi har tilbod om to, tre, fire dagars plass, halv plass og heile plassar.

I kommunal sektor har vi gode leiar løner, godt pedagogisk leiar tillegg, løn for vidareutdanning og administrasjonar som ligg over norm i [SFS 2201 Barnehager, skolefritidsordninger, skoler og familiebarnehagar.](#)

[Vedtekter kommunale barnehagar Voss herad.](#)


[Vedtekter kommunale barnehagar Steinkjer.](#)

[Vedtekter kommunale barnehagar Sogndal:](#)

[Vedtekter kommunale barnehagar Kinn:](#)

[Vedtekter kommunale barnehagar Alta, lågast i kostragruppe 09:](#)

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (211) styrket tilbud til førskulebarn (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	883	980	1 098	1 161
Kostragruppe 09	770	805	879	910
Landet uten Oslo	800	787	859	864
Steinkjer	811	769	872	858
Voss herad	712	678	669	459
Sogndal	796	834	878	491
Kinn	1 136	1 262	1 194	1 172

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Vi brukar mykje pengar per innbyggjar til styrking av tilbodet til førskulebarn. Sunnfjord og Kinn kommune ligg høgast av kommunane vi samanliknar oss med, og vi ligg over kostragruppa.

Sogndal og Voss herad har nær halvert kostnadane til styrking til førskulebarn. I same periode som Sunnfjord har auka opp og Kinn kommune har lagt høgt heile vegen, Sunnfjord og Kinn er i same kompetanseregion. Slik det kan sjå ut frå heimesider og anna informasjon ein finn om Sognarådet som kompetanseregion, har dei jobba systematisk sidan 2014 med styrking av




kompetanse for tidleg innsats og spesial-pedagogikk. Dei har nettverk for leiarar og pedagogar i alle barnehagar i tillegg til at dei har opplæringspakkar til nye tilsette.

Tilsvarande har barnehagane i Voss herad starta ei felles satsing i 2014 på område som leiing, kompetente vaksne, positivt sosialt miljø, språkutvikling, samarbeid med foreldre og Barnehage-zero. Dei seinare åra har også samarbeidet med RVTS-Vest kome inn under "paraplyen", tittelen på satsinga er "Den gode barnehagen".

Steinkjer kommune av vore ein av fem pilot kommunar i tema: [Et mer inkluderende tilbud i barnehage og skole](#) Fem kommunar fekk etter søknad, tilskot frå Udir for å utforske korleis dei kunne vidareutvikle tidleg innsats og inkluderande praksisar i barnehagar, skuler og SFO, i perioden 2020–2022.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (221) førskolelokaler og skyss (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	823	899	915	863
Kostragruppe 09	471	483	489	467
Landet uten Oslo	641	634	654	659
Steinkjer	668	820	513	475
Voss herad	662	676	682	645
Sogndal	716	866	861	939
Kinn	590	737	726	684


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Våre tal ligg stabilt høgt, vi har ein struktur og ein del kostbare bygg med overkapasitet som gjev høg pris pr. barn til lokale og barnehagebygg.

Berre Sogndal har auka kostnadane i perioden. Dei har bygd ut og fått ein andel på 70% barn i kommunal sektor.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	11 344	11 658	11 673	11 586
Kostragruppe 09	10 006	10 142	10 050	9 769
Landet uten Oslo	10 073	10 069	10 117	9 828
Steinkjer	10 149	10 475	10 266	10 356
Voss herad	10 009	10 068	10 503	9 947
Sogndal	10 590	10 153	9 961	9 790
Kinn	11 333	11 505	11 319	11 032

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

Indikatoren viser netto driftsutgifter i barnehagesektoren per innbygger i alderen 1 til 5 år i kommunen. Utgiftene består av ordinære driftskostnader i barnehage, kostnader til barn med spesielle behov og kostnader til bygg og transport relatert til barnehage.

Her ligg vi høgast av dei vi samanliknar oss med, over landet og betydeleg over kostragruppa.

Dette viser at vi har høge kostnader på bygg, styrking til førskulebarn og i tilbodet til barn utan lovfesta rett i kommunen.

Produktivitet - Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigert oppholdstime i kommunale barnehager (kr) (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	74,2	67,8	71,4	73,0
Kostragruppe 09	68,9	66,4	70,7	68,3
Landet uten Oslo	69,6	67,1	71,1	68,6
Steinkjer	64,7	63,8	68,2	70,4
Voss herad	66,3	65,5	71,4	68,0
Sogndal	63,6	59,7	63,1	62,2
Kinn	76,1	72,0	75,0	68,9

**) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

Tabellen viser brutto driftsutgifter per korrigerte oppholdstime, Sunnfjord har ein kostnad på 73 kroner per time, vi har auka frå 67,8. Sogndal ligg lågast med ein pris på 62,2, fleire kommunar har hatt ein reduksjon i perioden.

I Sunnfjord kommune tilbyr ulike plassar i barnehage. Vi har tilbod om to-, tre- og fire dagers plass i tillegg til heil plass. Dei kommunane vi samanliknar oss med har td. Steinkjer berre tilbod om 4 dagar plass og heil plass. Nokre kommunar tilbyr berre heile plassar. Den fleksibiliteten vi har på tilbodet gjer at det kan vere ledig kapasitet inn i mellom i ulike grupper som ikkje gjev eit auke på dette området.

Dekningsgrad - Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3,9 %	7,3 %	6,3 %	7,2 %
Kostragruppe 09	5,6 %	5,6 %	5,8 %	5,5 %
Landet uten Oslo	4,4 %	4,5 %	5,0 %	5,0 %
Steinkjer	2,8 %	2,4 %	1,5 %	2,9 %
Voss herad	2,0 %	1,2 %	0,0 %	1,2 %
Sogndal	2,0 %	0,8 %	0,6 %	1,6 %
Kinn	2,8 %	1,4 %	3,1 %	0,0 %

I Sunnfjord kommune har vi auka tal 0 åringar vi tek inn. Vi tek inn 7,2 prosent i 2022, som er 4 til 7 prosent høgare enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Kinn kommune tek ikkje inn 0 åringar.

Det er vedtak om å ta inn 0 åringar. Kommunen full finansierar barnehageplass til barn som ikkje har rett til plass i perioden desember til august. Ein får ikkje statstøtte til barn fødte frå 1. desember til og med juli før august det året dei har rett til plass i barnehage.


Å ta inn barn utan lovfesta rett er ei svært stor kostnad for sektoren. Vi styrer ikkje opptak i private barnehagar, dei skal ha 264 000- pr barn dei tek inn pr. 15 desember kvart år. Prisen pr. barn til private er høg fordi kommunen har høge kostnader i egne barnehagar.

Eit barn under tre år tel 2 plassar, barn over tre år tel 1. 41 barn har søkt utan lovfesta rett private har teke inn 14. Vi skal ta inn 27, noko har vi plass til i eksisterande bemanning, men vi ligg anna til å må auke opp med 5 årsverk.

Familiar med barn i alder 1 til 5 år får tilbod om barnehageplass når dei flyttar til kommune.

Vi tek ned driftsnivået kvar haust, og aukar opp tal stillingar kvar vår for å gjere eit kontinuerleg opptak. I løpet av vinteren er det i hovudsak assistentar og tilsette utan barnehagefagleg kompetanse vi klarar å rekruttere. Dette gjer at vi har brukt ein del mellombels tilsette, som får jobb mellombels stillingar år etter år og endar opp med rett til fast stilling etter 3 års regel. Dette gjer at tal tilsette i barnehagane utan barnehagehagefagleg utdanning aukar, og det blir utfordrande å få auka opp tal fagarbeidarar og pedagogar.

Dekningsgrad - Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	95,4 %	96,4 %	96,5 %	96,8 %
Kostragruppe 09	93,7 %	94,3 %	95,0 %	94,5 %
Landet uten Oslo	92,4 %	92,9 %	93,6 %	93,6 %
Steinkjer	93,9 %	95,0 %	95,2 %	95,5 %
Voss herad	92,0 %	92,1 %	92,3 %	94,5 %
Sogndal	95,2 %	95,5 %	97,4 %	96,7 %
Kinn	95,6 %	95,2 %	97,2 %	97,4 %

Tal barn med barnehageplass i aldersgruppa 1 til 5 år går opp og vi ligg over landsgjennomsnittet. Ser vi til kommunane vi samanliknar oss med er har vi nest høgaste andel, berre Kinn har 0,6 prosent høgare andel.

Vi tek inn barn til familiar som flyttar til kommunen som er i aldersgruppa 1 til 5 år.


Dekningsgrad - Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	67,5 %	68,0 %	67,3 %	67,0 %
Kostragruppe 09	37,9 %	37,8 %	37,7 %	37,7 %
Landet uten Oslo	49,9 %	49,6 %	49,6 %	50,4 %
Steinkjer	37,8 %	37,9 %	42,7 %	45,2 %
Voss herad	58,1 %	57,9 %	58,8 %	59,7 %
Sogndal	68,6 %	68,3 %	69,4 %	70,6 %
Kinn	65,3 %	67,3 %	68,0 %	69,4 %

Fordeling av barn i kommunale og private barnehagar ligg forholdsvis stabilt i Sunnfjord. I Steinkjer har dei auka i tal barn i kommunale barnehagar og kostnader på barnehageplass har gått betydeleg ned. Steinkjer kommune har bygd fleire nye barnehagar.

Kvalitet - Kommune Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		8,5	8,5	8,4
Kostragruppe 09		6,5	6,6	6,6
Landet uten Oslo	6,2	6,3	6,4	6,3
Steinkjer		6,8	7,0	7,4
Voss herad		5,5	5,4	5,8
Sogndal		6,9	7,0	7,0
Kinn		6,0	6,2	6,0

Tabellen viser kvadratmeter ein har til leike og opphaldsareal per barn i kommunal sektor. Vi har gått frå eit areal på 8,5 kvm pr. barn til 8,4. Voss herad ligg på 5,8 og kostragruppa ligg på 6,6.

Dette viser at vi har stor kapasitet i høve areal vi har tilgjengeleg. Berre i sentrum av Førde har vi 10 kommunale barnehagebygg, som alle er i drift og fleire har ledige plassar. Det er i tillegg ledige plassar i Bygstad, Naustdal, Vassenden og Skei.

Kvalitet - Leke og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)






	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		8,0	7,9	7,7
Kostragruppe 09		6,0	6,1	6,1
Landet uten Oslo	5,8	5,9	5,9	5,9
Steinkjer		6,8	6,8	7,1
Voss herad		5,4	5,4	5,6
Sogndal		6,4	6,5	6,5
Kinn		5,8	5,8	5,8

Tabellen viser kvadratmeter ein har til leike og oppholdsareal per barn i privat og kommunal sektor. Vi har gått frå eit areal på 8 kvm pr. barn til 7,7. Steinkjer ligg på 7,1 elles ligg dei andre kommunane vi samanliknar oss med 1,2 til 2,1 kvm under pr barn, landet ligg på 5,9 og kostragruppa ligg på 6,1.

Dette viser at vi har stor kapasitet i høve areal vi har tilgjengeleg. Berre i sentrum av Førde har vi 13 barnehagebygg, 10 kommunale og 3 private. Det er ledig kapasitet i fleire barnehagar i sentrum og i tillegg ledige plassar i Bygstad, Naustdal, Vassenden og Skei.

Administrasjon, styring og fellesutgifter



Oppsummering:

- Sunnfjord kommune har redusert sine utgifter til administrasjon, styring og fellesutgifter frå 2020 til 2022. **Samanliknar med KOSTRA gruppe 9 har ein eit teoretisk sparepotensiale på om lag 3,5 mill. kroner**, men samanliknar ein seg med dei andre kommunane driv kommunen betydeleg rimelegare.
- Funksjon 120 administrasjon utgjer 65% av netto driftsutgifter til administrasjon og styring og fellesutgifter og er og det området der netto driftsutgifter er redusert mest med om lag 4 mill. kroner i perioden 2020-2023. **Samanlikna med KOSTRA-gruppe 9 har kommunen eit teoretisk sparepotensiale på om lag 9 mill. kroner, men drifta er betydeleg rimelegare enn i dei andre kommunane.**
- Ei hypotese er at Sunnfjord kommune totalt sett har lite stab/støtte og rådgjevarstillingar samanlikna med andre, då vi har ei reindyrka ein sentral organisering.** For å svare ut om Sunnfjord kommune sin ressursbruk innan administrasjon og stab/støtte funksjonar er låg eller høgare enn andre kommunar, krev det inngåande analyse av korleis dei andre kommunane er organisert og kvaliteten på føring etter KOSTRA.

Formålet med tenesteanalysen for administrasjon og styring i Sunnfjord kommune er å kartlegge og samanlikne ressursbruken i Sunnfjord kommune med andre relevante kommunar, og å identifisere mogelege forbetringstiltak for å auke effektiviteten og kvaliteten i administrasjonen. Analysa omhandlar dei tenesteområda som etter KOSTRA omfattar administrasjon, styring og fellesutgifter og dette er:

- Funksjon 100 Politisk styring
- Funksjon 110 Kontroll og revisjon
- Funksjon 120 Administrasjon
- Funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen
- Funksjon 130 Administrasjonslokaler
- Funksjon 180 Diverse fellesutgifter
- Funksjon 190 Interne serviceenheter
- Funksjon 285 Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde
- Funksjon 290 Interkommunale samarbeid


Analysa har følgjande hovudfunn:

- Sunnfjord kommune har redusert sine utgifter til administrasjon, styring og fellesutgifter frå 121 mill. kroner i 2020 til 107 mill. kroner 2022, omlag 13 mill. kroner. Reduksjonen kjem som eit resultat av reduksjon i tal tilsette, betre kvalitet på føring etter KOSTRA regelverket og innsparing i einingane. Samanliknar med KOSTRA gruppe 9 har ein eit teoretisk sparepotensiale på om lag 3,5 mill. kroner, men samanliknar ein seg med dei andre kommunane driv kommunen betydeleg rimelegare.
- Sunnfjord kommune ligg betydeleg høgare enn KOSTRA gruppe 9 i netto driftsutgifter pr. innbyggjar når det gjeld funksjon 100 politisk styring. I januar 2020 skulle alle vedtak om samanslåingar av kommunar vore på plass. Dette var ikkje tilfelle for alle kommunar, nokre var tidleg ute medan andre prosessar trakk ut i tid. Dette gjer til at utgifter på funksjon 100 politisk styring er vanskeleg å samanlikne kommunane imellom.. Dersom Sunnfjord hadde loge på same utgiftsnivå til politisk styring som KOSTRA gruppe 9 ville Sunnfjord kunne spare om lag 2 mill.
- Funksjon 120 administrasjon utgjer 65% av netto driftsutgifter til administrasjon og styring og fellesutgifter og er og det området der netto driftsutgifter er redusert mest med om lag 4 mill. kroner i perioden 2020-2023. Samanlikna med KOSTRA-gruppe 9 har kommunen eit teoretisk sparepotensiale på om lag 9 mill. kroner, men drifta er betydeleg rimelegare enn i dei andre kommunane.
- Sunnfjord kommune er organisert i 2 nivå, kommuneleiing med stab/støttefunksjonar og einingane med delegert personal og økonomi-ansvar. Sunnfjord kommune har organisert administrasjonsressursar sentralt i stab/støtte-einingar. Kommuneleiing og alle rådgjevarane er organisert sentralt. Dette er eit strategisk val for å kunne samle fagkompetansen og arbeide på tvers av sektorane. og einingane. Konsekvensen er at ein risikerer høgare administrasjonsutgifter enn kommunar som har administrativ støtte ute i sektorane, då slike ressursar kan verte ført i rekneskapen på aktuelle tenester som ikkje er administrasjon. Ei hypotese er at Sunnfjord kommune totalt sett har lite stab/støtte og rådgjevarstillingar samanlikna med andre, då vi har ei reindyrka ein sentral organisering. For å svare ut om Sunnfjord kommune sin ressursbruk innan administrasjon og stab/støtte funksjonar er låg eller høgare enn andre kommunar, krev det inngåande analyse av korleis dei andre kommunane er organisert og kvaliteten på føring etter KOSTRA. Det er ikkje tilstrekkeleg å nytte SSB sin KOSTRA statistikk. KOSTRA deler inn utgiftene til administrasjon og styring i

ulike funksjonar, som skal spegle dei ulike oppgåvene og rollene som administrasjonen har i kommunen.

- Når ein slo saman kommunane Jølster, Naustdal, Gaular og Førde var ein klar over at det ville ta noko tid før ein fekk sett den administrative organiseringa og henta ut potensiale av samanslåinga. Tal tilsette innan administrasjon er redusert med 12,25 årsverk. Stabane arbeider kontinuerleg med å effektivisere arbeidsoperasjonane gjennom digitalisering, gjennomgå arbeidsrutinar og vurdere behov for tilsetting ved naturleg avgang. Samtidig er tilbakemeldinga frå einingane i stabane at ein har nådd ei grense der ein ikkje klarer ytterlegare reduksjon i tal tilsette eller få tilført fleire oppgåver. Stabseiningane bruker mykje av si tid til å støtte kommuneleiinga og einingane i organisasjonen. Samtidig ser vi at dei enkelte støttesystem som ein nyttar, ikkje fungerer tilfredsstillande, og som gjer til at ein bruker unødig tid . Stabseiningane ser og at det er krevjande å flytte meir av dei merkantile oppgåvene ut på einingane, då dette vil belaste den ordinære tenesteproduksjonen.

Prioritet - Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	210	249	333	304
Kostragruppe 09	391	442	445	480
Landet uten Oslo	341	350	411	414
Steinkjer	684	597	540	838
Voss herad	401	895	958	950
Sogndal	73	213	1	154
Kinn	333	56	76	181


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Indikatoren viser at Sunnfjord kommune bruker vesentleg mindre til forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga samanlikna med KOSTRA-gruppe 9 for åra 2020-2022.

Dersom Sunnfjord hadde brukt det same som KOSTRA-gruppe 9 så hadde kommunen brukt 4 mill. kr (304-480)*22 215 meir. Det er stort sprik mellom kommunane ein samanliknar seg med. Ringerike bruker noko mindre medan Steinkjer og Voss Herad bruker betydeleg meir. Sjølv om kommunen ligg noko over KOSTRA gruppe 9 i netto driftsutgifter til administrasjon, ser vi at forvaltningsutgiftene til administrative bygg er lågare. Årsaka kan vere nytt rådhusbygg med sentralisering av dei administrative funksjonane, samt noko utleige.

Prioritet - Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	22	35	45	108
Kostragruppe 09	211	158	157	155
Landet uten Oslo	147	167	236	194
Steinkjer	1 285	1 380	1 000	967
Voss herad	53	39	418	215
Sogndal	129	377	112	38
Kinn	107	3	4	2

Sunnfjord kommune har vesentleg mindre i brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter i kr. pr. innbyggjar enn KOSTRA gruppe 9. I Sunnfjord var det ein auke frå kr 45 i 2021 til 111 i 2022, men mykje av årsaka til dette er ei feilføring i rekneskapen. Faktura på tryggleiksalarmar var ført på teneste 180 og skulle vore ført på 232, med omlag 2 mill.kr. Resultatet for 2022 skulle difor loge stabilt på linje med 2021. Ringerike bruker 151 pr innbyggjar som er 106 kroner meir pr innbyggjar.

Dersom Sunnfjord kommune skulle brukt like mykje i Brutto driftsutgifter til 180 diverse fellesutgifter i kr. pr. innbyggjar som KOSTRA gruppe 9, ville kommunen brukt 2.4 mill. kr meir. $(45-155)*22215=2.4$.

Prioritet - Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4 150	3 917	3 405	3 294
Kostragruppe 09	3 104	2 889	2 887	2 717
Landet uten Oslo	3 489	3 290	3 344	3 190
Steinkjer	2 809	2 882	2 844	2 634
Voss herad	3 990	3 588	3 532	3 313
Sogndal	4 054	4 530	4 535	4 119
Kinn	4 759	4 155	4 715	4 192

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Indikatoren viser lønsutgifter for administrasjon og styring i kroner pr. innbygger.

Sunnfjord kommune bruker meir i lønsutgifter til administrasjon og styring enn KOSTRA gruppe 9. Medan Sunnfjord bruker vesentleg mindre enn Sogndal og Kinn. Ser vi åra 2020, 2021 og 2022 har Sunnfjord kommune ein betydeleg nedgang frå 3917 i 2020 til 3294 i 2022. KOSTRA gruppe 9 ligg relativt stabilt i perioden. Samanlikna med Ringerike kommune vil Sunnfjord ha eit sparepotensiale på 8.6 mill. kroner i 2022. Nedgangen for Sunnfjord kan forklarast med at kommunen vart slått

saman i 2020 og det har tatt noko tid å hente ut stordriftsfordelar i administrasjonen, Etterkvart har ein redusert tal tilsette ved naturleg avgang. Ein har revidert måten ein har ført utgifter og inntekter på opp mot KOSTRA-regelverket.

Dersom Sunnfjord kommune hadde låge på same nivå som KOSTRA gruppe 9, ville kommunen brukt 12,8 mill. kr mindre i lønsutgifter til administrasjon og styring. Samanlikna med Ringerike har Sunnfjord eit potensiale til å spare inn 8,6 mill. kroner i lønsutgifter til administrasjon og styring.

Tabell over alle tenester under administrasjon og styring, løn og sos. utgifter.

Tabellen under er uttrekk frå rekneskapen til Sunnfjord kommune og inneheld utgifter til løn og sosiale utgifter med frådrag for refusjon av sjukeløn og svangerskapspermisjonar. Tabellen syner ein reduksjon utgiftene på omlag 5 mill. kroner frå 2020 til 2022. Det er einingane personal, Service, SYS-IKT, Rekneskap og løn og Fagutvikling som har hatt mindre utgifter til løn. Årsaka er naturleg avgang og at ein har effektivisert drifta gjennom digitalisering som har gjort det mogleg å ikkje tilsette i alle stillingar.


Ansvar		Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020
100	Kommunedirektør	20 430 720	20 490 087	20 323 446
110	Personal	14 963 624	14 266 120	14 328 561
115	Service	15 578 285	14 742 474	18 816 982
120	SYS IKT	16 396 313	16 250 096	15 208 126
130	Rekneskap og lønn	11 677 507	11 279 626	13 680 512
140	Fagutvikling	6 346 731	6 589 649	8 950 201
150	Næring og samfunnsutvikling	0	-975	-132 904
160	Kommuneadvokaten	1 789 587	1 360 032	1 248 563
460	Aktivitetseininga	793 694	857 407	890 220
620	Idrett og friluftsliv	743 732	720 658	105 031
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	3 388 894	3 483 883	3 077 079
720	Reinhald vaskeri	1 582 683	1 241 759	1 917 737
980	Fordelingsansvar/KOSTRA	-611 186	0	0
	ALLE	93 080 585	91 280 816	98 413 514
	Endring	1 799 769	-7 132 698	

Tabellen under syner at det er KOSTRA-teneste 120 som har hovudtyngda av utgiftene av dei tenestene som ligg under indikatoren administrasjon og styring og det er under den tenestene vi ser at innsparingane i hovudsak kjem i perioden.

Kostra		2022	2021	2020	Endring
100	POLITISK STYRING	7 904 471	8 554 765	9 057 573	-1 153 102
110	KONTROLL OG REVISJON	349 487	248 820	155 453	194 034
120	ADMINISTRASJON	63 211 166	60 561 815	67 210 657	-3 999 491
	FORVALTNINGSUTGIFTER I				
121	EIENDOMSFORVALTNINGEN	6 483 588	6 997 854	5 592 176	891 412
130	ADMINISTRASJONSLOKALER	1 843 899	1 609 974	2 380 313	-536 414
180	DIVERSE FELLESUTGIFTER	376 246	467 840	240 177	136 069
	INTERKOMMUNALT SAMARBEID				
290	(§§27/28A-SAMARBEID)	16 396 313	16 250 096	16 845 201	-448 888
	Sum	96 565 170	94 691 164	101 481 550	-4 916 380

Oppsummert viser statistikkane og rekneskapen ei positiv utvikling for Sunnfjord kommune i perioden 2020-2022. Samtidig indikerer resultat at ein har eit potensiale til ytterlegare innsparing samanlikna med KOSTRA gruppe 9 og Ringerike kommune.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	579	513	505	424
Kostragruppe 09	466	348	368	335
Landet uten Oslo	516	411	437	398
Steinkjer	392	269	321	239
Voss herad	493	388	408	334
Sogndal	647	525	503	443
Kinn	682	461	492	557

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune ligg betydeleg høgare enn KOSTRA gruppe 9 i netto driftsutgifter pr. innbyggjar når det gjeld funksjon 100 politisk styring. Sunnfjord ligg og høgare enn både Voss og Steinkjer, medan Kinn peikar seg ut som den kommunen med høgast kostnad pr innbyggjar. Ringerike bruker 53 kroner mindre pr. innbyggjar, som utgjer eit sparepotensiale på 1.1 mill. kroner i 2022.

I januar 2020 skulle alle vedtak om samanslåingar av kommunar vore på plass. Dette var ikkje tilfelle for alle kommunar, nokre var tidleg ute medan andre prosessar trakk ut i tid. Dette gjer til at utgifter på funksjon 100 politisk styring er vanskeleg å samanlikne kommunane imellom. For eksempel trakk




prosessen i Kinn kommune ut i tid, medan Sunnfjord var tidleg i mål.

Utgiftene i samband med kommunereforma virka inn på kommunane sine rekneskap og aktivitet på ulike tidspunkt. Både Sunnfjord, Kinn og Sogndal er samanslåtte kommunar, og samanslåinga gjer det utfordrande å samanlikne kommunane. Årsaka til kostnadsreduksjon frå 2021 til 2022 skuldast i all det vesentlege at det ikkje er stortings- eller kommuneval i 2022.

Dersom Sunnfjord hadde loge på same utgiftsnivå til politisk styring som KOSTRA gruppe 9 ville Sunnfjord kunne spare om lag 2 mill. kroner $(424-335) \cdot 22215$ i 2022. Samanliknar ein seg med Ringerike ville ein kunne redusere utgiftene med 1,1 mill.kr.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	198	89	137	123
Kostragruppe 09	101	89	89	88
Landet uten Oslo	114	108	107	108
Steinkjer	85	65	58	62
Voss herad	103	97	120	122
Sogndal	140	136	116	117
Kinn	195	107	153	110

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune brukte 35 kr meir pr innbyggjar enn KOSTRA- gruppe 9 på netto driftsutgifter knytt til kontroll og revisjon i 2022. Alle kommunane har hatt stabile utgifter til området, med unntak av Kinn som har hatt ein stor auke i 2021, men redusert kostnadene igjen i 2022. Samanlikna med Ringerike kommune bruker Sunnfjord 0,5 mill. kroner meir til kontroll og revisjon i 2022.

I 2020 vart Kommunerevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord oppløyst i samband med skiping av Vestland revisjon kommunalt oppgåvefelleskap.

Ut ifrå Sunnfjord kommune sitt rekneskap har kommunen lågare utgifter i 2022, om lag på linje med 2020, enn det som kjem fram i KOSTRA. Årsaka må greiast ut nærmare for å finne årsaka til dette.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	5 475	5 097	3 877	3 947
Kostragruppe 09	3 960	3 768	3 606	3 539
Landet uten Oslo	4 270	4 144	4 159	4 084
Steinkjer	5 632	5 652	4 912	4 349
Voss herad	5 382	4 841	4 906	4 848
Sogndal	5 122	5 733	6 553	5 515
Kinn	5 316	5 220	5 717	5 475

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

KOSTRA-tenestefunksjon 120 skal brukast for kostnader knytt til administrativ leing og stab/støtte funksjonar og fellesfunksjonar. Administrative leiarar definerast i KOSTRA-samanheng som administrative leiarar som leiar andre administrative leiarar. Likevel skal leiarar på lågast nivå som tilfredsstiller krava til å bli definert som administrativ leiar, først på respektiv tenestefunksjon, medan overordna administrative leiarar skal først på funksjon 120.

Målt opp mot KOSTRA-gruppe 9 ligg Sunnfjord noko høgare i netto driftsutgifter per innbyggjar $(3947-3539) \cdot 22215 = 9.063.720$. samanlikna med Ringerike $(3947-3760) \cdot 22215 = 4.154.205$ Dette indikerer

at kommunen har eit potensiale til å spare inn kostnader på dette området. Dei andre kommunane Steinkjer, Voss Herad, Sogndal og Kinn ligg alle betydeleg høgare.

KOSTRA skal være uavhengig av kommunen si administrative organisering. Tal nivå med leiarar i kommunen kan likevel påverke kommunen sin del av kostnader ført på kostrafunksjon 120. I Sunnfjord er det kommunedirektøren, kommunalsjefar med stabar, og Felles stab og støtte som i hovudsak er bokført mot KOSTRA-funksjon 120. Einingsleiarar og kostnader knytt til drifta av disse vert bokført mot den respektive tenestefunksjon.

Sunnfjord ligg over KOSTRA gruppe 9 med kr 408 kr i netto driftsutgift pr. innbyggjar. Utviklinga i netto driftsutgifter til administrasjon (KOSTRA 120) isolert, syner ei positiv utvikling i perioden. Tabellen syner ein reduksjon frå 2020 til 2021 på omlag 17 mill kroner. Årsaka til nedgangen i Sunnfjord kommune frå 2020 til 2022 skuldast at ein har sikra at ein fører rekneskapen korrekt etter KOSTRA. Ein ser og at ein har hatt reduksjon i tal stillingar etter samanslåinga til Sunnfjord kommune.

	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Administrasjon driftsutgifter	85 314 897	79 024 662	95 995 243
Endring	6 290 235	- 16 970 581	
Administrasjon lønsutgifter	63 211 166	60 561 815	67 210 657
Endring	2 649 351	- 6 648 842	

Men frå 2021 til 2022 er det ein auke frå 2021 på 6,3 mill. kroner. Årsaka er i hovudsak auka utgifter til IKT lisensar og avgifter knytt til ulike fagsystem, . Aleine utgjorde dette omlag 8 mill. kroner frå 2021 til 2022. Årsaka til reduksjon i netto driftsutgifter frå 2020 til 2022 innan tenestene for administrasjon er i hovudsak betre kvalitet på føring etter KOSTRA regelverket, effektivisering og mindreforbruk i enkelte einingar. Her er avdekka at det er ført omlag 2 mill. på administrasjon som gjeld utgifter til tryggleiksalarmar i 2022. Difor er reduksjonen samla sett frå 2020 til 2022 omlag 12 mill. kroner.

Tabellen syner og utgifter til løn og sosiale utgifter med frådrag for refusjon av sjukeløn og svangerskapspermisjonar. Tabellen syner at kommunen har redusert lønsutgiftene innan administrasjon i perioden 2020 til 2022 med omlag 4 mill. kroner. Det er einingane Personal, Service, Rekneskap og løn og Fagutvikling som har hatt reduksjon i utgiftene til løn i denne perioden. Årsaka er innsparing, digitalisering, og betre kvalitet på føring etter KOSTRA som er årsaka til dette.

Kva er status i stabseiningane pr. 2023 og moglegheitene for ytterlegare innsparing :

Sunnfjord kommune er organisert i 2 nivå, kommuneleiing med stab/støttefunksjonar og einingane med delegert personal og økonomi-ansvar. Sunnfjord kommune har organisert administrasjonsressursar sentralt i stab/støtte-einingar. Kommuneleiing og alle rådgjevarane er organisert sentralt. Dette er eit strategisk val for å kunne samle fagkompetansen og arbeide på tvers av sektorane. og einingane. Konsekvensen er at ein risikerer høgare administrasjonsutgifter enn kommunar som har administrativ støtte ute i sektorane, då slike ressursar kan verte ført i rekneskapen på aktuelle tenester som ikkje er administrasjon. Ei hypotese er at Sunnfjord kommune

totalt sett har lite stab/støtte og rådgjevarstillingar samanlikna med andre, då vi har ei reindyrka ein sentral organisering. For å svare ut om Sunnfjord kommune sin ressursbruk innan administrasjon og stab/støtte funksjonar er låg eller høgare enn andre samanliknbare kommunar, krev det inngåande analyse av korleis dei andre kommunane er organisert og kvaliteten på føring etter KOSTRA. Det er ikkje tilstrekkeleg å nytte SSB sin KOSTRA statestikk.

Tabellen under syner utvikling i tal tilsette i administrasjon (120) perioden 2020 til 2023:

Ansvar T	Teneste	Teneste T	Tal stillingar 2020	Tal stillingar 2021	Tal stillingar 2022	Tal stillingar 2023	Endring 2020-2023
Kommuneleiing	12010	Administrasjon	8	8	8	9	-1
Personal	12010	Administra	9,5	9,4	9	9	0,5
Personal	12040	Tillitsval	7,2	8	8,2	7,7	-0,5
Service	12010	Administra	27,25	21,05	20	20,8	6,45
Rekneskap og lønn	12010	Administra	15,85	15,5	14,5	13,3	2,55
Fagutvikling	12010	Administra	8,35	9,4	6,1	4,1	4,25
Kommuneadvokaten	12010	Administra	1	2	2	2	-1
Sum			69,15	65,35	59,8	56,9	12,25

Tabellen syner tal tilsette med frådrag for tilsette som yter betalbare tenester overfor andre kommunar. I perioden frå 2020 til 2023 er tal tilsette ført under teneste for administrasjon redusert med 12,25 årsverk. Tillitsvalde er trekt ut av tabellen, då desse er refunderbare stillingar.

Kommunedirektør/kommuneleiing:

Har stillingar og godtgjersle til folkevalde (2,27 årsverk) og leiargruppa (totalt 8 årsverk).

Personaleininga:

I perioden 2020-2023 har personal redusert tal tilsette med 1,5 stilling.

Framover meiner leiar personal at tal stillingar bør ligge på 9 tilsette som i dag. Når det gjeld tillitsvalde har tal årsverk avsett til frikjøp vore stabilt sia 1.1.2020 og vil også vere det framover – dvs 7,15 årsverk.

Eininga Service:

Har i perioden 2020-2023 redusert tal årsverk med 3,2 Service er inne i eit generasjonsskifte, der mange tilsette er over 60 år. Stillingar som vert vakante på grunn av naturleg avgang vil bli vurderte opp mot omgjerding av innhald og eventuelt innsparring. Reduksjon av tal tenestetorg med opningstid og redusert opningstid på sentralbord er mellom grepa vi har gjort og vil gjere framover for å oppnå større fleksibilitet i arbeidsstokken og dermed effektivisere.

Arbeidsoppgåvene vil endre seg i takt med samfunnsutviklinga. Mellom anna vil digitalisering gi oss endringar i form av mindre fysisk dokumenthandtering og færre som oppsøker kommunen fysisk i tenestetorg. Samstundes må vi jobbe for å digitalisere tenester. Vi skal tilby digitale tenester til

publikum og internt i organisasjonen. Ein vil ha behov for meir/ny kompetanse på dette feltet, både hos egne tilsette og ved tilsetting etter naturleg avgang.

Eining Rekneskap og løn:

Rekneskap og løn har ved utgangen av 2023 16,8 tilsette. Eininga sel tenester til andre kommunar og interkommunale selskap i form av rekneskapsføring og produksjon av løn til Askvoll og Fjaler kommune. Dette finansierer 3 stillingar, slik at tal stillingar i realiteten er 13,8. Eininga har siste åra fått auka oppdrag i form av føring av rekneskap til nye interkommunale selskap og utviding av eksisterande selskap, utan å auke tal tilsette. Dette må ein sjå på som ei form for innsparing/effektivisering. Ved utgangen av 2023 slutta ein tilsett i eininga og ein tilset ikkje etter vedkommande, men fordeler oppgåvene mellom dei tilsette,

Eininga fører rekneskap for 12 selskap samt produserer løn for Askvoll og Fjaler kommune. Eininga har etablert god dobbeltkompetanse på dei fleste områder og er langt framme i å utnytte eksisterande teknologiske løysingar. Ein bruker mykje tid på å støtte overordna leining og einingane i organisasjonen, følgje opp regelendringar og ikkje minst innføre nye støttesystem. Eininga sin kapasitet er no at ein må ty til overtid i enkelte periodar for å klare oppgåvene. Skal ein klare ytterlegare innsparing i form av færre tilsette må kvaliteten på støttesystema bli mykje betre og ikkje minst må ein styrke kvaliteten på grunnlag som kjem inn frå einingane.

Fagutvikling

Har 21,5 faste årsverk, fordelt på 22 tilsette. I tillegg har vi i dag 4-5 årsverk i prosjektstillingar (varierer gjennom året) og 2 tilsette som jobbar timebasert på pensjonistlønn. Eininga har støttefunksjon opp mot kommunalsjefar og einingsleiarar fordelt på alle sektorane, og har også overordna ansvar for samfunnsplanlegging. Eininga femner derfor svært vidt når det gjeld arbeidsoppgåver.


Eininga har knapt med tilsette til å jobbe godt nok fagleg knytt til dei store sektorane og dei behova kommunalsjefar og einingsleiarar. Det er krevjande for eininga å ha vertskommuneansvar for store prosjekt og mange tilsette på prosjektmidlar. Det er vanskeleg for einingsleiar å ha tilstrekkeleg oversikt både fagleg og økonomisk over det som skjer i prosjekta.

Kommuneadvokaten:

Har to årsverk. Hovudoppgåva er juridisk rådgjeving og støtte til kommuneleining og sakshandsamarar.

Bistand i anskaffingsprosessar og kontraktsoppfølging krev mykje ressursar. Vidare er det stadig problemstillingar innan t.d. forvaltningsrett, kontraktsrett, erstatningsrett, plan- og bygningsrett og helse- og omsorgsrett som må utgreiast. Eininga er også prosessfullmektig for kommunen i saker for domstolane.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (130) administrasjonslokaler (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	400	252	181	210
Kostragruppe 09	399	439	464	457
Landet uten Oslo	446	474	494	531
Steinkjer	424	524	435	563
Voss herad	298	276	305	469
Sogndal	451	433	439	391
Kinn	663	523	619	411


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Indikatoren viser at Sunnfjord kommune bruker vesentleg mindre enn KOSTRA gruppe 9 i netto driftsutgifter til administrasjonslokale, og dei andre kommunane ein samanliknar seg med.

Dersom Sunnfjord kommune hadde brukt like mykje som KOSTRA gruppe 9, ville kommunen ha brukt 5.5 mill. kr meir pr år. $(210-457) \cdot 22215 = 5.5$ mill. kr. Samanlikna med Ringerike har Sunnfjord kommune 1,2 mill. kroner mindre i netto driftsutgifter til administrasjonslokale. Sunnfjord kommune har eit relativt nytt rådhus (sentralisert rådhusfunksjon) med dertil låge vedlikehaldskostnader og ein del leigeinntekter frå eksterne som reduserer netto driftskostnader.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (285) tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	61	-115	-18	93
Kostragruppe 09	168	137	122	82
Landet uten Oslo	81	90	99	87
Steinkjer	-87	-34	-165	81
Voss herad	6	3	0	84
Sogndal	205	-1	18	-89
Kinn	196	-69	-18	-141

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune bruker 93 kr i netto driftsutgifter pr innbyggjar (285) til tenester utanfor kommunalt ansvarsområde i 2022. Dette er 11 kr meir enn KOSTRA gruppe 9 og kommunane ein samanliknar seg med.


Storparten av inntektene og utgiftene på KOSTRA funksjon 285 er knytt til breibandsutbygging. Overføring til private aktørar i form av anleggs-bidrag og mottak av tilskot til formålet frå staten.

Årsaka til at det svingar i perioden, er utbyggingstakt og at kommunen har motteke tilskot og utbetalt anleggs-bidrag i ulike periodar/år.

Utgifter som typisk skal førast på funksjon 285 er erstatningar til tidlegare barnevernsbarn/fosterbarn, investering/drift av breiband, bidrag til innsamlingsaksjonar, kommunen sitt utlegg for statleg del av felles NAV kontor.

Ser vi åra 2020 til 2022 er det i 2020 ei inntekt pr innbyggjar på kr 115, medan enn i 2022 har ei netto utgift pr innbyggjar på kr 93.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (290) interkomm. samarbeid (§§ 27/28a - samarbeid) (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	0	-43	41	0
Kostragruppe 09	-38	-31	-9	-14
Landet uten Oslo	-3	-14	-3	-6
Steinkjer	-105	-99	-240	-106
Voss herad	0	0	0	1
Sogndal	-36	-81	-76	-202
Kinn	-10	-27	-33	53

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Interkommunale samarbeid er betydeleg redusert etter kommunesamanslåinga. SYS-IKT er eit §27 samarbeid med Sunnfjord kommune som vertskommune. Tenestefunksjonen skal som hovudregel gå i 0 ved års-avslutninga og kommunen sin del av kostnaden skal først på korrekt KOSTRA- 120.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	6 925	6 063	5 062	5 205
Kostragruppe 09	5 574	5 199	5 149	5 045
Landet uten Oslo	5 852	5 589	5 789	5 675
Steinkjer	8 318	6 700	6 214	6 345
Voss herad	6 641	6 280	6 652	6 812
Sogndal	6 710	7 366	7 671	6 367
Kinn	7 492	6 276	7 010	6 648


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord kommune har hatt ein nedgang i netto driftsutgifter pr. innbyggjar i perioden, frå 6063 i 2020 til 5205 i 2022. Samanlikna med KOSTRA gruppe 9 bruker kommunen 160 meir pr. innbyggjar, noko som indikerer eit potensiale til å spare inn $(160 \cdot 22215) = 3.5$ mill. kroner.

Ringerike bruker 305 kr mindre pr. innbyggjar, noko som indikerer eit potensiale til å spare inn 6.7 mill. kroner. Dei andre kommunane ein samanliknar seg med bruker betydeleg meir enn både Sunnfjord og KOSTRA gruppe 9.

Prioritet - Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	6 844	6 189	4 990	5 002
Kostragruppe 09	5 299	5 030	4 930	4 875
Landet uten Oslo	5 673	5 453	5 570	5 499
Steinkjer	7 209	7 104	6 262	6 027
Voss herad	6 580	6 233	6 585	6 605
Sogndal	6 424	7 040	7 613	6 620
Kinn	7 189	6 368	7 056	6 735

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord ligg betydeleg lågare i netto driftsutgifter i kroner per innbyggjar til administrasjon og styring samanlikna med dei andre kommunane Sogndal, Kinn, Steinkjer og Voss Herad. Samanlikna med Ringerike ligg Sunnfjord noko over $(5205-4900) \cdot 22215 = 6,8$ mill. kroner. Sunnfjord ligg litt over KOSTRA gruppe 9 med kr 127 kr i netto driftsutgift pr. innbyggjar. Dersom Sunnfjord hadde brukt like mykje pr innbyggjar som KOSTRA gruppe 9 i 2022, ville kommunen hatt eit sparepotensiale på 2,8 mill. kroner $(5002-4875) \cdot 22215$.

Samanliknar ein seg med Ringerike kommune vil ein ha eit sparepotensiale på 6.5 mill. kroner.

Nedgangen i Sunnfjord kommune frå 2020 til 2021 skuldast blant anna at ein har sikra at ein fører rekneskapen korrekt etter KOSTRA, naturleg avgang og digitalisering. Men naturleg avgang i einingane, digitalisering og innsparing i einingane har medverka til reduksjonen i kostnader i perioden.

Tabellen under syner tal frå rekneskapen i perioden over alle tenester som er definert som administrasjon og styring. Tabellen syner at kommunen har redusert sine netto utgifter frå 121 mill. kroner i 2020 til 107 mill. kroner 2022, omlag 13 mill. kroner. Reduksjonen består av både innsparing, betre kvalitet på føring etter KOSTRA regelverket og innsparing i einingane. Ein kraftig auke til lisensar og programvare til ulike fagsystem utgjorde aleine ein auke på omlag 8 mill. kroner frå 2021 til 2022.

Utgifter til løn og sosiale utgifter er redusert med omlag 5 mill. kroner frå 2020 til 2022. Årsaka er naturleg avgang og at ein har effektivisert drifta gjennom digitalisering.

Ansvar		Regnskap 2022	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Adm.styring og fellesutgifter løn	ALLE	93 080 585	91 280 816	98 413 514
Adm.styring og fellesutgifter løn	Endring	1 799 769	- 7 132 698	
Adm.styring og fellesutg. Driftsrekneskap	Sum	107 417 145	99 537 469	121 080 899
Adm.styring og fellesutg. Driftsrekneskap	Endring	7 879 676	- 21 543 430	



Tabellen under syner korleis utviklinga i perioden har vore på den enkelte KOSTRA funksjon. I sum har kommunen ein reduksjon i netto driftsutgifter til administrasjon og styring frå 2020 til 2022 på omlag 13 mill. kroner. Den er KOSTRA funksjon 120 som innehar den største reduksjonen i perioden.

Kostrafunksjon		Regnskap 22	Regnskap 21	Regnskap 20	Endring
100	POLITISK STYRING	9 224 122	10 077 527	9 983 067	-758 945
110	KONTROLL OG REVISJON	1 960 448	2 382 225	1 863 704	96 744
120	ADMINISTRASJON	85 314 897	79 024 662	95 995 243	-10 680 346
	FORVALTNINGSUTGIFTER I				
121	EIENDOMSFORVALTNINGEN	6 452 607	6 109 160	4 605 748	1 846 859
130	ADMINISTRASJONSLOKALER	4 524 620	3 505 364	6 209 260	-1 684 640
	Sum	107 476 694	101 098 938	118 657 022	-11 180 328
	Endring	6 377 756	-17 558 084		

Tabellen under syner kva einingar dette gjeld og utviklinga i den enkelte eining. Det er einingane Fagutvikling, Rekneskap og løn, og Personal som har redusert netto driftsutgifter i perioden 2020-2023.

Ansvar		Regnskap 22	Regnskap 21	Regnskap 20	Endring
100	Kommunedirektør	44 051 530	38 080 137	44 154 532	-103 002
110	Personal	15 250 396	14 411 565	15 089 403	160 993
115	Service	17 947 865	15 790 307	20 786 133	-2 838 268
130	Rekneskap og lønn	11 632 702	11 566 543	13 517 724	-1 885 022
140	Fagutvikling	5 612 939	6 122 777	9 167 233	-3 554 294
160	Kommuneadvokaten	2 044 165	1 416 194	1 315 548	728 617
460	Aktivitetseininga	640 311	794 438	806 955	-166 644
620	Idrett og friluftsliv	756 775	866 046	107 152	649 623
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	4 106 735	1 737 256	2 409 036	1 697 699
720	Reinhald vaskeri	1 484 792	1 126 853	1 947 597	-462 805

Kommunehelse



Konklusjon:


Sunnfjord kommune skil seg lite ut på utgifter innan kommunehelse. Vi har god dekning på fastlegar og fysio-/ergoterapautar i høve dei kommunane vi samanliknar oss med, men det betyr ikkje at vi er på det nivået ein ønskjer. Ein nyttar vesentleg meir til førebygging enn samanlikningskommunane, men mindre enn landet. Det kan vere områder innan kommunehelse der ein kan ha tettare samarbeid med andre kommunar.



Sunnfjord kommune skil seg lite ut på utgifter innan kommunehelse, men gjennom analysa er det likevel nokre område vi meiner vi bør sjå vidare på som kan ha betydning for framtida. Ut i frå tenesteanalysen og kjennskap til tenesta så er det desse områda på kommunehelse vi bør sjå nærmare på:

1. kva tal fastlegar bør Sunnfjord kommune ha, og kva tal bør anbefalt listelengde vere. Då må ein ha med seg perspektiv både økonomi, rekruttering og kvalitet.
2. På kva område bør ein samarbeide meir med andre kommunar for å få ned kostnadene. Her må ein vurdere organisering, rekruttering og legevakt.
3. Sunnfjord kommune ligg høgt på anna førebyggjande helsearbeid. Sjølv om ein trur det skuldast kostnader i samband med korona-pandemien, bør vi undersøkje om det er mogleg å redusere noko kostnader.

Ståstadanalyse



	Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)
Sunnfjord	14,0	9,9
Kostragruppe 09	12,2	9,6
Landet uten Oslo	12,4	9,6
Steinkjer	13,1	9,3
Voss herad	12,9	11,2
Sogndal	13,8	11,9
Kinn	15,1	10,0

Legeårsverk

Sunnfjord kommune ligg høgt på tal legeårsverk. Fordi mesteparten av utgiftene i tenesteproduksjon er knytt til lønn, kan ein sjå for seg at ein høg andel legeårsverk også vil medføre høge utgifter til produksjon av legetenester.

Motsatt vil ein kunne hevde at problemet er sjølve statistikken. Andelen legar i Sunnfjord er høg samanlikna med andre. Men det betyr ikkje at andelen er på det nivået som er ideelt for å gi

gode tenester. Tilsvarande kan den lågare andelen i andre kommunar vere høgst ufrivillig, og ikkje eit resultat av målretta arbeid. Argumentet er ikkje usannsynleg. Vi veit at rekruttering av fastlegar er eit aukande problem i mange kommunar. Og fastlegekrise er eit aktuelt tema i samfunnsdebatten.


I Sunnfjord kommune har vi fått auka tal gjestepasientar. Gjestepasientar er pasientar i frå nabokommunen som får seg fastlege i Sunnfjord kommune. Vi trur årsaka til denne auka er at nabokommunane slit med å tilsette legar, ved mangel på fastlege, så søker innbyggjarane seg på listene til Sunnfjord kommune der det er ledige lister.

Fysioterapi-årsverk

Ser ein på andelen fysioterapeutar ligg Sunnfjord på nivå med kostra og landet, men under samanlikningskommunane med unntak av Steinkjer. I Sunnfjord har ein ei sonevis organisering der tenestene er fordelt ut på fire ulike lokasjonar. Dette for å ha teneste nær brukarane. Det er eit gode for brukarane, men gjer tenesta sårbar i forhold til sjukdom og fråvær.

Tenesta opplever å vere pressa på kapasitet; nokre meir enn andre, men det er ventelister alle stader. Ein har sju avtaleheimlar for privatpraktiserande fysioterapeutar, men også her er det lange ventelister.

Utgiftsbehov og kriteriedata



Sunnfjord Kostragruppe Landet Steinkjer Voss Sogndal Kinn
09 uten herad
Oslo

Indeks innb. 0-1 år (2%)	108,6 %	96,3 %	96,4 %	83,8 %	102,6 %	123,1 %	88,7 %
Indeks innb. 2-5 år (5%)	107,4 %	101,6 %	99,6 %	93,6 %	103,8 %	114,8 %	92,7 %
Indeks innb. 6-15 år (12%)	115,5 %	106,0 %	102,0 %	99,3 %	100,0 %	98,5 %	108,9 %
Indeks innb. 16-22 år (9%)	114,0 %	102,5 %	102,0 %	99,4 %	103,2 %	109,6 %	110,2 %
Indeks innb. 23-66 år (31%)	95,0 %	97,3 %	98,3 %	93,9 %	92,8 %	96,7 %	96,1 %
Indeks innb. 67-79 år(21%)	94,2 %	105,0 %	104,3 %	122,1 %	113,6 %	99,7 %	104,4 %
Indeks innb. 80-89 år (7%)	96,9 %	102,3 %	104,8 %	135,5 %	138,8 %	100,6 %	103,7 %
Indeks innb. over 89 år (2%)	116,5 %	96,4 %	102,7 %	150,1 %	179,6 %	117,4 %	126,4 %
Indeks basiskriteriet (5%)	60,0 %	46,6 %	114,6 %	51,3 %	78,3 %	115,8 %	72,1 %
Indeks reiseavst. innen sone (3%)	157,4 %	90,9 %	107,5 %	135,2 %	165,2 %	193,1 %	181,3 %
Indeks reiseavst. til nabokrets (3%)	154,9 %	102,7 %	108,0 %	136,3 %	135,9 %	135,4 %	155,8 %
Utgiftsbehov - Kommunehelse (sum)	102,6 %	98,7 %	102,2 %	105,2 %	107,4 %	105,8 %	104,6 %

Utgiftsbehov seier noko om det forventa behovet for kommunehelsetenester i Sunnfjord. Forhold som alderssamansettinga i befolkninga vår og reiseavstand er med å påverke om behovet i Sunnfjord er større eller lågare enn behovet elles i landet.

Samla sett, for alle indikatorar, ligg utgiftsbehovet på 102,6 %. Det betyr at utgiftsbehovet for kommunehelsetenester er 2,6 % høgare i Sunnfjord enn i landet. Visst ein ikkje korrigerer for

utgiftsbehov, vil ein då forvente at Sunnfjord nyttar 2,6 % meir ressursar til slike tenester enn resten av landet.


Vi har eit høgare utgiftsbehov knytt til den yngre delen av befolkninga (0 - 22 år). Det betyr at vi statistisk sett bør ha eit høgare behov for helsestasjon og skulehelseteneste enn landet.

Den yrkesaktive delen av befolkninga (22-66 år) er aldersgrupper som har høg vekting i berekning av utgiftsbehov. Det kan tolkast som at dette er ei gruppe som etterspør mykje tenester som ligg under kommunehelsetenesta. Her har Sunnfjord eit lågare utgiftsbehov enn landet. Det betyr at vi statistisk sett bør ha eit lågare behov for tenester innan psykiatri og rusfeltet (der mesteparten av brukarane er i denne aldersgruppa), men til ei viss grad også legetenester og fysio/ergoterapi.

Den eldre delen av befolkninga (80-89 år) har eit utgiftsbehov under snittet, medan innbyggjarane 89 år + har eit utgiftsbehov som ligg godt over landsgjennomsnittet. Desse to aldersgruppene er nokså lågt vekta når ein ser på behovet for kommunehelsetenester. Dei over 89 år er vekta kunn med 2 %. Det verkar ulogisk at den eldste delen av befolkninga, som ein skulle tru hadde størst behov for lege og fysioteratitenester, likevel blir vekta så lågt. Ei forklaringa kan vere at denne gruppa i større grad får dekkja sine tenestebehov innan pleie- og omsorgsfeltet, og i mindre grad skal påverke behovet for kommunehelsetenester.

Avstandar påverkar også utgiftsbehovet. Desse indikatorane har nokså låg vekting, men til gjengjeld ligg utgiftsbehovet i Sunnfjord 50-60 % over landsgjennomsnittet. Desentralisert busetting i kommunen er med på å gi eit høgare utgiftsbehov, og sannsynlegvis også eit høgare utgiftsnivå på tenestene.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4 038	4 051	4 721	4 348
Kostragruppe 09	3 337	3 707	4 538	4 397
Landet uten Oslo	3 346	3 742	4 495	4 341
Steinkjer	3 276	3 503	4 287	4 228
Voss herad	2 775	3 293	3 727	4 441
Sogndal	3 528	4 250	4 651	4 951
Kinn	3 573	3 965	4 509	4 124

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Figuren og nøkkeltala over viser den samla prioriteringa for heile tenesteområde. Talet er "summen av alt" innan kommunehelse, og gir ein indikasjon på kor effektivt Sunnfjord kommune produserer slike tenester. Her er ligg Sunnfjord om lag på snittet. Variasjonen mellom kommunane er liten, og dei fleste ligg på nivå med oss. Sogndal skil seg negativt ut som den dyraste kommunen. Korrigert for utgiftsbehov driftar Sogndal tenestene 13,2 mill. kroner dyrare enn Sunnfjord. Kinn skil seg positivt ut og driftar tenestene 4,9 mill. kroner rimelegare enn oss. Det er fleire orsakar til kvifor Sunnfjord

kommune, samla sett, endar opp slik vi gjer, men det er særleg nokre samanhengar som er viktig å trekke fram:

1. Vi har gjennomsnittlege utgifter knytt til diagnose, behandling og rehabilitering (241). Her snakkar vi primært om legetenester og fysio/ergoterapi.
2. Vi har gjennomsnittlege utgifter til helsestasjon og skulehelseteneste (232).
3. Vi nyttar vesentleg meir enn samanlikningskommune på førebyggjande arbeid (233), men likevel ein del mindre enn kostragruppa og landet. Her snakkar vi primært om krisesenteret, folkehelseavdelinga og koronautgifter.
3. Det er vanskeleg å seie noko om dekningsgrad ut i frå KOSTRA-tala. Utgiftsbehovet, andelar og tal årsverk gir visse indikatorar, men seier lite om behovet til brukarane.
4. Det vanskeleg å seie noko om produktiviteten ut i frå KOSTRA-tal.


Desse punkta er forhold som enkeltvis, og i samspel med kvarandre, påverkar den samla prioriteringa.

Det er særleg to faktorar som påverkar den totale kostnaden (prioritet) av ei teneste . I KOSTRA blir desse faktorane kalla for "Dekningsgrad" og "Produktivitet". Dekningsgrad forsøker å seier noko om behovet og andelen brukarar i vår kommune, samanlikna med andre kommunar. Produktivitet kan tolkast som einingskostander. Altså kor mykje ressursar vi brukar på å produsere kommunehelsetenester. Prioritet kan dermed settast opp som følgjande likning:

$$\text{prioritet} = \text{dekningsgrad} \times \text{produktivitet}$$

I KOSTRA er det få nøkkeltal knytt til kommunehelse som går på produktivitet og dekningsgrad. I tillegg verkar kvaliteten på innrapporterte tal å vere mangelfulle eller av varierende kvalitet. Det gjer det vanskelegare å forklare samanhengane "bak" utgiftsnivået. Grunnlaget som tenesteanalysen byggjer på er difor dårlegare innan kommunehelse-området, enn for andre områder som plei- og omsorg, barnevern og skule til dømes.

Prioritet - Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	2 988	2 818	2 819	2 890
Kostragruppe 09	2 288	2 588	2 879	2 913
Landet uten Oslo	2 297	2 550	2 788	2 875
Steinkjer	2 499	2 782	3 083	3 169
Voss herad	2 120	2 434	2 623	3 207
Sogndal	2 361	2 936	3 426	3 683
Kinn	2 327	2 767	2 910	2 751

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Dei tenestene som er omfatta her er drift av legetenesta, legevakt og drift av fysio - ergoterapi. Både legetenesta og fysio -ergoterapitenesta har fire lokasjonar med felles leiging for dei fire lokasjonane innafor kvar teneste. Legevakta er organisert interkommunal på kveld og helg gjennom SYS-IKL. På dagtid er legevakta organisert på kvar av dei fire legesentera i Sunnfjord kommune.

I Fysio -ergoterapitenesta blir det rapportert inn timetal fysioterapi til behandling/oppfølging, både det som vert utført av kommunalt tilsette fysioterapeutar og det som vert utført av

avtalefysioterapeutar. Sunnfjord kommune har ein kombinasjon av dette. Denne funksjonen gjev oversikt over fysioterapiressursane til denne typen arbeid, det einaste som ikkje er med i denne funksjonen er det som vert ført på 232 (førebygging helsestasjon/skulehelseteneste), 233 (anna førebygging), 253 (oppfølging av pasientar i institusjon) og 120 (administrasjon).

Sunnfjord kommune ligg relativt lågt på nettoutgifter pr innbyggjar på denne indikatoren, samanlikna med kommunegruppa- med unnatak av Kinn kommune.


Fysioterapitenesta

Vi har stor pågang på fysioterapitenesta, og det kan tidvis vere lange ventelister og tøffe prioriteringar. Det er litt skilnad mellom sonene, men generelt sett opplever vi å ha knappe ressursar og at vi er sårbare ved fråvær. Det er ikkje mogleg å få vikarar på kort sikt, og sjølv ved lengre fråvær (t.d. fødselspermisjonar) er det vanskeleg å få tak i vikarar. Det at tenesta er fordelt på fire lokasjonar gjer at det er få terapeutar på kvar sone. Dette aukar denne sårbarheita, men gjer samtidig at vi har teneste nær brukarane.

Legetenesta

Mange kommunar slit med å rekruttere legar, både til faste heimlar og vikariat. Det har og vore utfordrande for Sunnfjord kommune, men med ein leiar som er tett på utfordringane har kommune klart å fylle alle lister, utan å måtta ty til uansvarlege løysingar. Det held kostnadene nede.

Prioritet - Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 331	3 526	3 634	3 739
Kostragruppe 09	3 218	3 243	3 747	3 810
Landet uten Oslo	3 182	3 230	3 585	3 676
Steinkjer	2 424	2 177	2 858	3 260
Voss herad	2 612	3 194	3 534	4 444
Sogndal	3 946	4 569	4 051	4 540
Kinn	3 610	3 741	4 540	4 544

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov


Nøkkeltalet viser at vi ligg om lag på nivå med samanlikningskommunar, kostragruppe og landet. Det er lite som skil nivået mellom kommunane. Unntaket er Steinkjer som skil seg positivt ut, og driftar tenestene (teoretisk sett) 5,8 mill. kroner rimelegare enn oss. Sogndal skil seg negativt ut, og driftar tenestene 3,1 mill. kroner dyrare enn oss.

Det hadde vore interessant å sjå dette nøkkeltalet opp mot eit nøkkeltal per brukar av tenester. Produktiviteten kjem betre fram når ein fordeler kostnaden per brukar, i staden for å fordele

kostnaden på alle innbyggjarane i ei aldersgruppe. Kanskje kunne det gitt eit betre svar på om produktiviteten er høg eller låg i Sunnfjord. Eit slik nøkkeltal finst dessverre ikkje i KOSTRA-databasen for dette området. Sunnfjord har ein høg andel legeårsverk under førebygging, helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det kan vere med på å påverke kostnadsnivået, men er også eit kvalitetsteikn. Eit spørsmål kan vere om desse ressursane blir brukt godt nok?

Helsestasjonen i Sunnfjord har i lengre tid slitt med å tilsette nok helsesjukepleiarar. Det har resultert i stillingar har stått vakante. Det er difor mogleg at ein ønskjer å ligge høgare kostnadmessig enn det ein tross alt gjer. Gitt det førebyggjande funksjonen helsestasjonen og skulehelsetenesta har, er det ikkje usannsynleg at (ufrivillig) låge utgifter på dette området, kan gi (ufrivillig) økte utgifter i andre tenester fordi ein kjem for seint inn.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	124	270	924	471
Kostragruppe 09	237	311	737	552
Landet uten Oslo	266	407	847	590
Steinkjer	224	230	568	337
Voss herad	40	113	275	196
Sogndal	162	163	203	137

Kinn	328	263	474	255
------	-----	-----	-----	-----

**) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

***) Graf er justert med utgiftsbehov*


Vi nyttar vesentleg meir enn samanlikningskommunane på førebyggjande arbeid (233), men likevel ein del mindre enn kostragruppa og landet. Her snakkar vi primært om kjøp av tenester som krisesenter og miljøretta helsevern som vi kjøper i frå folkehelseavdelinga i Kinn kommune.

Det er stor variasjon mellom kommunane i dette nøkkeltalet, men der Sunnfjord ligg i det øvre sjiktet. Sogndal skil seg ut ved at dei driftar (teroretisk sett) 7,3 mill. kroner rimelegare enn oss, medan snittet for landet ligg 2,6 mill. kroner over oss.

Ei forklaring på variasjonen mellom kommunane er at ein organiserer tenestene på mange ulike måtar. Nokre organiserer alt sjølv, nokre er organisert i interkommunale samarbeid (IKS) og andre kjøper tenester frå nabokommunane. Variasjonen mot kostra og landsgjennomsnittet kan i tillegg forklarast ved at kommunane er veldig ulike (tal innbyggjarar, geografi, demografi).

koronautgifter vart ført på denne funksjonen, ein ser at alle kommunar hadde større utgifter i 2021. Sunnfjord ligg då høgare enn alle samanlikningskommunane og kostragruppe og landssnittet. Sunnfjord kommune og SYS IKL hadde veldig gode ordningar og tiltak for både innbyggjarane og dei tilsette under korona-pandemien. Vi var klar over at den beredskapen var det høge utgifter på, og denne beredskapskostnadene drog vi med oss inn i halve 2022, som nok påverkar årskostnaden på denne indikatoren for 2022. Dette vil uansett vere eit område vi må sjå på, sidan vi ligg over samanlikningskommunane.






Kvalitet - Gjennomsnittlig listelengde



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		900,0	902,0	864,0
Kostragruppe 09		1 019,0	1 019,0	984,0
Landet uten Oslo	1 049,0	1 033,0	1 021,0	994,0
Steinkjer		1 017,0	994,0	955,0
Voss herad		1 017,0	959,0	928,0
Sogndal		780,0	788,0	777,0
Kinn		776,0	788,0	788,0

Nasjonale føringar og anbefalingar er å redusere listelengda på legane. Det har Sunnfjord legeteneste følgt opp og har det som ein bevist strateg. Ein har satt eit makstak på 900 pasientar per liste, ned frå 1 000 tidlegare. Det e for å oppretthalde stabilitet og rekruttering. Legetenesta ser at det verkar. Ein har også redusert på LIS legar (lege i spesialisering) til 700 dei fyrste to åra. Utfordringa her er at ein då må opprette fleire fastlegeheimlar i eit marked der det er manko på legar.

Barnevern




Konklusjon:

Barnevern har **god produktivitet og kvalitet**. Ein nyttar noko meir årsverk, men **driv likevel kostnadseffektivt** per tiltak i høve dei kommunane vi samanlikna oss med. Det kan vere at terskelen for å sette i verk tiltak har vore for høg, men Sunnfjord kommune har jobba meir **førebyggande** den siste tida, jamfør barnevernsreforma. **Behovet for barnevernstenester** er i dag lågare enn snittet, og er venta å gå ytterlegare ned som følge av demografien. Det kan gi omstillingsbehov i åra framover.

Områder som må sjåast meir på:

1. Har barnevernet hatt **for høg terskel for å sette i verk tiltak**, eller blir tiltaka løyst på eit lågare nivå hjå andre instansar?
2. Sunnfjord kommune har satt i verk **meir førebyggjande tiltak** innan barn og unge i den siste tida, jamfør barnevernsreforma. Jobbar Sunnfjord kommune nok førebyggjande inn mot barn og unge for å redusere kostnader i framtida? Har den førebyggjande planen som er under utarbeiding teke med seg relevante tiltak for å kunne jobbe meir førebyggjande på tvers av alle instansar som arbeider med barn og unge? Kva effekt vil godt førebyggjande arbeid gi utslag på effektivisering i økonomiplanen?
3. **Demografien** tilseier at det blir drastisk færre yngre dei neste åra og Sunnfjord kommune har få einslege med barn og låginntektsfamiliar samanlikna med utvalde kommunar. Korleis kan barnevernet redusere kostnaden dei neste åra basert på dette?
4. Sunnfjord kommune har **få plasserte barn** samanlikna med andre kommunar, men vi har høge kostnader på plasseringane. Kva er årsaka til dette? Kva kan Sunnfjord barnevern gjere for å redusere desse utgiftene?

Ståstadanalyse



	Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet
Sunnfjord	1,6 %	261 787
Kostragruppe 09	2,5 %	185 648
Landet uten Oslo	2,4 %	192 678
Steinkjer	3,7 %	214 627
Voss herad	2,6 %	295 165
Sogndal	1,2 %	214 718
Kinn	3,9 %	210 203

Vi har ein tilsynelatande låg andel av barn med barnevernstiltak. Det er eit godt utgangspunkt for det gir ein indikasjon på behovet for barnevernstenester i vår kommune. Det at andelen er lågare enn snittet har ein klar samanheng med andre sosioøkonomiske forhold i Sunnfjord. Vi har vesentleg færre barn i låginntektsfamiliar, og noko færre barn med einslege forsørgjarar. Desse er å anslå som risikofaktorar. I Sunnfjord er risikoen låg, som i teorien gir eit lågare behov for tiltak og tenester, og

dermed sannsynlegvis er med på å bidra til ein lågare andel barnevernstiltak. (Sjå vurdering av utgiftsbehov og kriteriedata i neste avsnitt).

Ei anna forklaring på at andelen er låg kan vere at terskelen for å få tiltak hos vårt barnevern er høgare enn i andre kommunar. Det at utgiftsnivået per barn er høgare i Sunnfjord enn i dei andre kommunane underbyggjer dette argumentet. Med unntak av Voss, nyttar vi mest ressursar per barn, av alle samanlikningskommunane.

Det er mange faktorar som er med å forklare kvifor utgiftsnivået per barn er som det er. Den mest sannsynleg forklaringa er nok at Sunnfjord kommune har eit familieteam på 5 stillingar som arbeider målretta inn mot utvalde familiar, dette er det ikkje så mange barnevernstenester som hadde i 2022. Dette er noko som fleire kommunar vil ha etter kvart på grunn av endra oppgåve og ansvarsfordeling til kommunane gjennom barnevernsreforma.


Ei anna forklaring for at utgiftsnivået pr barn er høgare i Sunnfjord kommune kan vere at ein kjem for seint i gang med tiltak og at tiltaka blir meir omfattande og kostbare enn om ein hadde gått inn på eit tidlegare stadie.

Den høge ressursbruken per tiltak, og låg andel barnevernstiltak gir likevel grunn til å sjå nærare på om terskelen for å sette i gang tiltak er for høg.

Bør Sunnfjord kommune satse meir på førebygging? Barnevernet har gjort endringar, først i 2022 og særleg frå og med budsjettåret 2023. Tenesta har styrka årsverka internt ved å overføre pengar i frå kjøp av tiltak til å tilsette personar sjølv i barnevernet. Målet er å redusere kjøp av private tiltak for å kunne jobbe meir førebyggjande enn tidlegare. Dette trur vi vil gi gode effektar av, og vi ser allereie tendensar til det. Dette vil nok påverke dei framtidige kostratala positivt. Målet med omstillinga er å gi eit betre tenestetilbod til brukarane, samtidig som det er tilpassa den demografiske og samfunnsmessige utviklinga i kommunen.

Eit av måla med barnevernsreforma er at utfordringar som ikkje utgjer ein fare for alvorleg omsorgssvikt, skal møtast av tiltak og tilbod utanfor barnevernet. Barnevernet har i budsjett 2024 overført 2 mill. til Helsestasjonen for å opprette Psykisk helseteam barn og unge. Dette vil vere eit førebyggjande helseteam for barn og deira familiar. Tilbodet skal vere lågterskeltilbod, kunne sette inn tiltak, kunne behandle. Dersom Sunnfjord kommune klarer å etablere eit breiare spekter lågterskeltilbod og tiltak vil det bidra med å førebygge omsorgssvikt/åtferdsvanskar. Dette vil då føre til frigjering av ressursar til å prioritere dei tyngre saken og då forhåpentlegvis færre saker. Tanken her er at ein gjennom betre tverrfagleg innsats (BTI) skal kunne kome tidlegare i posisjon for å hjelpe barn og unge ved å ha teneste som fyller fleire av hola vi i dag har i tenestene.

Utgiftsbehov og kriteriedata



Sunnfjord Kostragruppe Landet Steinkjer Voss Sogndal Kinn
09 uten herad
Oslo


Indeks innb. 0-1 år (3%)	108,6 %	96,3 %	96,4 %	83,8 %	102,6 %	123,1 %	88,7 %
Indeks innb. 2-5 år (6%)	107,4 %	101,6 %	99,6 %	93,6 %	103,8 %	114,8 %	92,7 %
Indeks innb. 6-15 år (14%)	115,5 %	106,0 %	102,0 %	99,3 %	100,0 %	98,5 %	108,9 %
Indeks innb. 16-22 år (10%)	114,0 %	102,5 %	102,0 %	99,4 %	103,2 %	109,6 %	110,2 %
Indeks barn med enslig forsørger (41%)	95,9 %	105,3 %	100,7 %	112,3 %	84,7 %	62,8 %	99,5 %
Indeks lavinntektskriteriet (26%)	66,8 %	79,2 %	89,3 %	83,0 %	76,1 %	84,7 %	76,0 %
Utgiftsbehov - Barnevern (sum)	94,1 %	97,9 %	97,9 %	99,7 %	88,2 %	83,0 %	95,2 %

Det samla utgiftsbehovet for barnevernstenester er lågare i Sunnfjord enn landet. Det betyr at Sunnfjord kommune, ut i frå demografi, sosiale og økonomiske forhold, bør ha om lag 6 % lågare behov for å produsere barnevernstenester enn det som er normalen for landet. Det er sosioøkonomiske forhold som verkar å dra ned det samla behovet, medan demografien isolert sett tilseier eit høgare behov.

Sunnfjord kommune har eit utgiftsbehov over landsgjennomsnittet for alle aldersgrupper (0-22 år). Det betyr at vi har ein stor andel born, som i sin tur gir eit høg andel av potensielle brukarar av barnevernstenester. Dette er med å trekke opp utgiftsbehovet. Tala stemmer godt med den oppfatninga ein har hatt av Sunnfjord, vi er ein kommune der barn og unge tradisjonelt sett har utgjort ein stor del av den kommunen sine innbyggjarar. Dette vil endre seg i åra framover mot 2030, der tal barn og unge er venta å ga ned samtidig som tal eldre er venta å auke dramatisk. Legg ein dette til grunn kan ein vente at utgiftsbehovet innan barnevernstenester vil gå ytterlegare ned i åra framover.

Når ein ser på indeksane "barn med einsleg forsørger" og "låginntektskriteriet" ser ein at vi har eit lågare behov, altså at vi har færre i desse to gruppene enn landsgjennomsnittet. Dei to kriteria er høgt vekta i den samla berekninga av utgiftsbehov. Sannsynlegvis fordi det er tydelege statistiske samanhengar mellom barn av einslege forsørgjarar og barn i låginntektsfamiliar, og bruk av barnevernstenester. Har ein mange i barn i desse gruppe vil ein, statistisk sett, ha behov for mykje barnevernstenester. Desse to kriteria kan difor sjåast på som risikofaktorar. I Sunnfjord har vi relativt få i barn i desse gruppene, og har dermed ein lågare risiko og eit lågare behov for barnevernstenester.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	2 673	2 713	2 804	3 119
Kostragruppe 09	2 021	2 033	2 133	2 624
Landet uten Oslo	2 085	2 098	2 152	2 600
Steinkjer	2 587	2 473	2 813	3 990
Voss herad	3 323	3 322	3 166	3 701
Sogndal	1 598	1 456	1 583	1 714
Kinn	1 737	2 342	2 922	3 442

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Prioritet

Figuren og nøkkeltala over viser den samla prioriteringa for heile tenesteområde. Talet er "summen av alt" innan barnevern og gir ein indikasjon på kor effektivt Sunnfjord kommune produserer barnevernstenester. Her er vi på eit middels-høgt nivå. Vi er ikkje dei med lågast prioritet (beste), heller ikkje blant dei med høgast prioritet (verste). Det er fleire orsakar til kvifor Sunnfjord

kommune, samla sett, endar opp slik vi gjer, men det er særleg fem samanhengar som er viktig å trekke fram:

1. Vi har høge utgifter til barnevernstenestene (244). Sunnfjord ligg nest høgst av alle samanlikningskommunar. Kunn Voss herad er dyrare på dette feltet.
2. Vi har låge utgifter til tiltak når barnet ikkje plassert (251). Her ligg vi desidert lågast av samanlikningskommunane.
3. Vi har relativt høge utgiftene til tiltak når barnet er plassert (252). Her ligg vi noko høgt, men nærare eit normal-nivå blant samanlikningskommunane.
4. Dekningsgraden verkar å vere jamt lågare for Sunnfjord. Det betyr at andelen brukarar er lågare enn snittet, og at ein dermed bør ha eit lågare behov for barnevernstenester. Denne vurderinga seier lite om behovet til den enkelte.
5. Produktiviteten verkar å vere god, men det kan sjå ut som om ein i Sunnfjord nyttar noko fleire årsverk til å løyse barnevernsoppgåver, enn snittet av samanlikningskommunar.

Desse fem punkta er forhold som enkeltvis, og i samspel med kvarandre, påverkar den samla prioriteringa. Desse elementa vil bli vurdert nærare etterkvart.

I perioden 2020-2022 går barnetalet (0-19 år) ned med totalt 105 personar i kommunen vår. Samtidig ligg det samla utgiftsbehovet innan tenesta stabilt mellom 0,93-0,95 % av landet. Likevel går utgiftene til barnevernstenesta opp i same periode. Trenden er lik for alle samanlikningskommunar. Dette skuldast barnevernreforma der rammene til kommunane vart auka i samsvar med auka ansvar og forskyving av oppgåver til kommunane i frå BUFETAT. Samtidig blei eigenandel for kjøp av tiltak heva kraftig. Alt dette er kome i form av nye lovkrav og rettleiarar.

Det er også to punkt som er litt interessante. For det første er utgiftsauken i frå 2021 til 2022 lågare hos oss, enn hos dei andre kommunane. For det andre varierer utgiftsnivået hos samanlikningskommunane i større grad frå år-til-år, medan utgiftsnivået for Sunnfjord har ei meir føreseieleg og stabil utvikling. Kontinuitet og stabilitet er eit kjenneteikn på god planlegging og styring, og kan tolkast som noko positivt.

Det er to faktorar som påverkar den totale kostnaden (prioritet) av ei teneste . I KOSTRA blir desse faktorane kalla for "Dekningsgrad" og "Produktivitet". Dekningsgrad forsøker å seier noko om behovet og andelen brukarar i vår kommune og demografi, samanlikna med andre kommunar. Produktivitet kan tolkast som einingskostander. Altså kor mykje ressursar vi brukar på å produsere barnevernstenester. Prioritet kan dermed settast opp som følgjande likning:

$$\text{prioritet} = \text{dekningsgrad} \times \text{produktivitet}$$

Dekningsgrad

Når ein ser på diverse nøkkeltal* innan dekningsgrad så ligg Sunnfjord kommune jamnt over lågare samanlikna med andre. Ut i frå KOSTRA-tala ser det ut som om vi har færre brukarar enn snittet, og at behovet til brukarande er på nivå med-, eller under snittet. Såleis kan behovet verke å vere mindre i Sunnfjord enn hos dei andre. Dersom dekningsgraden jamt over er låg skulle ein forvente at også utgiftene var lågare. Det er likevel ikkje tilfelle.

Noko av forklaringa kan ligge i at barnevernet i Sunnfjord jobbar med å prioritere strengare slik at vi jobbar mest med dei familiare som treng det mest. Det gjer at andelen av barn med tiltak (når dei ikkje er plassert av barnevernet) går ned. Forklaringa bak ein slik strategi kan vere meir målretta innsats. Ulempa med strengare prioritering kan vere at ein kjem for seint inn i saker og difor må inn med meir ressursar.

Ei anna forklaring finn vi når ein ser på tal plasserte barn. Her har andelen gått ned frå 0,8 % i 2020 til 0,6 % i 2022. Lågast av samanlikningskommunane. Dette er ein nasjonal trend i kjølevatnet av EMD-dommane (Den europeiske menneskerettsdomsol). Også her kan ei ulempe vere at ein står igjen med færre, men dyrare tiltak som følgje av strengare prioritering.

Vi får færre meldingar per barn enn snittet for KOSTRA-gruppa. Det kan delvis forklarast av demografien, men kanskje mest av sosioøkonomiske forhold (andelen barn med eineforsørgjarar eller låginntektsfamiliar), der Sunnfjord ligg vesentleg lågare enn samanlikningskommunane. Når andelen meldingar er lågare enn snittet vil også andelen undersøkingar være lågare enn snittet, då desse to påverkar kvarandre. Det vil alltid vere fare for at der er meldingar barnevern ikkje får, men som dei burde fått. Dette er noko dei tilsette bør vere beviste på i sitt virke.

Ser ein på nivået av henlagde saker, så har tala auka dei siste tre åra. Frå 7,6 % i 2020 til 20,9 % i 2022. Det har vore eit bevist val i Sunnfjord dei siste åra, då ein såg at ein tidlegare undersøkte for mange meldingar. Ein meiner no å være på eit meir rett nivå, og vi er på eit nivå som er meir likt landet.

Ei samla vurdering av dekningsgrad tilseier at andelen brukarar verkar å vere lågare i Sunnfjord enn i samanlikningskommunane og KOSTRA-gruppa. Dette bør isolert sett tilseie lågare samla kostnader. Men det kan verke som om tildelingskriteria, samla sett, er høgare enn hos dei andre kommunane. Det kan medføre at ein står igjen med færre, men dyrare brukarar og barnevernstiltak

*Nøkkeltal som ligg til grunn for vurderinga over:

- 0-17 år Andelen barn med barneverns-tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet i løpet av året.
- 0-17 år Omsorgstiltak andel barn med barneverns-tiltak i løpet av året (prosent).
- Barn med melding ift. tal innbyggere 0-17 år.
- Barn med undersøkelser ift. tal innbyggere 0-17 år
- Andel meldingar som er henlagt av meldingar i alt (prosent)

Produktivitet

Lønn er ein av dei store kostnadsdrivarane bak produktivitet (og dermed også prioritet). I Sunnfjord er det få barn med undersøking eller tiltak per årsverk. Lågast av alle samanlikningskommunane. Det betyr at det er relativt fleire årsverk per tiltak i Sunnfjord enn elles. Dette ser ein også igjen i eit sentralt nøkkeltal (netto driftsutgifter per innbyggjer (244) barnevernstenester) som vert vurdert litt seinare. Det kan sjå ut til at bemanninga i Sunnfjord pr. bruker, og kostnadane knytt til lønn ligg litt over snittet.

Når tal årsverk er høg(are) skulle ein tru at kostnaden per tiltak også vart høg. Men faktisk er det det motsette som skjer. Kostnaden per tiltak er noko lågare i Sunnfjord enn for KOSTRA-gruppa og landet, og vesentleg lågare enn alle samanlikningskommunar med unntak av Sogndal (som truleg har feilrapportert og som vi bør sjå bort ifrå).


Ei forklaring kan vere at ein ved å ha god grunnbemanning kan gjennomføre fleire tiltak sjølv framfor å kjøpe tiltak frå private. I tillegg peikar dei tilsette på at dette er avgjerande viktig i forhold til trivsel, sjukefråvær, fagmiljø og kompetanse. Dette vil hindre/reducere turnover i barnevernet. Ein har difor sidan 2022 forsøkt å styrke årsverka i barnevernet, for å redusere kjøp frå konsulentar og private tiltak. Det har ein sett positiv effekt av i løpet av året 2023 der ein har redusert kjøp frå andre og konsulentar med 2,4 mill. kroner. Ein ventar ytterlegare effekt av dette i 2024, i form av reduserte kostnader, redusert sjukefråvær og ingen fristbrot.

Det verkar å vere høg produktivitet* for det som gjeld fristar og saksbehandlingstid. Det er viktig for å halde orden og oversikt og for å prioritere i høve den enkelte sak sitt alvor.

*Nøkkeltal som ligg til grunn for vurderinga av produktivitet:

- Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244).
- Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak (B)*)
- Andelen meldingar med behandlingstid inne 7 dagar
- Andel undersøkingar med behandlingstid inne 3 månedar

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (244) barnevernstjeneste (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	816	814	1 070	1 161
Kostragruppe 09	785	748	822	988
Landet uten Oslo	813	781	840	993
Steinkjer	917	827	872	1 115
Voss herad	834	829	959	1 451
Sogndal	772	855	751	864
Kinn	907	947	936	980

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Lønn er ein av dei store kostnadsdrivarane i tenestene.


I 2020 hadde Barnevernstenesta i Sunnfjord 26,1 årsverksheimlar. Dei aller fleste var lønsmeldt på funksjon 244 (drift barnevern). Fram mot årsbudsjettet for 2023 er barnevernstenesta, og funksjon 244 styrka med 2,4 nye årsverk, då finansiert gjennom overføring i frå kjøp av tenester som og ligg under same funksjon. Dette, i tillegg til vurderingar av andre nøkkeltal, er med å styrke teorien på at ein i Sunnfjord nyttar noko fleire årsverk for å løyse barnevernsoppgåver enn snittet av dei andre.

Det vil i så fall vere med å forklare kvifor vi ligg ein del høgare enn dei andre kommunane med unntak av Steinkjer og Voss. Men dette utgiftsnivået kan vise seg å vere rett nivå for Sunnfjord. Det

er, og har vore ei bevisst satsing å styrke organiseringa og bemanninga i tenesta for å møte reforma og framtida. Dette på bakgrunn av tidlegare tenesteanalyse i barnevern, råd og rettleiing i frå BUFDIR og evaluering av tenesta frå KS konsulent.

Eininga sjølv har ein teori om at ein ved å styrke intern organisering og eige fagmiljø kan redusere sjukefråvær, kjøp av private tiltak og konsulentbistand, utan at det går på bekostning av kvaliteten. Effekten av dette er ikkje lett å sjå att i 2022-tala, men ein ser tydelege positive effektar av dette i 2023, der tenesta går med eit mindreforbruk.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (251) tiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	422	264	326	291
Kostragruppe 09	313	308	339	326
Landet uten Oslo	314	310	304	316
Steinkjer	156	218	325	523
Voss herad	452	463	390	388
Sogndal	238	258	215	478
Kinn	642	570	690	824

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


***) Graf er justert med utgiftsbehov*

Sunnfjord kommune nyttar minst utgifter per innbyggjar til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet av alle samanlikningskommunar. Årsaka her kan vere at vi har eit eige familieteam som arbeider inn mot familiar når det er vorte ei barnevernsak, som er billigare enn å kjøpe tenestene. Samtidig har vi og ei oppfølgingsteneste på Helsestasjonen som følger opp familiar på lågterskelnivå som ikkje blir kostnadsført på denne funksjonen, då det er tiltak før ein kjem inn under barnevern.

Ein må sjå funksjon 244 (drift) og 251 (tiltak i heimen) i ein samanheng, og ser då at vi er rett over samanliknande kommunane på kostnad.

Ei anna forklaring, som også er nemnt tidlegare, kan vere at tildelingskriteria er høge. I så fall kan ein risikere at ein del som kunne fått hjelp på eit lågare nivå, ikkje får det før behova er store og krev meir ressursar. Dette ser vi delvis att i neste nøkkeltal (Netto driftsutgifter per innbyggjar (252) tiltak når barnet er plassert av barnevernet). Kanskje kan det vere eit potensiale å ha lågare terskel for tiltak og tidleg innsats, førebyggjande arbeid på tvers. Er Sunnfjord kommune på rett veg for å ta tak i dette, gjennom implementering av Betre tverrfagleg innsats (BTI) og å styrka støttesystem/breiare lågterskeltilbod i kommunen? Dette er tiltak som forhåpentlegvis vil gi resultat etter kvart.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (252) tiltak når barnet er plassert av barnevernet (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 434	1 635	1 408	1 668
Kostragruppe 09	923	976	973	1 310
Landet uten Oslo	959	1 007	1 010	1 291
Steinkjer	1 514	1 428	1 615	2 352
Voss herad	2 036	2 030	1 818	1 863
Sogndal	590	343	617	371
Kinn	190	825	1 297	1 640

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Vi har ein låg andel barn med tiltak som er plassert, men likevel ligg vi relativt høgt på utgifter, i vert fall samanlikna mot KOSTRA-gruppa og landet. Det kan sjå ut som om vi har få, men dyre tiltak.



Mange av tiltaka vi snakkar om her er statlege tiltak gjennom Bufetat. Desse tiltaka kan variere i omfang som igjen kan gi store utslag for dette nøkkeltalet. At dette talet kan ha naturlege variasjonar frå år-til-år er difor ikkje uvanleg. Ein lengre tidsserie ville vore ideelt for å få eit meir korrekt bilede av kva som er rett nivå "over tid". Det finnes ikkje KOSTRA-tal på dette, for Sunnfjord



før 2020. Dette er også eit område der tiltak kan gå over fleire år, og som barnevernet i mindre grad har moglegheit til å påverke.

Likevel styrkar dette analysen frå tidlegare, om at ein kanskje kjem inn med tiltak på eit seinare tidspunkt enn det som hadde vore ideelt. Ei anna forklaring kan sjølvsagt vere at vi gir tiltak med for høg kvalitet, men det er vanskeleg å konkludere ut i frå talgrunnlaget.

Kultur og idrett



Sunnfjord kommune ligg generelt på gjennomsnittet samanlikna KOSTRA gruppe 9 og har såleis relativt lite potensiale for innsparing. Sunnfjord kommune skal vere eit inkluderande kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet og bør ta eit ansvar for regionens kunst og kulturliv.

Funksjon 231 aktivitetstilbod born og ungdom, er vesentleg lågare enn gjennomsnittet.

Funksjon 370 bibliotek, her ligg vi litt over gjennomsnittet.. Kommunen har valt ei desentralisert bibliotekteneste med 6 bibliotek og der folkebiblioteket yter skulebibliotek-tenester som er kostnadsdrivande.

Funksjon 383 Kulturskolen, ligg noko over gjennomsnittet samanlikna med Kostar-gruppa og andre samanliknbare kommunar. Andre kommunar har dansetilbod og tel elevar i «korps i skulen», noko som drar opp elevtalet. Dette gjer at kostnad per elev då vert lågare for desse kulturskulane. Ein annan årsak kan vere at Sunnfjord har 8 distriktsmusikarar. Kostnaden vert her også fordelt på tal elevar.


Funksjon 385 og 386 kulturbygg. Sunnfjord kommune er eigar av relativt mange bygg og brukar meir enn gjennomsnittet. Samla kostnader kommune har på tilskot til andre sine og egne anlegg, ligg samanlikna likt med KOSTRA gruppe 9.

Funksjon 377 kunstformidling ligg vi høgt. Desse kostnadane er tilskot til Teater Vestland og Førdefestivalen.

Funksjon 380 og 381 kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg. Sunnfjord kommune er eigar av relativt mange bygg og brukar meir enn gjennomsnittet. Samla kostnader kommune har på tilskot til andre sine anlegg og egne anlegg ligg samanlikna likt KOSTRA gruppe 9.

Funksjon 375 museum, her ligg vi over og kostnadane er knytt til avtalar med musea i Sogn og Fjordane og Luftkammuseet.

Prioritet - Aktivitetstilbud barn og unge brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		80	151	148
Kostragruppe 09		211	277	243
Landet uten Oslo	252	232	289	284
Steinkjer		116	114	167
Voss herad		222	262	296
Sogndal		197	273	148
Kinn		169	178	186

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Kommunen brukar relativt lite pengar på barn og unge samanlikna med andre kommunar og vesentleg mindre enn kostragruppe 9. Det er 2 ungdomsklubbar i kommunen. Desse ligg i Førde og Naustdal. Det er ynskje om ungdomsklubbar alle stader det er ungdomsskular. Ynskje er fremma i ulike råd og utval samt kommunestyret. Det er også kome som eit i innspel til plan for kultur, frivilligheit og inkludering.

Det kjem eiga politisk sak om ungdomsklubbar i februar.

Prioritet - Aktivitetstilbud barn og unge korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		80	150	146
Kostragruppe 09		183	225	203
Landet uten Oslo	211	190	230	230
Steinkjer		114	113	156
Voss herad		215	233	276
Sogndal		189	211	124
Kinn		156	163	171

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Kommunen brukar relativt lite pengar på barn og unge samanlikna med andre kommunar og vesentleg mindre enn kostragruppe 9. Det er 2 ungdomsklubbar i kommunen. Desse ligg i Førde og Naustdal. Det er ynskje om ungdomsklubbar alle stader det er ungdomsskular. Ynskje er fremma i ulike råd og utval samt kommunestyret. Det er også kome som eit i innspel til plan for kultur, frivilligheit og inkludering.

Det kjem eiga politisk sak om ungdomsklubbar i februar.

Prioritet - Aktivitetstilbud barn og unge nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		59	104	63
Kostragruppe 09		182	188	196
Landet uten Oslo	205	185	194	222
Steinkjer		111	113	157
Voss herad		209	182	252
Sogndal		146	179	110
Kinn		65	73	142

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Kommunen brukar relativt lite pengar på barn og unge samanlikna med andre kommunar og vesentleg mindre enn kostragruppe 9. Det er 2 ungdomsklubbar i kommunen. Desse ligg i Førde og Naustdal. Det er ynskje om ungdomsklubbar alle stader det er ungdomsskular. Ynskje er fremma i ulike råd og utval samt kommunestyret. Det er også kome som eit i innspel til plan for kultur, frivilligheit og inkludering.

Det kjem eiga politisk sak om ungdomsklubbar i februar.

Prioritet - Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		365	318	293
Kostragruppe 09		411	438	469
Landet uten Oslo	549	468	493	551
Steinkjer		349	409	505
Voss herad		422	369	605
Sogndal		246	435	451
Kinn		511	744	824

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune bruker lite på tilskot til andre kulturbygg direkte, tilskot til Musea og Teater Vestland er betalt på andre poster

Prioritet - Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		200	278	231
Kostragruppe 09		301	333	339
Landet uten Oslo	364	314	349	370
Steinkjer		178	246	237
Voss herad		243	240	371
Sogndal		143	313	288
Kinn		431	563	585

**) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

Sunnfjord kommune bruker lite på tilskot til andre kulturbygg direkte, tilskot til Musea og Teater Vestland er betalt på andre poster

Prioritet - Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		201	141	173
Kostragruppe 09		305	285	296
Landet uten Oslo	404	373	354	365
Steinkjer		201	223	192
Voss herad		371	276	366
Sogndal		237	364	363
Kinn		402	503	501

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune bruker lite på tilskot til andre kulturbygg direkte, tilskot til Musea og Teater Vestland er betalt på andre poster

Prioritet - Bibliotek brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		332	361	364
Kostragruppe 09		308	314	312
Landet uten Oslo	372	348	357	353
Steinkjer		250	304	313
Voss herad		384	386	397
Sogndal		424	471	474
Kinn		257	283	299

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord, Sogndal og Voss har eit desentralisert tilbod til innbyggjarane i kommunen i motsetnad til Steinkjer og fleire kommunane i kostragruppe 9 som har eit bibliotek og ikkje ansvar for skulebibliotek. Biblioteka i Sunnfjord har mindre driftsutgifter enn Voss og Sogndal som og har eit desentralisert tilbod.


Dei 6 folkebiblioteka i Sunnfjord kommune har i samsvar med biblioteklova i oppdrag å fungere som aktive møteplassar i lokalsamfunnet. Det er store variasjonar i besøkstal for det enkelte bibliotek knytt til opningstid, aktivitetar, bruk av skulebibliotek og tradisjon for bruk av biblioteket i grendene.

Eit desentralisert tilbod med mange avdelingar og mobil bibliotekdrift som Voss nyttar har ekstra kostnader knytt til samlingsutvikling, transportkostnader, personalressursar og lisensar.

Gratis-prinsippet for bibliotek er og knytt til arrangement, debattar og biblioteket som demokratisk arena. Det er sentralt at kommunen har ressursar knytt til biblioteka som sikrar gode demokratiske arenaer og møteplassar i heile kommunen. Eit desentralisert tilbod gjev auka kostnader til arrangement og aktivitetar.

Sunnfjord bibliotek har ansvar for folkebibliotektenesta og skule har ansvar for skulebibliotektenesta. Sunnfjord bibliotek støttar og styrkar drifta av skulebibliotektenesta ved alle grunnskulane i kommunen gjennom vedlikehald, tilvekst og fagleg kompetanse. Sunnfjord bibliotek har og driftsansvar for kombinasjonsbibliotek i Naustdal, Vassenden, Skei og på Sande. Oppgåver knytt til drift av kombinasjonsbibliotek og bibliotekfagleg drift i skulebibliotek medfører kostnader knytt til folkebibliotektenesta i kommunen. Ansvar for skulebibliotekteneste ligg til skule.

Prioritet - Bibliotek brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		0	19	66
Kostragruppe 09		5	17	9
Landet uten Oslo	14	11	14	14
Steinkjer		0	0	0
Voss herad		0	0	0
Sogndal		0	0	0
Kinn		0	60	33

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Førde og Naustdal i Sunnfjord kommune og Kinn bibliotek har innført løysingar for meirope bibliotek i 2021/2022. Dette er løysingar som tidlegare er innført ved biblioteka i mange kommunar i Norge i kostragruppe 9 før 2020. Voss og Sogndal har ikkje meirope bibliotek.

Prioritet - Bibliotek korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		332	361	364
Kostragruppe 09		292	297	295
Landet uten Oslo	364	343	351	347
Steinkjer		250	304	313
Voss herad		383	386	392
Sogndal		416	463	450
Kinn		250	277	290

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord, Sogndal og Voss har eit desentralisert tilbod til innbyggjarane i kommunen i motsetnad til Steinkjer og fleire kommunane i kostragruppe 9 som har eit bibliotek og ikkje ansvar for skulebibliotek. Biblioteka i Sunnfjord har mindre driftsutgifter enn Voss og Sogndal som og har eit desentralisert tilbod.

Dei 6 folkebiblioteka i Sunnfjord kommune har i samsvar med biblioteklova i oppdrag å fungere som aktive møteplassar i lokalsamfunnet. Det er store variasjonar i besøkstal for det enkelte bibliotek knytt til opningstid, aktivitetar, bruk av skulebibliotek og tradisjon for bruk av biblioteket i grendene.




Eit desentralisert tilbod med mange avdelingar og mobil bibliotekdrift som Voss nyttar har ekstra kostnader knytt til samlingsutvikling, transportkostnader, personalressursar og lisensar.

Gratis-prinsippet for bibliotek er og knytt til arrangement, debattar og biblioteket som demokratisk arena. Det er sentralt at kommunen har ressursar knytt til biblioteka som sikrar gode demokratiske arenaer og møteplassar i heile kommunen. Eit desentralisert tilbod gjev auka kostnader til arrangement og aktivitetar.

Sunnfjord bibliotek har ansvar for folkebibliotektenesta og skule har ansvar for skulebibliotektenesta. Sunnfjord bibliotek støttar og styrkar drifta av skulebibliotektenesta ved alle grunnskulane i kommunen gjennom vedlikehald, tilvekst og fagleg kompetanse. Sunnfjord bibliotek har og driftsansvar for kombinasjonsbibliotek i Naustdal, Vassenden, Skei og på Sande. Oppgåver knytt til drift av kombinasjonsbibliotek og bibliotekfagleg drift i skulebibliotek medfører kostnader knytt til folkebibliotektenesta i kommunen. Ansvar for skulebibliotekteneste ligg til skule.

Prioritet - Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		325	343	356
Kostragruppe 09		291	290	291
Landet uten Oslo	338	324	326	324
Steinkjer		225	287	293
Voss herad		365	373	386
Sogndal		417	460	459
Kinn		254	281	297

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord, Sogndal og Voss har eit desentralisert tilbod til innbyggjarane i kommunen i motsetnad til Steinkjer og fleire kommunane i kostragruppe 9 som har eit bibliotek og ikkje ansvar for skulebibliotek. Biblioteka i i Sunnfjord har mindre driftsutgifter enn Voss og Sogndal som og har eit desentralisert tilbod.


Dei 6 folkebiblioteka i Sunnfjord kommune har i samsvar med biblioteklova i oppdrag å fungere som aktive møteplassar i lokalsamfunnet. Det er store variasjonar i besøkstal for det enkelte bibliotek knytt til opningstid, aktivitetar, bruk av skulebibliotek og tradisjon for bruk av biblioteket i grendene.

Eit desentralisert tilbod med mange avdelingar og mobil bibliotekdrift som Voss nyttar har ekstra kostnader knytt til samlingsutvikling, transportkostnader, personalressursar og lisensar.

Gratis-prinsippet for bibliotek er og knytt til arrangement, debattar og biblioteket som demokratisk arena. Det er sentralt at kommunen har ressursar knytt til biblioteka som sikrar gode demokratiske arenaer og møteplassar i heile kommunen. Eit desentralisert tilbod gjev auka kostnader til arrangement og aktivitetar.

Sunnfjord bibliotek har ansvar for folkebibliotektenesta og skule har ansvar for skulebibliotektenesta. Sunnfjord bibliotek støttar og styrkar drifta av skulebibliotektenesta ved alle grunnskulane i kommunen gjennom vedlikehald, tilvekst og fagleg kompetanse. Sunnfjord bibliotek har og driftsansvar for kombinasjonsbibliotek i Naustdal, Vassenden, Skei og på Sande. Oppgåver knytt til drift av kombinasjonsbibliotek og bibliotekfagleg drift i skulebibliotek medfører kostnader knytt til folkebibliotektenesta i kommunen. Ansvar for skulebibliotekteneste ligg til skule.

Prioritet - Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		5 528	3 880	1 389
Kostragruppe 09		1 111	1 020	874
Landet uten Oslo	1 409	1 483	1 184	1 090
Steinkjer		199	4 002	803
Voss herad		187	3	121
Sogndal		735	312	166
Kinn		5 149	910	2 056

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

I 2020 var kostnader før Kulturskulen utbetalt som blei opna i januar 2020.

Etter det har det ikkje vore store investeringar på Kulturområdet i Sunnfjord kommune.


Prioritet - Frivillige lag og foreninger, andre kulturaktiviteter Gratis hall- eller husleie for frivillige barne- og ungdomsforeninger (ja=1, nei=0)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		1	1	1
Kostragruppe 09		17	15	21
Landet uten Oslo		262	264	264
Steinkjer	1	1		1
Voss herad	2	1	1	1
Sogndal	0	1	1	1
Kinn	1	0	1	

Sunnfjord kommune har ikkje gratis Hall leige, men gratis husleige for Vaksenopplæring, kor og korps.

Prioritet - Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		67	59	57
Kostragruppe 09		209	212	190
Landet uten Oslo	177	171	172	185
Steinkjer		195	182	201
Voss herad		132	125	118
Sogndal		45	45	38
Kinn		194	733	718


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Stabilt lågt forbruk til samanlikning med kostra gruppe 09 i rekneskapen. Det ligg inne ei stilling, nokre mindre utgifter knytt til stillinga, faste tilskot etter avtalar og tilskotsmidlar til drift og arrangement etter søknad.

Spelemidlar vert ført ut og inn her og gir for høge på tal då tidlegare lån var ført i gamal kommune og tilbakebetaling ført inn her. For framtida er dette løyst med eige fond og midlar vil vere likt inn og ut same året. Men det er framleis ikkje rydda opp i alle tidlegare utlån.

Kommunen eig svært mange av idrettsanlegga i kommunen, det er truleg forklaringa på at det likevel er lågare tall her samanlikna med kostragruppe 09. Visst vi ser samla kostnader kommunen har på tilskot til andres idrettsanlegg og kommunale idrettsanlegg og idrettsanlegg ligg vi ganske jamt med kostragruppe 09.

Prioritet - Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		709	950	928
Kostragruppe 09		681	698	730
Landet uten Oslo	778	778	846	861
Steinkjer		156	184	202
Voss herad		1 531	1 308	1 478
Sogndal		270	363	325
Kinn		954	818	723

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


Stabilt og berre litt over gjennomsnittet for kostragruppe 09, dette til tross for at vi eig mange idrettsanlegg. Til samanlikning eig Sogndal og Kinn svært få idrettsanlegg, her er det idretten sjølv som eig desse.

Visst vi ser samla kostnader kommunen har på tilskot til andres idrettsanlegg og kommunale idrettsanlegg og idrettsanlegg ligg vi svært jamt med kostragruppe 09.

Sogndal har 1 idrettshall, Kinn har 3 idrettshallar (og leiger eit idrettssenter frå fylkeskommunen). Til samanlikning har vi 4 fleirbrukshallar i tillegg til Førdehuset som har 3 idrettshallar. Vi har også 2 fotballhallar (11-ar og 7-ar) og 1 klatrehall.

Når det gjeld kunstgrasbaner eig vi 9 kunstgrasbaner mot Kinn som eig 2.

Prioritet - Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	2 292	2 682	2 743	2 618
Kostragruppe 09	2 517	2 470	2 504	2 569
Landet uten Oslo	2 828	2 778	2 826	2 878
Steinkjer	3 269	2 333	1 792	2 953
Voss herad	3 096	2 868	2 543	2 975
Sogndal	2 821	2 043	1 936	2 229
Kinn	2 376	2 635	2 537	2 534

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune ligg lågare enn Landet, Voss og Steinkjer. Litt høgare enn Kinn og Kostragruppe 09, og høgare enn Sogndal. Tala viser ein tendens: Sunnfjord kommune har over tid satsa på kultur, men ligg likevel etter gjennomsnittskommunen i landet.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (383) musikk- og kulturskoler (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	427	446	439	407
Kostragruppe 09	319	312	327	321
Landet uten Oslo	364	351	363	352
Steinkjer	321	306	327	384
Voss herad	415	267	310	279
Sogndal	412	376	413	400
Kinn	572	581	588	580


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord ligg litt over snittet i landet og i Kostragr 9 i netto driftsutgifter per innbyggjar. Dette skuldast at Sunnfjord har eit lågare elevtal enn samanliknbare kommunar då vi ikkje tilbyr dans i kulturskulen. I kommunen har vi fleire private danseaktørar som tilbyr dette. Med dans som tilbod ville elevtalet auka betydeleg, og dermed ville netto driftsutgifter gått ned. T.d. har Steinkjer 240 elevplassar på dans av totalt 670 elevplassar. På Voss tel del "korps i skulen"-elevar, noko som driv elevtalet opp. Om vi i Sunnfjord hadde telt alle elevane vi gir tilbod til gjennom "korps i skulen" ville talet sett heilt annleis ut. Vi treffer kvar veke over 100 elevar gjennom dette tilbodet - dei er ikkje del av teljinga i GSI.

I tillegg har vi i Sunnfjord 8 distriktsmusikarar der halve stillinga er utøvande verksemd. Denne kostnaden vert også fordelt per innbyggjar. Sunnfjord kulturskule gir tilbodet desentralisert på 10 ulike lokasjonar, noko som også er kostnadsdrivande.

Prioritet - Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 067	3 242	3 275	3 091
Kostragruppe 09	2 524	2 480	2 614	2 575
Landet uten Oslo	2 975	2 901	3 017	2 941
Steinkjer	2 677	2 574	2 804	3 294
Voss herad	3 505	2 272	2 604	2 318
Sogndal	3 492	3 203	3 619	3 458
Kinn	4 309	4 465	4 556	4 496


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord ligg om lag på snittet i landet i netto driftsutgifter per innbygger 6-15 år. Vi ligg litt over Kostragr 9.

Dette skuldast at Sunnfjord har eit lågare elevtal enn samanliknbare kommunar då vi ikkje tilbyr dans i kulturskulen. I kommunen har vi fleire private danseaktørar som tilbyr dette. Med dans som tilbod ville elevtalet auka betydeleg, og dermed ville netto driftsutgifter gått ned. T.d. har Steinkjer 240 elevplassar på dans av totalt 670 elevplassar. På Voss tel del "korps i skulen"-elevar, noko som driv elevtalet opp. Om vi i Sunnfjord hadde telt alle elevane vi gir tilbod til gjennom "korps i skulen" ville talet sett heilt annleis ut. Vi treffer kvar veke over 100 elevar gjennom dette tilbodet - dei er ikkje del av teljinga i GSI.

I tillegg har vi i Sunnfjord 8 distriktsmusikarar der halve stillinga er utøvande verksemd. Denne kostnaden vert også fordelt per innbyggjar. Sunnfjord kulturskule gir tilbudet desentralisert på 10 ulike lokasjonar, noko som også er kostnadsdrivande.

Produktivitet - Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	37 601	32 535	32 849	31 123
Kostragruppe 09	24 550	24 238	24 015	24 370
Landet uten Oslo	24 981	24 662	25 556	25 283
Steinkjer	23 567	22 728	21 602	24 646
Voss herad	23 337	16 236	17 913	15 781
Sogndal	24 224	22 246	23 455	21 984
Kinn	24 673	26 314	24 256	23 596

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kulturskule ligg over lands-snittet og over dei samanlikna kommunane i brutto driftsutgifter. Dette skuldast at Sunnfjord har eit lågare elevtal enn samanliknbare kommunar då vi ikkje tilbyr dans i kulturskulen. I kommunen har vi fleire private danseaktørar som tilbyr dette. Med




dans som tilbod ville elevtalet auka betydeleg, og dermed ville netto driftsutgifter gått ned. T.d. har Steinkjer 240 elevplassar på dans av totalt 670 elevplassar. På Voss tel del "korps i skulen"-elevar, noko som driv elevtalet opp. Om vi i Sunnfjord hadde telt alle elevane vi gir tilbod til gjennom "korps i skulen" ville talet sett heilt annleis ut. Vi treffer kvar veke over 100 elevar gjennom dette tilbodet - dei er ikkje del av teljinga i GSI.

I tillegg har vi i Sunnfjord 8 distriktsmusikarar der halve stillinga er utøvande verksemd. Denne kostnaden vert også fordelt per innbyggjar. I Sogndal har dei 5 distriktsmusikarar i interkommunal ordning, slik at deira musikarkostnadar er ikkje med i denne statistikken.

Sunnfjord kulturskule sel mykje tenester både til frivillige og til det offentlege, noko som gir gode inntekter. Det er derfor ikkje like interessant å sjå på brutto utgifter som på netto driftsutgifter.


Dekningsgrad - Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		3,7 %	3,9 %	4,8 %
Kostragruppe 09		3,1 %	3,2 %	2,9 %
Landet uten Oslo	3,2 %	3,0 %	3,1 %	3,2 %
Steinkjer		1,3 %	1,4 %	2,3 %
Voss herad		3,2 %	5,5 %	3,4 %
Sogndal		3,6 %	1,4 %	1,4 %
Kinn		3,2 %	3,6 %	3,3 %

Sunnfjord kulturskule har god tilgang på elevar. Ventelista er aukande, noko som viser at tilboda våre er attraktive. Det betyr samstundes at mange barn og unge ikkje får plass på kulturskulen. Årsaka til auken i venteliste frå 2021 til 2022 kan skuldast at vi starta opp teatertilbodet som er svært populært. Her ligg Sunnfjord høgre enn samanliknbare kommunar.

Dekningsgrad - Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	13,0 %	13,7 %	13,9 %	14,6 %
Kostragruppe 09	12,4 %	11,9 %	12,7 %	12,6 %
Landet uten Oslo	13,7 %	13,2 %	13,3 %	13,3 %
Steinkjer	16,1 %	15,8 %	16,8 %	17,0 %
Voss herad	16,4 %	17,0 %	16,2 %	18,1 %
Sogndal	13,6 %	14,8 %	15,4 %	16,2 %
Kinn	17,5 %	16,5 %	16,2 %	16,4 %

Sunnfjord kulturskule ligg over snitt i landet og i KOSTRA gr 9 på tal elevar i kulturskulen. Vi har hatt ein liten auke frå 2020 til 2022 og dette skuldast oppretting av teaterstilbod i 2022. Samanlikna med Voss, Sogndal og Kinn ligg Sunnfjord noko lågare i tal elevar. Dette skuldast at Sunnfjord ikkje tilbyr dans i kulturskulen, då vi har fleire private danseaktørar i kommunen. Med dans som tilbod ville elevtalet auka betydeleg. T.d. har Steinkjer 240 elevplassar på dans av totalt 670 elevplassar og Voss har 100 danseelevar av 560 elevplassar. I tillegg tel dei "korps i skulen"-elevar og rapporterer inn i GSI. dette gjer vi ikkje i Sunnfjord, då desse elevane får tilbodet som del av skulen sitt musikktilbod.

Elles stemmer bildet ein ser i landet forøvrig der større kommunar har lågare prosentvis tal elevar enn mindre kommunar. Likevel ligg Sunnfjord bra høgt i høve landssnittet.

Dekningsgrad - Antall årsverk ved kommunalt drevet fritidssenter




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		2,8	2,3	2,5
Kostragruppe 09		90,3	96,6	110,1
Landet uten Oslo		646,5	691,8	716,6
Steinkjer	2,3	3,0		4,0
Voss herad	3,3	3,3	2,7	2,7
Sogndal	0,8	0,2	0,3	0,0
Kinn	1,8	1,3	1,3	

Dette er stilling som er knytt til administrasjon av ungdomsklubbar. 1,45 stillingar som er direkte retta mot Skrivarløa, og ungdomsklubben i Naustdal er 0,6 årsverk. 1 årsverk er knytt til koordinator andre oppgåver som ligg til stillinga.

Vil kommunen ha fleire ungdomsklubbar må det tilsettast meir personale.

Dekningsgrad - Årsverk, antall innbyggere per årsverk i folkebibliotek




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		2 856	2 914	2 604
Kostragruppe 09		3 384	3 353	3 263
Landet uten Oslo	2 970	2 969	2 978	3 034
Steinkjer		3 450	3 179	3 173
Voss herad		2 392	2 835	2 484
Sogndal		1 973	2 261	2 280
Kinn		4 105	4 098	4 110

Eit desentralisert bibliotek-tilbod med 6 bibliotek og drift av kombinasjonsbibliotek gjev noko fleire årsverk pr innbyggjar enn i kostragruppe 9. Sunnfjord har færre årsverk pr. innbyggjar enn Sogndal og Voss som og har desentralisert tilbod og gode opningstider.

Vakante stillingar i 2020-2021 gjev utslag i statistikken. Sunnfjord bibliotek støttar og styrkar drifta av skulebibliotektenesta ved alle grunnskulane i kommunen gjennom vedlikehald, tilvekst og fagleg kompetanse. Sunnfjord bibliotek har og driftsansvar for kombinasjonsbibliotek i Naustdal, Vassenden, Skei og på Sande.


Dekningsgrad - Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4,8	4,6	3,7	3,9
Kostragruppe 09	6,0	3,1	3,8	4,2
Landet uten Oslo	5,0	2,9	3,3	3,8
Steinkjer	3,7	2,2	2,4	2,4
Voss herad	3,7	3,1	3,2	3,5
Sogndal	2,8	2,3	3,5	6,0
Kinn	3,6	2,5	2,6	2,8

I 2021 og 2022 har eininga hatt store ombyggingsprosjekt på Skei, Førde og Naustdal og reduksjonar i talet på besøk pr. innbyggjar. Sunnfjord bibliotek hadde kort nedstenging under koronapandemien i motsetnad til dei andre kommunane. Medan resten av Norge i 2021 og 2022 har hatt ein auke i talet på besøk, er det redusert i Sunnfjord i denne perioden.


Dekningsgrad - Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3,3	3,0	3,3	3,3
Kostragruppe 09	2,6	1,9	2,1	2,1
Landet uten Oslo	2,9	2,2	2,4	2,4
Steinkjer	3,4	2,4	2,7	2,7
Voss herad	3,4	2,1	3,3	3,7
Sogndal	3,0	2,5	2,7	3,0
Kinn	1,9	1,6	1,7	1,5

Desentralisert bibliotektilbod med 6 bibliotek i Sunnfjord kommune, der 4 er aktive kombinasjonsbibliotek gjev gode utlånstal. Gode deltakar-tal i leseaksjonar som Sommarles for barn gjev eit godt utlån. Ombyggingsprosjekt i same periode gjer at det ikkje er ein auke i tala, men at utlånet er stabilt i 2021-2022.


Kvalitet - Årlig totale åpningstimer i kommunale fritidssenter per 1000 innbyggere 6-20 år



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		203	322	324
Kostragruppe 09		407	423	547
Landet uten Oslo	527	363	509	578
Steinkjer		610		680
Voss herad		270	453	376
Sogndal		139	139	140
Kinn		452	227	

Sunnfjord kommune ligg langt etter Landet, Steinkjer, Kostragruppe 09 og Voss. Den einaste kommune vi ligger over er Sogndal, som nesten ikkje har tilbod i det heile.


Kvalitet - Besøk i folkebibliotek per innbygger



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		4,6	3,7	3,9
Kostragruppe 09		3,0	3,8	4,2
Landet uten Oslo	4,9	2,7	3,2	3,8
Steinkjer		2,2	2,4	2,4
Voss herad		3,1	3,2	3,5
Sogndal		2,3	3,5	6,0
Kinn		2,5	2,6	2,8

I 2021 og 2022 har eininga hatt store ombyggingsprosjekt på Skei, Førde og Naustdal og reduksjonar i talet på besøk pr. innbyggjar. Sunnfjord bibliotek hadde kort nedstenging under koronapandemien i motsetnad til dei andre kommunane. Medan resten av Norge i 2021 og 2022 har hatt ein auke i talet på besøk, er det redusert i Sunnfjord i denne perioden grunna periodar med stengt bibliotek i Førde og Skei.


Kvalitet - Besøk per kinoforestilling



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		19,6	22,7	27,5
Kostragruppe 09		12,9	13,2	17,6
Landet uten Oslo	25,5	15,8	16,6	21,0
Steinkjer		9,4	10,9	14,4
Voss herad		12,5	12,7	19,3
Sogndal		10,9	11,7	14,6
Kinn		21,5	26,2	34,0

Sunnfjord kommune har forholdsvis få kinoforestillingar, men godt besøk på kvar førestilling. Berre Kinn er betre, men dei har enda færre førestillingar.


Kvalitet - Omløpshastighet barnebøker i folkebibliotek



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		0,9	1,1	1,0
Kostragruppe 09		1,2	1,4	1,4
Landet uten Oslo	1,2	0,9	1,1	1,2
Steinkjer		1,3	1,5	1,5
Voss herad		1,2	1,6	1,7
Sogndal		0,7	0,8	0,9
Kinn		0,6	0,6	0,6

Med 6 bibliotek har Sunnfjord kommune ei stor boksamling med barnelitteratur. Ein arbeider med å redusere og fornye samlinga. Tala inneheld informasjon om gjennomsnitt utlån pr. bok for barn i biblioteka, der ei stor boksamling med mykje eldre litteratur vil gjere at bøkene er i mindre omløp.

Kvalitet - Tilskudd til frivillige barne- og ungdomsforeninger per lag som mottar tilskudd




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		0	1 955	4 000
Kostragruppe 09		38 568	60 640	55 886
Landet uten Oslo	36 926	41 431	58 918	55 503
Steinkjer		0		6 304
Voss herad		7 322	8 991	5 000
Sogndal		0	1 255	2 500
Kinn				

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune har lavt tilskot i forhold til landet og Kostragruppe 09, men midt på treet i forhold til Voss, Sogndal, Kinn og Steinkjer.

Andre nøkkeltal - Netto driftsutgifter (231) Aktivitetstilbud barn og unge




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 511	1 307	2 302	1 410
Kostragruppe 09	133 045	121 260	126 698	132 886
Landet uten Oslo	961 283	866 951	917 698	1 058 799
Steinkjer	3 907	2 670	2 700	3 758
Voss herad	3 631	3 300	2 899	4 076
Sogndal	1 862	1 737	2 171	1 340
Kinn	1 270	1 113	1 245	2 433

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune ligg heilt i botn på denne statistikken. Berre Sogndal bruker mindre penge, men dei har nesten ikkje ungdomsklubbar. Voss bruker nesten 3 gongar så mykje som Sunnfjord.

Andre nøkkeltal - Netto driftsutgifter (375) Muséer




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4 296	2 236	2 180	2 121
Kostragruppe 09	36 028	31 038	36 820	41 473
Landet uten Oslo	477 071	417 504	445 867	423 639
Steinkjer	18	297	12	11
Voss herad	758	541	553	544
Sogndal	1 369	1 372	1 366	1 314
Kinn	470	1 254	1 231	1 166

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Her bruker Sunnfjord kommune mykje. Sunnfjord kommune har ein fast avtale med Musea i Sogn og Fjordane, som vert rekna opp kvart år.

Andre nøkkeltal - Netto driftsutgifter (377) Kunstformidling






	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4 088	3 374	3 941	3 766
Kostragruppe 09	54 313	56 946	59 850	61 307
Landet uten Oslo	634 565	769 350	690 479	719 772
Steinkjer	1 897	1 822	296	2 057
Voss herad	981	2 202	2 202	1 977
Sogndal	144	902	-326	880
Kinn	2 441	205	41	31

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


Her bruker Sunnfjord mykje samanlikna med andre kommunar. Sunnfjord kommune har ein fast avtale med Staten og Fylkeskommunen med fast fordeling av tilskot til Teater Vestland og Førdefestivalen

Sosiale tenester



Gjennom analysen har vi sett at NAV kjem godt ut på alle indikatorane, og at dei utvalde indikatorane viser at NAV Sunnfjord har kurver som er i rett retning. Ut i frå dette ser vi ikkje i første omgang behov for å gå nærmare inn på dei sosiale tenestene.

Ståstadanalyse




Andelen sosialhjelpsmottakere **Brutto driftsutgifter**
i alderen 20-66 **til økonomisk sosialhjelp**
år, av innbyggerne **pr. mottaker (B)**
20-66 år (B)

Sunnfjord	3,4 %	42 770
Kostragruppe 09	3,6 %	55 214
Landet uten Oslo	3,7 %	56 686
Steinkjer	5,4 %	47 005
Voss herad	4,5 %	68 379
Sogndal	3,5 %	42 472
Kinn	3,3 %	51 028

NAV Sunnfjord ser ut til å drifte tenesta effektivt ut i frå at kostnaden pr. brukar er låg i forhold til kostragruppa, landsnittet og samanlikningskommunar. Det er berre Sogndal kommune som driftar billigare enn Sunnfjord.

Utgiftsbehov og kriteriedata



Sunnfjord Kostragruppe Landet Steinkjer Voss Sogndal Kinn
09 uten herad
Oslo


Indeks innb. 16-22 år (3%)	114,0 %	102,5 %	102,0 %	99,4 %	103,2 %	109,6 %	110,2 %
Indeks innb. 23-66 år (21%)	95,0 %	97,3 %	98,3 %	93,9 %	92,8 %	96,7 %	96,1 %
Indeks uføre (11%)	80,2 %	108,3 %	105,3 %	125,9 %	80,5 %	61,5 %	95,2 %
Indeks flyktninger (15%)	53,2 %	74,1 %	88,9 %	58,6 %	53,0 %	68,3 %	77,7 %
Indeks opphopingsindeks (17%)	23,2 %	71,8 %	85,1 %	71,6 %	29,4 %	23,4 %	50,8 %
Indeks aleneboende 30-66 år (34%)	89,2 %	88,8 %	93,7 %	92,4 %	84,5 %	74,9 %	84,8 %
Utgiftsbehov - Sosiale tjenester (sum)	74,0 %	88,2 %	94,1 %	88,3 %	72,6 %	69,5 %	82,4 %

Utgiftsbehov seier noko om det forventa behovet for sosialtenester i Sunnfjord, samanlikna med andre, gitt alderssamansettinga i befolkninga vår, andelen einslege, flyktningar, uføre med meir. Dei ulike indeksane er ulikt vekta, då ein forventar at dei gir ulikt utslag på det samla utgiftsbehovet.

Samla sett, for alle indikatorar, ligg utgiftsbehovet på 74,0 %. Det betyr at utgiftsbehovet for sosialtenester 26,0 % lågare i Sunnfjord enn i landet. Visst ein ikkje korrigerer for utgiftsbehov, vil ein då forvente at Sunnfjord nyttar 26,0 % mindre ressursar til slike tenester enn resten av landet.

Det verkar å vere ein kombinasjon av sosioøkonomiske og demografiske forhold i Sunnfjord, som begge verkar å dra ned det samla utgiftsbehovet for sosialtenester.

Prioritet - Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 786	3 695	3 257	3 197
Kostragruppe 09	3 985	3 600	3 429	3 750
Landet uten Oslo	4 143	3 771	3 622	3 891
Steinkjer	4 464	4 116	3 566	4 130
Voss herad	5 122	4 602	4 889	5 641
Sogndal	6 419	5 567	4 468	4 670
Kinn	1 145	4 314	3 879	4 371


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Figuren og nøkkeltala over viser den samla prioriteringa for heile tenesteområde. Talet er "summen av alt" innan Sosialtenesta og gir ein indikasjon på kor effektivt Sunnfjord kommune produserer sosialtenester.

Det har vore ein gradvis nedgang over tid. Bemanning har vore stabil samtidig som innbyggartal har auka, og nokon fleire har fått overgang til aktive tiltak. Vi vurderer auka satsing på meir bruk av aktive tiltak på fleire område over tid, og særleg arbeidsretta tiltak har hatt god effekt, i tillegg til ein god arbeidsmarknad.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 184	1 171	1 059	984
Kostragruppe 09	1 107	987	1 019	1 094
Landet uten Oslo	1 132	1 037	1 071	1 122
Steinkjer	1 221	1 036	890	1 166
Voss herad	1 936	1 725	1 997	2 114
Sogndal	1 277	1 318	1 348	1 149
Kinn	-1 966	1 669	1 568	1 486

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Rådgiving, rettleiing og førebyggjande sosialt arbeid er prioriterte teneste i NAV-kontoret, dette for å nå flest mogeleg av dei som har tenester og sosialhjelp. Det er avsett særlege ressursar til gjelds-rådgjeving/økonomisk rådgjeving og oppfølging av personar med betalingsvanskar. Tenesta bidreg til å redusere utgifter til sosialhjelp. Til tross for at det er eit satsingsområde ligg NAV- Sunnfjord kommune lågare enn samanliknande kommunar på kostnader pr. brukar.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (273) arbeidsrettede tiltak i kommunal regi (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	18	115	210	242
Kostragruppe 09	193	192	206	202
Landet uten Oslo	206	207	212	214
Steinkjer	151	149	104	95
Voss herad	61	11	56	51
Sogndal	177	225	270	158
Kinn	148	137	155	79

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Denne indikatoren viser at Sunnfjord kommune har auka utgiftene på arbeidsretta tiltak. Viktig å sjå utgiftene i samanheng med økonomisk sosialhjelp, og tilbod til personar med rusmiddelproblem. Tiltaka er prioritert for å sikre overgang til varig arbeid for personar med ekstra behov for oppfølging. Tiltaket reduserer utgifter til sosialhjelp og avlastar også andre tenester i kommunen. Dette viser att på driftsutgifter pr innbyggjar og andel med sosialhjelp som hovudinntektskjelde.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (276) kvalifiseringsordningen (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	41	78	123	128
Kostragruppe 09	207	238	208	219
Landet uten Oslo	259	294	281	272
Steinkjer	275	378	354	306
Voss herad	338	443	223	162
Sogndal	116	82	119	164
Kinn	125	171	118	238

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Utgiftene har auka noko i den seinare tid. Dette har vore målretta arbeid over tid, for å gje betre tilbod til fleire til å komme ut av fattigdom og inn i arbeidslivet. Kvalifiseringsordninga har gode resultat ved at mange får overgang til arbeid.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 735	1 391	1 161	1 158
Kostragruppe 09	1 402	1 334	1 233	1 365
Landet uten Oslo	1 375	1 298	1 204	1 348
Steinkjer	1 634	1 514	1 391	1 697
Voss herad	1 656	1 672	1 984	2 556
Sogndal	1 730	1 517	1 056	1 270
Kinn	1 046	899	745	1 237

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Det har vore ein gradvis nedgang på økonomisk sosialhjelp over tid. Vi vurderer at dette har samanheng med ei auka satsing på meir bruk av aktive tiltak på fleire område over tid, og særleg arbeidsretta tiltak.


Dekningsgrad - Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	32,9 %	23,6 %	15,9 %	15,5 %
Kostragruppe 09	40,9 %	39,2 %	35,2 %	34,1 %
Landet uten Oslo	41,5 %	39,7 %	36,1 %	36,3 %
Steinkjer	35,8 %	32,6 %	30,0 %	24,2 %
Voss herad	39,9 %	35,3 %	33,4 %	35,0 %
Sogndal	35,7 %	39,2 %	33,6 %	43,4 %
Kinn	36,7 %	29,3 %	18,8 %	17,1 %

Det har vore ein gradvis nedgang over tid. Dette er ein viktig indikator, som har vore jobba med over tid. Må sjåast i samanheng med auka satsing på meir bruk av aktive tiltak på fleire område over tid, og særleg arbeidsretta tiltak har hatt god effekt, i tillegg til ein god arbeidsmarknad.


Dekningsgrad - Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	5,8 %	5,0 %	4,0 %	3,8 %
Kostragruppe 09	5,5 %	5,6 %	5,1 %	4,8 %
Landet uten Oslo	5,5 %	5,4 %	5,0 %	4,9 %
Steinkjer	7,4 %	7,2 %	6,5 %	7,4 %
Voss herad	6,1 %	5,7 %	6,3 %	7,4 %
Sogndal	3,7 %	4,5 %	4,2 %	4,6 %
Kinn	3,5 %	3,3 %	3,9 %	4,4 %

Det har vore ein gradvis nedgang over tid. Ungdom er ei prioritert målgruppe. Må sjåast i samanheng med auka satsing på meir bruk av aktive tiltak på fleire område over tid, og særleg arbeidsretta tiltak har hatt god effekt.





Dekningsgrad - Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	4,1 %	3,6 %	3,2 %	3,4 %
Kostragruppe 09	3,9 %	3,7 %	3,4 %	3,6 %
Landet uten Oslo	3,9 %	3,7 %	3,5 %	3,7 %
Steinkjer	5,2 %	5,1 %	5,0 %	5,4 %
Voss herad	3,5 %	3,3 %	3,5 %	4,5 %
Sogndal	3,7 %	3,7 %	2,9 %	3,5 %
Kinn	3,4 %	2,3 %	2,7 %	3,3 %

Relativt stabile tal, Ungdom opp mot 30 år er prioriterte, sjå statistikk 18 - 24 år. Gode resultat på overgang til arbeid, men ein innflytting av nye brukarar, og ikkje minst auka busetting av flyktningar medfører noko auke i andel mottakarar i den seinare tid.

Samferdsel



Høgare ressursbruk forklarast i hovudsak med høgare kostnader til kommunale vegar, der Sunnfjord kommune har mange km med kommunale vegar. Ressursbruken i Sunnfjord kommune til samferdsel og kommunale veier og gater har auka kraftig frå 2020 til 2022. **Varierende og høg ressursbruk på vegområdet kan i hovudsak forklarast med varierende og kostbar vinterdrift av kommunale vegar, samt feilføringar på teneste for både vinter og sommarvedlikehald.**

Brutto driftsutgifter til gatebelysning per lyspunkt i kommunale veier og gater gjekk ned frå 2020 til 2021, men har økt de siste åra og er høgare enn snittet i KG 09. Overgang til led belysning og prisen på kraft, kan være ein årsak til reduserte kostnader på området frå 2020 til 2021, men har auka vesentleg til 2022. Grunnen til dette er auka drift og vedlikehald av gamle punkt som må haldast i live, samt kostnader i samband med overføring av lyspunkt til Fylkeskommunen.

Sunnfjord kommune (26.1%) har ein **høgare andel kommunale vegar og gater utan fast dekke** enn gjennomsnittet i KG 09 (24,9%) og **vesentleg høgare tal km. med kommunale vegar og gater** per 1000 innbyggjarar, samanlikna med KG 09

Tenestegrupperinga Samferdsel omfattar KOSTRA funksjonane 330 Samferdsel og transporttiltak og 332 Kommunale veier.

Sunnfjord kommune har ingen direkte utgifter på KOSTRA funksjon 330, altså knytt til havnevesen, tilskot til lokale transporttiltak, flyplassar eller kaier og brygger til transportformål.

Småbåthamner kjem inn under funksjon 360, som ikkje er med i denne analysen.

Vurderingane av KOSTRA funksjon 332 Kommunale vegar er difor hovudtyngda i dette kapittelet.

I analysen presenterast et utval av tilgjengeleg datamateriale frå KOSTRA rapportering 2022, med tilhøyrande vurderingar og analyser av utviklinga i Sunnfjord kommune mot samanliknbare kommunar, her under, *Steinkjer, Voss, Kinn, Sunnfjord samt KOSTRA gruppe 09 og landet utenom Oslo.*

Konklusjon:

Samferdsel

Området dekker samferdsel 330, og transporttiltak 332, Samla brutto driftsutgifter til kommunale vegar og gater (funksjon 332) eksklusive avskrivningar, pr. km ligg Sunnfjord kommune 13.622 kr under KG 09, ressursbruk er soleis lågare enn i KG 09. Effekten av redusert arbeidsgivaravgiftssats (NGJ), utgjør og noko på driftsbudsjettet i forhold til dei andre kommunane, samt KG09.

Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater pr. km. (kr) ligg vi 7.833 kr. Høgare enn KG09, men lågare enn Sogndal. Høgare ressursbruk forklarast i hovudsak med høgare kostnader til kommunale vegar, der Sunnfjord kommune har mange km. med kommunale vegar. Ressursbruken i Sunnfjord kommune til samferdsel og kommunale veier og gater har auka kraftig frå 2020 til 2022. Varierende og høg ressursbruk på vegområdet kan i hovudsak forklarast med varierende og kostbar vinterdrift av kommunale vegar, samt feilføringar på teneste for både vinter og sommarvedlikehald.

Brutto driftsutgifter eksklusive avskrivningar i kr per km. kommunal veg og gate, er lågare i Sunnfjord kommune enn gjennomsnittet i KG 09. Her gjekk ressursbruken noko opp i Sunnfjord kommune frå 2021 til 2022.

Brutto driftsutgifter til gatebelysning per lyspunkt i kommunale veier og gater gjekk ned frå 2020 til 2021, men har økt de siste åra og er høgare enn snittet i KG 09. Overgang til led belysning og prisen på kraft, kan være ein årsak til reduserte kostnader på området frå 2020 til 2021, men har auka vesentleg til 2022. grunnen til dette er auka drift og vedlikehald av gamle punkt som må haldast i live, samt kostnader i samband med overføring av lyspunkt til Fylkeskommunen.

Sunnfjord kommune (26.1%) har ein høgare andel kommunale vegar og gater utan fast dekke enn gjennomsnittet i KG 09 (24,9%) og vesentleg høgare tal km. med kommunale vegar og gater per 1000 innbyggjarar, samanlikna med KG 09.

Det kan synes å være svært vanskeleg å samanlikne seg med dei andre kommunane, då vi under eit besøk til Voss herad, avdekkar at dei faktisk ikkje har utgifter på einskilte tenestene som inngår i grunnlaget for kostrafunksjonen samferdsel (t.d. gatelys). Utgifter som teknisk drift har til park og anlegg, vintervedlikehald og sommarvedlikehald blir i flg. Kostra regelverket pkt. ført på feil kostafunksjon.

Eksempel:


222 Skolelokaler

*1. Utgifter til drift og vedlikehold av skolelokaler, SFO-lokaler, leirskole og internatbygninger (med tilhørende tekniske anlegg og utendørsanlegg/skolegård). Dette omfatter lønn mv. til eget drifts-/vedlikeholdspersonell, innkjøp av materiell og utstyr til drift og vedlikehold, og kjøp av drifts-/vedlikeholdstjenester (**eksempelvis vaktmestertjenester, snøryddingsavtaler, renholdsavtaler, serviceavtaler på tekniske anlegg, avtaler om vakthold og tilsyn mv.**) som er knyttet til skolelokaler. Dessuten avskrivninger av egne bygg. Som driftsaktiviteter regnes løpende drift, renhold, vakthold, sikring, energi og vann, avløp og renovasjon. Skillet mellom vedlikeholdsutgifter og utgifter til påkostning/investering er beskrevet i Kommunal regnskapsstandard (F) nr. 4 Avgrensningen mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet, se www.gkrs.no.*

Vi ser skilnader med Voss Herad på fylgjande områder, sjølv om budsjetta er i stor likskap:

- Dei har 10 stillingar meir enn det Sunnfjord kommune har, der fordelinga mellom VA og veg ikkje er klarlagt (Arbeider på tvers).
- Har ikkje tidlegare hatt kostnader på gatelys, det har ligge under Voss energi.
- Voss herad har eiga prosjektorganisasjon, som prosjekterer veg og VA sjølv, leiger ikkje inn eksterne konsultentselskap / reduserte kostnader som omprioriterast.
- Teknisk drift gjennomfører mindre prosjekt veg og VA sjølv, med eige mannskap.
- Har ingen kostnader med Julebyen, dette står det private næringsliv for.
- Har ingen kostnader med kommunale parkeringsplassar, alt er sett vekk til Voss parkering AS.
- Lågt brøytebudsjett 9mill. mindre enn Sunnfjord kommune, samstundes meir på drift til veg, går opp i kvarandre.
- Teknisk drift fakturerer Voss parkering for vintervedlikehold av parkeringsplassar - inntekter.
- Bygg og eigedom betaler for vintervedlikehald rundt kommunale bygg - vidarefakturering.

Prioritet - Antall km tilrettelagt for syklende siste år (km)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1,0	1,0	0,0	1,7
Kostragruppe 09	13,6	11,8	13,2	10,9
Landet uten Oslo	153,9	149,1	188,9	281,9
Steinkjer	1,5	0,0	0,1	0,3
Voss herad	0,0	0,4	0,4	0,2
Sogndal	0,0	0,0	0,0	0,2
Kinn	2,7	0,3	3,5	0,0

Her ligg vi godt an i forhold til dei andre kommunane, og det skuldast mest truleg lite eller ingen registrering av nye gang og sykkelveggar i dei andre kommunane. I Førdepakken er det satsa på dei mjuke trafikantar, som gjer oss «betre» enn dei andre kommunane. I løpet av 2023 vil dette talet sjå endå betre ut med utbyggingar på Sande og i Førde, utanom det som Førdepakken bidreg med.

Vi vil og opplyse om at det og ligg inne feil i NVDB, der vi ser at Sunnfjord kommune er registrert med mindre gang og sykkelveg faktisk forhold, og det vi har er det som blei rapportert i fjoråret.

Prioritet - Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for pr. 10 000 innb




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		3	3	4
Kostragruppe 09		11	12	11
Landet uten Oslo	12	12	12	12
Steinkjer		16	17	16
Voss herad		8	8	8
Sogndal		3	3	5
Kinn		23	24	28

Vi har ingen register som syner eksakt kor mange km veg som er tilrettelagt for syklande i kommunen. Her må det gjerast ein jobb for å registrere dette inn i NVDB. Ved kontroll av dei andre kommunane viser det seg å være usikre registreringar på dette området og.

Her er vi lågast i gruppa vi samanliknar oss med, men vi ser at vi har kunn bygd 1 km veg sidan 2020. Dette er tal som blir plukka ut frå NVDB (Norsk vegdata bank) og som vi kjenner til er **feil**. Registeret er ikkje oppdatert, då vi ikkje har resursar til å ajourhalde databasen. Dei samanliknbare kommunane slit med det same, så det blir soleis vanskeleg å dra ein konklusjon på dette punktet. Vi ser at Kinn, har relativt mykje veg tilrettelagt for syklande, dette kjem av at dei har to kommunesenter som Florø og Måløy som har ein del veg registrert i NVDB.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (332) kommunale veier (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 715	1 822	2 264	2 312
Kostragruppe 09	1 255	1 297	1 370	1 361
Landet uten Oslo	1 351	1 346	1 438	1 481
Steinkjer	1 630	1 843	1 667	1 657
Voss herad	2 798	2 523	2 411	2 792
Sogndal	2 216	1 328	1 562	2 124
Kinn	1 618	1 520	1 611	1 585

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord, Voss og Kinn brukte mest pengar pr. km veg i 2022, av dei kommunane som her er samanlikna. Voss Herad, ligg høgast i denne samanlikninga. Sunnfjord ligg på nivå Sogndal, der vi begge ligg under Voss.

Sunnfjord kommune har hatt ein auke sidan 2019 frå kr. 1.715 til 2.312. pr. innbyggjar. Det er eit stort vedlikehalds etterslep på dei kommunale vegane i Sunnfjord kommune (300mill på veg, og 40mill på

bruer). Vegane i Sunnfjord er av dårleg kvalitet jamt over, og med vel 35% veg utan fast dekke vil dette koste meir årleg å vedlikehalde.

Vi har vinterdrift på nokre få private vegar i kommunen (100.000). og desse utgiftene er ført på feil funksjon, og skulle vore ført på funksjon 285.

Teknisk drift viser til vintervedlikehald som er med å trekke kostnadane oppover, der vi har nesten det doble av Voss Herad. Vintervedlikehaldet i Sunnfjord kommune utgjør nesten 60% av det totale budsjettet. Vi ser og av analysen at Voss og Sogndal er relativt høge. Her synes det at sommarvedlikehaldet er større enn utgifter på vintervedlikehaldet. Vi ser og ein forskjell i korleis kommunane organiserer seg, og kor den einskilde er løna/plassert i organisasjonen. Lønsbudsjetta er relativt like i kommunane, og representerer ca. 25% av totalt budsjett. Vintervedlikehaldet rundt dei kommunale bygga i Voss herad blir vidarefakturert til dei einskilde brukareiningar. Og det er her vi ser vår forskjell, der vi fører på feil funksjon (eksempel skule funksjon 222). Feilføringar gjeld også sommarvedlikehald, som t.d. vedlikehald av uteområda som tilhøyrar andre driftseiningar, og anna vedlikehald som høyrer til eigedomane. (eksempel skule funksjon 222).

Vi kan og nemne drift og vedlikehald av veglys som står langs med fylkesveg, riks og europaveg.

Investeringspotten i Sunnfjord kommune (7.0mill inkl. mva) årleg har i all hovudsak gått til reasfalterring / oppbygging av ny veggrunn. For å halde vegkapitalen på det nivå vi har i dag, krevst det investeringar i storleik 12-16mill årleg, dette er samanliknbart med Voss herad.

Veglys har Voss herad fram til no ikkje hatt kostnadar på, dette pga. avtale med lokalt energiselskap. Dette vil endre seg for neste år. Dei ser føre seg ein kostnad på over ein million, som vil frå 2024 gje endra Kostratal.

Det er på Teknisk side ca. 40 tilsette, på Voss, det er 10 meir enn i SK. Dei prosjekterer alt på veg sjølv, og i tillegg bygger dei vegar sjølve med eigen maskinpark. Dei har eigen offentleg godkjend verkstad med 3 tilsette. Dei reparerer og tek EU kontroll på alle bilane i kommunen. Kostnader blir internfakturert.


Voss herad, har sett vekk all parkering til eit eige parkeringsselskap som handterer alt vedlikehald på offentlege og private parkeringsplassar i Voss, som er avgiftsbelagde, der inntektene går til vedlikehald både sommar og vinter, samt utviding av nye parkeringsplassar.

Julebyen på Voss er eit samarbeid mellom næringsdrivande, og Voss herad har ikkje kostnadar med dette på teknisk drift, ei heller resursar til dette.

Voss herad har eit høgare investeringsnivå enn SK. Dette påverkar driftskostnadane.

Voss heradsstyre har vedteke kriterie for nedlegging av kommunal veg, og er no inne i ein prosess med nedlegging.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 764	1 826	2 266	2 344
Kostragruppe 09	1 181	1 186	1 322	1 308
Landet uten Oslo	1 232	1 272	1 369	1 354
Steinkjer	1 652	1 842	1 690	1 667
Voss herad	2 824	2 534	2 420	2 821
Sogndal	1 788	999	1 077	1 698
Kinn	1 489	1 834	2 026	2 140

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov


Tenestegruppa Samferdsel omfattar KOSTRA funksjonane 330 Samferdsel og transporttiltak og 332 Kommunale veier.

Sunnfjord kommune har ingen direkte utgifter på KOSTRA funksjon 330, knytt til hamnevesen, flyplassar eller kaier og brygger til transport-formål.

Kostnadane her ligg mest truleg på ulike tilskotsordningar som t.d. Skule og helse m.fl.

Vi kan og her merke oss dette med feilføring av kostnader til sommar- og vintervedlikehald av uteområde og grøntareal som tilhøyrer andre driftseiningar.

Produktivitet - Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	75 206	84 460	106 988	102 236
Kostragruppe 09	116 076	115 289	116 557	115 858
Landet uten Oslo	109 304	111 158	113 050	117 649
Steinkjer	98 366	103 522	94 683	90 451
Voss herad	110 217	100 160	81 903	100 292
Sogndal	111 311	57 281	76 201	114 225
Kinn	87 827	77 943	78 683	72 267


**) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).*

Sunnfjord kommune inkluderer ikkje rente og kapitalkostnader i driftsbudsjettet, og har elles ingen kunnskap om kva dei andre kommunane gjer.

I indikatoren brutto driftsresultat så gir avskrivningar resultateffekt, og kan brukast i samanlikning med det resultatorienterte rekneskapssystemet som primært brukast i privat næringsliv.

Det vi ser av tala, er at Kinn og Steinkjer kjem best ut, Sunnfjord, Voss er betre enn KG 09 Sogndal ligg likt med Kostragruppe 09

Produktivitet - Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	132 861	152 688	180 365	182 035
Kostragruppe 09	195 547	201 250	205 431	206 607
Landet uten Oslo	183 352	189 316	192 666	199 255
Steinkjer	148 122	153 426	145 289	145 499
Voss herad	161 617	141 725	132 979	150 678
Sogndal	168 667	105 093	124 627	166 906
Kinn	154 292	148 005	152 651	148 717

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Brutto driftsutgifter eksklusive avskrivningar i kr per km. kommunal veg og gate, er lågare i Sunnfjord kommune enn gjennomsnittet i KG 09. Her gjekk ressursbruken noko opp i Sunnfjord kommune frå 2021 til 2022.

Produktivitet - Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	93 684	93 681	128 096	125 313
Kostragruppe 09	111 298	111 099	116 163	117 480
Landet uten Oslo	117 743	113 309	121 038	128 718
Steinkjer	86 707	97 689	80 334	77 566
Voss herad	126 406	109 325	97 782	121 950
Sogndal	121 953	65 113	85 083	131 700
Kinn	92 787	81 693	89 102	83 043

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater pr. km. (kr) ligg vi 7.833 kr. Høgare enn KG09, men lågare enn Sogndal. Høgare ressursbruk forklarast i hovudsak med høgare kostnader til kommunale vegar, der Sunnfjord kommune har mange km. med kommunale vegar. Ressursbruken i Sunnfjord kommune til samferdsel og kommunale veier og gater har auka kraftig frå 2020 til 2022. Varierende og høg ressursbruk på vegområdet kan i hovudsak forklarast med varierende og kostbar vinterdrift av kommunale vegar, samt feilføringar på teneste for både vinter og sommar vedlikehald.

Dekningsgrad - Andel km tilrettelagt for syklende i prosent av alle kommunale veier (prosent)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		2,1 %	2,1 %	3,5 %
Kostragruppe 09		14,6 %	15,1 %	14,4 %
Landet uten Oslo	14,6 %	14,7 %	14,9 %	14,7 %
Steinkjer		11,6 %	11,9 %	11,5 %
Voss herad		4,3 %	4,3 %	4,3 %
Sogndal		2,5 %	2,5 %	3,8 %
Kinn		20,7 %	21,8 %	25,7 %

Sunnfjord kommune har dårleg oversikt over desse tala, dvs. manglande registrering, Veglengda blir henta ut frå NVDB, og det er der det er manglande registrering. Langs med mesteparten av våre 32. mil veg, har vi ikkje tilrettelagt for gåande og syklende. Kinn kjem godt ut her, då dei har meir konsentrert busetnad både i Florø og Måløy. Steinkjer har og konsentrert mykje av vegane sine rundt sentrum, og kanskje betre registreringar enn det vi har.

Sunnfjord kommune ligg veldig lågt her, og det kjem seg nok av at det ikkje blir lagt til rette for syklende og gåande ute på landsbygda. Det er i Førde tettstad at fokus på dette er høgast. Sogndal og Voss er nok i same kategori som Sunnfjord. Kinn kommune ligg best til i denne vurderinga.


Dekningsgrad - Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	13,03	12,94	12,75	12,78
Kostragruppe 09	7,78	7,78	7,77	7,70
Landet uten Oslo	8,25	8,16	8,19	8,11
Steinkjer	13,55	13,95	14,04	14,15
Voss herad	18,37	18,94	18,96	18,65
Sogndal	14,22	13,49	13,31	13,12
Kinn	11,21	10,96	10,97	10,89

I forhold til dei andre kommunane rundt oss, så ligg vi høgare enn Kostragruppe 09, men lågare enn Sogndal, Steinkjer og Voss. Kinn kjem betre ut her grunna meir registrert kommunal veg. Elles har vi same forklaring som ovanfor.

Dekningsgrad - Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	34	84	67	68
Kostragruppe 09	126	130	117	107
Landet uten Oslo	116	117	119	112
Steinkjer	174	169	164	154
Voss herad	74	73	73	72
Sogndal	46	55	55	98
Kinn	68	112	18	27

Sunnfjord kommune ligg på same nivå som tidlegare år, og på nivå med Voss. Kinn skriv ut færrest løyver av dei samanliknbare kommunane, Steinkjer er best her med heile 154 løyver i 2022.

I 2022 behandla Sunnfjord kommune 81 søknader, totalt har vi 321 aktive parkeringskort/løyver. Generelt slit vi med å ha nok tilgjengelege parkeringsplassar til alle som har eit behov, spesielt i Førde sentrum.

Sunnfjord kommune er ikkje strenge i behovsprøvinga i høve utdeling av parkeringsløyve for rørslehemma i høve regelverket.

Kvalitet - Andel kommunale veier og gater uten fast dekke




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		40,4 %	36,2 %	26,1 %
Kostragruppe 09		24,5 %	23,1 %	24,5 %
Landet uten Oslo	27,0 %	25,6 %	25,9 %	25,5 %
Steinkjer		65,6 %	58,8 %	65,8 %
Voss herad		52,5 %	52,8 %	45,2 %
Sogndal		14,3 %	14,3 %	12,5 %
Kinn		19,1 %	14,9 %	14,4 %

Her ligg vi godt an samanlikna med Kostragruppe 09, og Landet utan Oslo, høgast kjem Steinkjer med sine 65,8%

Sogndal og Kinn, har relativt lite veg og gater som er utan fast dekke. Sunnfjord kommune prioriterer å halde dagens vegkapital i hevd, dvs, at hovudtyngda av asfalterte vegar, ligg det asfalt på frå før. Det er spesielt Naustdal, Førde og Jølster som ligg høgt i denne andelen. Gaular har kunn 1,5km veg med grusdekke.

Vi ser av tala at det er feil i prosentandelen for 2020 og 2021, feilregistrering.

Grunnlagsdata (Nivå 3) - Antall avgiftsbelagte parkeringsplasser i kommunen




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	6	0	0	25
Kostragruppe 09	7 838	8 540	8 385	9 119
Landet uten Oslo	56 359	60 089	61 530	66 602
Steinkjer	1 231	1 617	1 331	1 330
Voss herad	1 100	1 100	1 100	1 100
Sogndal	1 466	1 466	1 466	1 980
Kinn	1 313	1 370	1 350	1 350

Sunnfjord kommune har kunn 25 parkeringsplassar på sørsida av elva i Førde som er avgiftsbelagde, dette er soleis ingen inntektskjelde for kommunen i dag. (inntekter/kostnader, kor blir det ført-kostra føring) Eit eventuelt overskot går til parkeringsfondet. Dei nærliggande kommunane har innført parkeringsavgift i sentrumsområda av tettstadane sine, og dermed genererer dette inntekter til denne sektoren i dei einskilde kommunar. Vi kan nok fastslå at Sunnfjord kommune ligg etter her.

Voss herad, har valt ein modell, der dei har sett vekk alt av parkeringsordning til eit eige selskap, Voss parkering, syter for vedlikehald, sommar som vinter på desse parkeringsplassane.

Sunnfjord kommune har mange gratis parkeringsplassar i sentrum av tettstadane som høyrer Sunnfjord kommune til. Vi ser ein veksande utvikling av private betalingsparkeringsplassar i Førde Sentrum.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Antall km dekkelagt kommunevei siste år



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	6,5	8,0	10,0	3,2
Kostragruppe 09	122,3	95,0	90,6	173,6
Landet uten Oslo	780,2	955,2	1 026,8	1 830,2
Steinkjer	3,5	0,0	6,2	5,0
Voss herad	14,0	8,4	5,0	11,0
Sogndal	5,8	2,0	0,0	8,3
Kinn	3,6	3,4	0,0	0,0

Vi har lagt 3,2km veg i 2022, men burde vore oppe på eit nivå der vi la ca. 20km pr år, for å ivareta vegkapitalen. Her er forutsetninga at vegen held i 15 år. Voss herad har lagt 7,8km meir med asfalt enn Sunnfjord kommune. Sogndal og Steinkjer ligg og over Sunnfjord. I Kinn har dei ikkje lagt asfalt dei to seinaste åra.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Antall lyspunkt langs kommunale veier og gater



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	3 080	3 500	4 500	2 148
Kostragruppe 09	91 402	94 397	98 400	98 088
Landet uten Oslo	667 901	680 311	697 763	692 156
Steinkjer	3 924	3 535	4 108	4 287
Voss herad	985	985	2 000	2 297
Sogndal	1 909	1 909	1 909	2 373
Kinn	3 146	3 290	3 298	3 667

Sunnfjord kommune har dei seinare åra klargjort stort sett alle kommunale lys som står langa fylkesveg for overtaking til Fylkeskommunen. Dette arbeidet er no inne i sluttfasen, der 10 lysanlegg er overlevert i 2023, og 2 anlegg står att. Når ein vurderer mengde lys opp mot dei andre kommunane, så er vi på riktig veg med prosjektet vårt. Midlar vi sparer vil gå med til å bytte ut til ny lysteknologi på eksisterande nett.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede (HC)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	18	34	45	50
Kostragruppe 09	782	806	850	871
Landet uten Oslo	7 762	8 098	8 676	9 039
Steinkjer	58	61	56	57
Voss herad	32	32	32	32
Sogndal	45	45	45	94
Kinn	13	14	14	18

Dette er usikre tal, då det mest truleg ikkje finns ein god registrering på det.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Europa- og riksveier, lengde i kilometer



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	128	127	127	127
Kostragruppe 09	1 418	1 405	1 418	1 413
Landet uten Oslo	10 559	10 314	10 335	10 370
Steinkjer	61	60	60	63
Voss herad	140	140	139	138
Sogndal	102	102	102	102
Kinn	62	53	53	53

Her har vi eit relativt lågt tal Europa- og riksvegar i vår kommune i forhold til KG09, det er Kinn som ligg lågast på denne vurderinga, kanskje typisk ein kystkommune, der hovudtyngda av vegane ligg lengst vest i landet.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Fylkesvei, lengde i kilometer



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	319	321	321	321
Kostragruppe 09	4 589	4 580	4 581	4 595
Landet uten Oslo	44 696	44 706	44 732	44 775
Steinkjer	443	425	425	426
Voss herad	187	189	189	189
Sogndal	153	136	136	136
Kinn	216	218	219	219

Vi ser av analysen at Sunnfjord Kommune faktisk har like mykje kommunal veg som fylket i kommunen, Steinkjer toppar med sine 426km, dei andre kommunane nærmar seg halvparten av det Sunnfjord har.

Grunnlagsdata (Nivå 3) - Kommunal vei og gate med fast dekke. Antall kilometer




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	198	170	180	210
Kostragruppe 09	3 906	3 910	4 003	3 949
Landet uten Oslo	28 138	28 494	28 697	28 901
Steinkjer	119	116	139	116
Voss herad	132	142	142	165
Sogndal	127	138	138	140
Kinn	147	152	160	160

Vi har sidan 2020, hatt ein auke i asfalterte vegar i Sunnfjord. Grunnen til det er at nesten alt av investering på veg har gått til asfaltering. Som vi ser av tabellen, ligg vi godt an i forhold til dei næraste kommunane vi samanliknar oss med. (reasfaltering mest)

Databanken seier at vi har 236,2 km med fast dekke registrert i 2022


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Lengde kommunalvei (km)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	287	285	282	284
Kostragruppe 09	5 154	5 180	5 208	5 230
Landet uten Oslo	38 550	38 291	38 716	38 780
Steinkjer	331	337	337	339
Voss herad	288	299	301	301
Sogndal	170	161	161	160
Kinn	193	188	188	187

Sunnfjord kommune er registrert med ei veglengde 284km i NVDB, men den reelle veglengda er 311,8km mot Kostra sine 284km, dette vil gjere litt utslag i høve analysen. Tek vi inn dei faktiske tala, ser vi at Sunnfjord har relativt meir veg enn dei fleste samanliknbare kommunane, med unntak av Steinkjer som ligg litt over. I forhold til NVDB, har vi 2 vegar som er teken ut av denne basen, og kjem først fram i rapporten for 2023.

Grunnlagsdata (Nivå 3) - Private veier i km





	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	780	832	837	834
Kostragruppe 09	10 670	10 825	10 938	11 035
Landet uten Oslo	96 749	97 994	98 703	99 721
Steinkjer	501	502	518	518
Voss herad	650	656	681	680
Sogndal	311	305	308	312
Kinn	280	299	304	303

I Sunnfjord kommune finns det mykje meir private vegar enn i dei samanliknbare kommunane, på det meste er vi oppe i 522 km meir enn Sogndal. Sunnfjord kommune bidreg i 3 private vegar, der ein med sommarvedlikehald og 2 med vintervedlikehald. Alle desse vegane har søkt om kommunal overtaking.

Her er det ein feilføring i høve Kostra, der dei skal førast på 285.

Brann og ulykkesvern



Oppsummering

I høve kostnader med beredskap, så ligg Sunnfjord kommune bra an i høve dei andre kommunane, sjå nedanfor. Vedkommande **førebyggande arbeid**, så har Sunnfjord kommune ein forholdsvis høg kostnad i høve dei andre kommunane, sjå nedanfor. **Denne bør sjåast nærmare på, her kan det vere noko å hente.** Vedkommande feieavgifta so ein også har sett på, så ligg vi på snittet i høve dei andre kommunane som vi har samanlikna oss med, sjå nedanfor.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar summert for beredskapsavd. og førebyggjande avdeling. Her har vi ei markant auke i 2022, som i hovudsak skuldast auke i godtgjersle (for radio og beredskap) til brannmannskapa og nyoppretta stilling som branninspektør.

Sunnfjord kommune har netto driftsutgifter på kr 1369,- pr. innbyggjar, Voss har kr 1021,- pr. innbyggjar, Kinn har kr 1675,- pr. innbyggjar og Steinkjer har kr 1506,- pr. innbyggjar. (Steinkjer er med i eit interkommunalt selskap.) Kostragruppe 09 har kr 1049 pr. innbyggjar. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal (1389), då dei er med i eit interkommunalt samarbeid. Frå 2024 vil kostnaden med brannberedskaper stige. Dette som følgje av leige av ny brannstasjon på Vassenden og ny brannstasjon på Skei. Den vil stige ytterlegare om ca 2 år, då ny brannstasjon i Førde etter planen skal stå klar.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar summert for beredskapsavd.

Sunnfjord kommune har netto driftsutgifter på kr 1179,- pr. innbyggjar, Voss har kr 903,- pr. innbyggjar, Kinn har kr 1558,- pr. innbyggjar og Steinkjer har kr 1481,- pr. innbyggjar. Steinkjer er med i eit interkommunalt selskap og har sjølv 2 brannstasjonar, der dei flytta inn i nytt lokale i 2019. Kinn har 3 brannstasjonar, ein ny i Måløy og ein under planlegging i Florø. Voss har ein hovudbrannstasjon og 3 bistasjonar. Hovudbrannstasjonen var ny for ca 2 år sidan. Voss har 4-delt dreiar vaktordning med 6 personar, noko som høgst truleg er rimelegare enn kasanert vaktordning som Sunnfjord har (DSB krav ved 8000 innbyggjarar i tettstad.)

Kostragruppe 09 har kr 957 pr. innbyggjar. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal (1263), då dei er med i eit interkommunalt samarbeid.

Frå 2024 vil kostnaden med brannberedskaper stige. Dette som følgje av leige av ny brannstasjon på Vassenden og ny brannstasjon på Skei. Den vil stige ytterlegare om ca 2 år, då ny brannstasjon i Førde etter planen skal stå klar. Det har vore ei auke i 2022 som i hovudsak skuldast auke i godtgjersla til brannmannskapa og kostnadsdrivande tiltak etter tilsyn frå Arbeidstilsynet.

Sidan Sunnfjord kommune har avtale med Askvoll om branntenester og er i ferd med å inngå avtale med Fjaler kommune om det same, så kan det vere at ein etter kvart bør greie ut om eit IKS kan vere eit alternativ for brann- og redningstenesta.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar summert for førebygging av brannar og andre ulykker (feiarar og branninspektørar).

Sunnfjord kommune har netto driftsutgifter på kr 190,- pr. innbyggjar, Voss har kr 118,- pr. innbyggjar, Kinn har kr 117,- pr. innbyggjar og Steinkjer har kr 25,- pr. innbyggjar. Steinkjer er med i eit interkommunalt selskap. Kostragruppe 09 har kr 92 pr. innbyggjar. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal (127), då dei er med i eit interkommunalt samarbeid.

Sunnfjord kommune har 4,5 årsverk feiarar, og 1,8 årsverk branninspektør + leiar førebyggande i 100%. Voss har 5 feiarar og 2 branninspektørar + leiar førebyggande. Brannvesenet Midt IKS har 7 eigarkommunar, med i overkant av 50 tusen innbyggjarar. Steinkjer er ein av dei kommunane. Brannvesenet Midt IKS har i dag 10 feiarar derav 3 vaksenlæringar. På førebyggande avdeling er dei i dag færre enn dei skal være. Etter innbyggartalet, så skal dei vere over fem, i tillegg til leiar førebyggande.


Særleg frå år 2026 vil kostnaden med brannførebyggande stige noko. Dette som fylgje av ny brannstasjon i Førde, som etter planen skal stå klar då. Her vil dei fleste av dei brannførebyggande ha sin arbeidsplass/oppmøteplass.

Her ligg Sunnfjord kommune høgt, denne må vurderast nærmare.

Årsgebyr for feiing og tilsyn

Årsgebyret i Sunnfjord kommune i år 2022, var på kr 507 eks moms og har vore stabilt dei 2 siste åra. Til samanlikning hadde Voss eit årsgebyr på kr 535,- eks. moms, Kinn kr 420,- eks. moms, Steinkjer kr 200,- eks. moms, Kostragruppe 09 kr 496,- eks. moms og Sogndal kommune kr 950,- eks. moms. Dvs omlag likt med kostragruppe 09 og elles midt på treet i forhold til dei ovannemnde kommunane.


Prioritet - Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		0,18	0,41	0,23
Kostragruppe 09				
Landet uten Oslo	0,37	0,33	0,36	0,33
Steinkjer		0,21	0,12	0,58
Voss herad		0,06	0,38	0,62
Sogndal		0,17	0,00	0,08
Kinn		0,29	0,35	0,29

Vi ynskjer å framstå som eit trygt samfunn å bu i. Vi har fokus på brannførebyggande tiltak for alle grupper i Sunnfjord si befolkning. I 2022 hadde Sunnfjord kommune 0.23 bustadbrannar pr. 1000 innbyggjarar. Det er kunn Sogndal kommune som har eit lågare gjennomsnitt.


Prioritet - Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		9,1	9,2	10,0
Kostragruppe 09				
Landet uten Oslo	16,9	15,4	16,3	16,8
Steinkjer		10,6	13,7	12,2
Voss herad		11,8	13,7	13,6
Sogndal		8,4	8,8	12,6
Kinn		17,7	15,5	15,0

Sum utrykningar er mindre enn dei andre kommunane i gruppa. Sunnfjord ligg på 10 utrykningar pr. 1000 innbyggjarar. Dei andre kommunane ligg frå 12.6 til 16.8.

Prioritet - Beredskap mot branner og andre ulykker korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		975	1 093	1 293
Kostragruppe 09		954	994	1 022
Landet uten Oslo	981	987	1 027	1 031
Steinkjer		1 857	1 872	1 890
Voss herad		766	784	836
Sogndal		1 424	1 339	1 327
Kinn		2 026	1 985	1 915

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune ligg forholdsvis lågt i høve samanliknbare kommunar. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal, då dei er med i eit interkommunalt samarbeid, det same er Steinkjer. Frå 2024 vil kostnaden med brannberedskapen stige. Dette som fylgje av leige av ny brannstasjon på Vassenden og ny brannstasjon på Skei.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	985	1 030	1 057	1 368
Kostragruppe 09	987	936	1 018	1 049
Landet uten Oslo	1 019	981	1 038	1 051
Steinkjer	903	554	1 501	1 506
Voss herad	981	914	969	1 021
Sogndal	1 488	1 384	1 637	1 389
Kinn	1 506	1 856	1 875	1 675

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar summert for beredskapsavd. og førebyggjande avdeling. Her har vi ei markant auke i 2022, som truleg skuldast auke i godtgjersle (for radio og beredskap) til brannmannskapa og nyoppretta stilling som branninspektør.

Sunnfjord kommune har netto driftsutgifter på kr 1369,- pr. innbyggjar, Voss har kr 1021,- pr. innbyggjar, Kinn har kr 1675,- pr. innbyggjar og Steinkjer har kr 1506,- pr. innbyggjar. Steinkjer er med i eit interkommunalt selskap og har sjølv 2 brannstasjonar, der dei flytta inn i nytt lokale i 2019. Kinn har 3 brannstasjonar, ein ny i Måløy og ein under planlegging i Florø. Voss har ein hovudbrannstasjon og 3 bistasjonar. Hovudbrannstasjonen var ny for ca 2 år sidan.

Kostragruppe 09 har kr 1049 pr. innbygger. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal (1389), då dei er med i eit interkommunalt samarbeid. Frå 2024 vil kostnaden med brannberedskapen stige. Dette som følgje av leige av ny brannstasjon på Vassenden og ny brannstasjon på Skei. Den vil stige ytterlegare om ca 2 år, då ny brannstasjon i Førde etter planen skal stå klar.

Prioritet - Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	-48	97	97	190
Kostragruppe 09	77	66	68	92
Landet uten Oslo	72	71	83	98
Steinkjer	87	71	48	25
Voss herad	102	105	134	118
Sogndal	164	3	299	127
Kinn	45	31	162	117

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Netto driftsutgifter pr. innbygger summert for førebygging av brannar og andre ulykker (feiarar og branninspektørar).


Sunnfjord kommune har netto driftsutgifter på kr 190,- pr. innbygger, Voss har kr 118,- pr. innbygger, Kinn har kr 117,- pr. innbygger og Steinkjer har kr 25,- pr. innbygger. Steinkjer er med i eit interkommunalt selskap. Kostragruppe 09 har kr 92 pr. innbygger. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal (127), då dei er med i eit interkommunalt samarbeid.

Sunnfjord kommune har 4,5 årsverk feiarar, og 1,8 årsverk branninspektør + leiar førebyggjande i 100%. Voss har 5 feiarar og 2 branninspektørar + leiar førebyggjande. Brannvesenet Midt IKS har 7 eigarkommunar, med i overkant av 50 tusen innbyggjarar. Steinkjer er ein av dei kommunane. Brannvesenet Midt IKS har i dag 10 feiarar derav 3 vaksenlærlingar. På førebyggjande avdeling er dei i dag færre enn dei skal være. Etter innbyggartalet, så skal dei vere over fem, i tillegg til leiar førebyggjande.

Særleg frå år 2026 vil kostnaden med brannførebyggjande stige noko. Dette som fylgje av ny brannstasjon i Førde, som etter planen skal stå klar då. Her vil dei fleste av dei brannførebyggjande ha sin arbeidsplass/oppmøteplass.

Her ligg Sunnfjord kommune høgt, denne må vurderast nærmare.

Prioritet - Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 032	934	960	1 179
Kostragruppe 09	911	870	950	957
Landet uten Oslo	946	910	955	952
Steinkjer	815	483	1 452	1 481
Voss herad	880	808	835	903
Sogndal	1 323	1 381	1 338	1 263
Kinn	1 460	1 825	1 713	1 558

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Netto driftsutgifter pr. innbygger summert for beredskapsavd.

Sunnfjord kommune har netto driftsutgifter på kr 1179,- pr. innbygger, Voss har kr 903,- pr. innbygger, Kinn har kr 1558,- pr. innbygger og Steinkjer har kr 1481,- pr. innbygger. Steinkjer er med i eit interkommunalt selskap og har sjølv 2 brannstasjonar, der dei flytta inn i nytt lokale i 2019. Kinn har 3 brannstasjonar, ein ny i Måløy og ein under planlegging i Florø. Voss har ein hovudbrannstasjon og 3 bistasjonar. Hovudbrannstasjonen var ny for ca 2 år sidan. Voss har 4-delt dreiarande vaktordning


med 6 personar, noko som høgst truleg er rimelegare enn kasernert vaktordning som Sunnfjord har (DSB krav ved 8000 innbyggjarar i tettstad.)

Kostragruppe 09 har kr 957 pr. innbyggjar. Vanskeleg å samanlikne mot Sogndal (1263), då dei er med i eit interkommunalt samarbeid.

Frå 2024 vil kostnaden med brannberedskapen stige. Dette som fylgje av leige av ny brannstasjon på Vassenden og ny brannstasjon på Skei. Den vil stige ytterlegare om ca 2 år, då ny brannstasjon i Førde etter planen skal stå klar.

Det har vore ei auke i 2022 som i hovudsak skuldast auke i godtgjersla til brannmannskapa og kostnadsdrivande tiltak etter tilsyn frå Arbeidstilsynet.

Kvalitet - Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)





	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	570	714	505	507
Kostragruppe 09	508	474	509	496
Landet uten Oslo	519	535	561	556
Steinkjer	435	220	211	200
Voss herad	575	559	536	535
Sogndal	638	774	927	950
Kinn	510	348	423	420

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Årsgebyr for feiing og tilsyn

Årsgebyret i Sunnfjord kommune i år 2022, var på kr 507 eks moms og har vore stabilt dei 2 siste åra. Til samanlikning hadde Voss eit årsgebyr på kr 535,- eks. moms, Kinn kr 420,- eks. moms, Steinkjer kr 200,- eks. moms, Kostragruppe 09 kr 496,- eks. moms og Sogndal kommune kr 950,- eks. moms. Dvs omlag likt med kostragruppe 09 og elles midt på treet i forhold til dei ovannemnde kommunane.

Plan, kulturminne, natur og nærmiljø



Oppsummering

Dei tenestene som har kostnader over snittet og som ein difor kan vurdere å sjå nærmare på, er **kostrafunksjon 301, 302 og 303 (plan, byggesak og oppmåling.)**.

Sunnfjord kommune brukar lite pengar på kulturminne og har låge utgifter pr innbyggjar på området.

KOSTRAfunksjon 301 omfattar utarbeiding, handsaming, kontroll og konsekvensutgreiing av planar etter plan og bygningslova. Det gjeld både arbeid med reguleringsplan og kommuneplanen sin arealdel. Netto driftsutgifter er høgare enn snittet i KOSTRA-gruppe 9, og generelt høgare enn dei andre kommunane Steinkjer, Voss herad, Sogndal og Kinn i 2022. Det same gjeld åra 2021. Det er ein stor endring frå 2020 til dei to neste åra. Forklaringa er tilsetjing i vakant stilling.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar på **funksjon 302 inkluderer både byggesakshandsaming og eigar-seksjonering**. Utgiftene per innbyggjar er stege frå 2020 til 2022. Netto driftsutgifter i 2021 var om lag 0 kroner. Tal saker er jamn desse åra.


I 2022 er netto driftsutgifter på kr 164 pr. innbyggjar i Sunnfjord, noko som er vesentleg høgare enn dei andre kommunane, med unntak av Kinn kommune som ligg på kr 212,- pr. innbyggjar. Tal

byggesøknadar har gått noko ned i perioden. Det er handsama fleire enn i Sogndal, men 100 førre enn i Kinn i 2022.

KOSTRAfunksjon 303 omfattar etablering og drift av kommunen sine kartgrunnlag og geotekniske grunnlag, samt føring, forretningar, forvaltning og sakshandsaming etter matrikkelloven. Kart og oppmåling vert styrt av matrikkelloven og er avhengig av eksterne aktørar som vender seg til kommunen gjennom søknader i samband med utbyggingslovverket, eller endringar av eigedomar. Dermed er sakshandsaminga i stor grad gebyrfinansiert. Auken i netto driftskostnader har auka kvart år. Årsakene til dette kjem i hovudsak av at vi på GIS området har to fulle stillingar, der vi i 2020 og 2021 hadde ein og ein halv stilling. I 2022 er netto driftsutgifter på kr 229 pr. innbyggjar i Sunnfjord, noko som er høgare enn dei andre kommunane, med unntak av Steinkjer kommune som ligg på kr 326,- pr. innbyggjar.

Sunnfjord kommune brukar lite pengar på kulturminne og har låge utgifter pr innbyggjar på området. Kostnad er låg opp mot snittet i KOSTRA-gruppe 9, og jamt over lågare enn dei andre kommunane vi samanliknar oss med.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	374	286	373	389
Kostragruppe 09	304	264	273	285
Landet uten Oslo	318	293	314	305
Steinkjer	141	147	128	101
Voss herad	369	305	238	247
Sogndal	280	313	533	342
Kinn	373	266	264	217

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

KOSTRAfunksjon 301 omfattar utarbeiding, handsaming, kontroll og konsekvensutgreiing av planar etter plan og bygningslova. Det gjeld både arbeid med reguleringsplan og kommuneplanen sin arealdel. Netto driftsutgifter per tenestefunksjon viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som bl.a. øyremerka tilskot og brukarbetalingar, er trekt frå.

Plansakshandsaming skal vere 100% gebyrfinansiert. Det er et uttalt mål å halde gebyra på nivå med kommunar som vi kan samanlikne oss med i KOSTRA-gruppe 9.

Netto driftsutgifter er høgare enn snittet i KOSTRA-gruppe 9, og generelt høgare enn dei andre kommunane Steinkjer, Voss herad, Sogndal og Kinn i 2022. Det same gjeld åra 2021.




For 2020 var vi nær KOSTRA-gruppe 9, og på nivå med nemnte kommunar med unntak av Steinkjer som var godt under.

Det er ein stor endring frå 2020 til dei to neste åra. Forklaringa er tilsetting i vakant stilling,

Årsaka til at vi likevel ligg over dei kommunane vi kan samanlikne oss med, er høg handsaming av offentlege planar som det ikkje kan takast gebyr for, sjølvproduserte kommunale planar, og lågare prisvekst på gebyr der vi skal ha som mål å ha høg dekningsgrad. Prisveksten har vore lågare enn veksten elles, noko som gjer at kommunen subsidierer tenestene langt meir enn målet på ein dekningsgrad på 100%.. Det vert stadig søkt etter betre effektivitet i arbeidet vårt.

Tal dispensasjonssøknadar har hatt ei svak auke. Ein del fleire enn Sogndal, men færre enn Kinn.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	119	111	0	164
Kostragruppe 09	45	22	8	71
Landet uten Oslo	39	24	23	84
Steinkjer	61	18	-82	38
Voss herad	-19	-45	-90	78
Sogndal	226	-16	-42	7
Kinn	-21	79	63	212

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

Netto driftsutgifter pr innbygger på funksjon 302 inkluderer både byggesakshandsaming og eigarseksjonering. Utgiftene per innbygger har stege frå 2020 til 2022. Netto driftsutgifter i 2021 var om lag 0 kroner. Tal saker er jamn desse åra.

I 2022 er netto driftsutgifter på kr 164 pr. innbygger i Sunnfjord, noko som er vesentleg høgare enn dei andre kommunane, med unntak av Kinn kommune som ligg på kr 212,- pr. innbygger.

Årsaka til at vi er i 0 år 2021, er høg inntekt på 7,5 mill. mot om lag 5 mill. i 2020 og 2022. At det er ei auke frå 2020 til 2022 i netto driftsutgifter er lønsutgifter på 1 mill. Tal byggesøknadar har gått noko ned i perioden. Det er handsama fleire enn i Sogndal, men 100 førre enn i Kinn i 2022.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (335) rekreasjon i tettsted (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	260	270	279	240
Kostragruppe 09	219	235	245	241
Landet uten Oslo	265	277	303	307
Steinkjer	313	284	302	373
Voss herad	311	321	366	414
Sogndal	804	635	703	625
Kinn	74	206	297	329

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

Kostrafunksjon 335 "Rekreasjon i tettstad" omfattar opparbeiding, drift og vedlikehald av offentlege plassar som torg, parkar og grøntanlegg, samt turveggar i bebygde strøk, og offentlege toalett.

Sunnfjord kommune ligg i 2022 lågare enn dei andre kommunane vi samanliknar oss med (med unntak av Kinn i 2020).

Det er opplyst frå skjema-ansvarleg (Kostra) at rapportering på teneste kan vere noko svak (usikker). Ut frå innhald i 335. kan det vere grunn til å sjå føringar mot andre Kostra funksjonar? (Teknisk drift park og gate, Kultur og idrett/friluftsliv td Sanden, Bygg og eigedom uteareal kring kommunale bygg)

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltning og friluftsliv (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	95	89	246	78
Kostragruppe 09	113	126	164	169
Landet uten Oslo	153	154	172	190
Steinkjer	98	37	8	30
Voss herad	109	141	145	147
Sogndal	190	-15	38	68
Kinn	17	-13	51	45


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Sunnfjord ligg lågt samanlikna med kostragruppe 09. Vi har i hovudsak ei stilling og lite andre utgifter og inntekter ført her, rekneskapen har difor vore veldig stabil. Vi har 4 dagsturhytter vi drifter, Sogndal har 3, Kinn 2, Voss 1 og Steinkjer 0.

Driftsprosjekta er oftast i null netto, men i 2021 hadde Teknisk drift ein god del oppryddingsarbeid i samband med ras/flaum på Jølster der inntektene ikkje er ført på same året som utgiftene.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (365) kulturminner (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	-1	2	17	1
Kostragruppe 09	20	12	20	13
Landet uten Oslo	21	21	23	25
Steinkjer	83	70	65	64
Voss herad	6	2	63	36
Sogndal	12	-32	27	32
Kinn	77	15	17	18

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

KOSTRAfunksjon 365 omfattar forvaltning og tiltak knytt til faste kulturminne og kulturmiljø som er regulert i spesialområde-bevaring etter plan- og bygningslova, samt tiltak for å ta vare på spor etter menneskeleg aktivitet eller tidlegare tider sin byggeskikk og levesett.

Sunnfjord kommune brukar lite pengar på kulturminne og har låge utgifter pr innbyggjar på området. Kostnad er låg opp mot snittet i KOSTRA-gruppe 9, og jamt over lågare enn dei andre kommunane vi samanliknar oss med.

Kostnad pr innbyggjar er høg i 2021. Årsaka til dette er knytt til utarbeiding av kulturminneplanar for dei gamle kommunane Gaular og Jølster, samt kulturmiljøplan for Sunnfjord kommune. Arbeidet er finansiert med midlar frå Riksantikvaren og fylkeskommunen. Kostnaden i 2021er finansiert med fond, då vil netto utgift/kostnad verte høgare enn normalt det året ein brukar av fondet.

Prioritet - Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	174	115	153	229
Kostragruppe 09	120	97	97	107
Landet uten Oslo	123	108	103	116
Steinkjer	211	195	182	326
Voss herad	203	210	171	199
Sogndal	194	136	73	108
Kinn	243	278	167	215

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

KOSTRAfunksjon 303 omfattar etablering og drift av kommunen sine kartgrunnlag og geotekniske grunnlag, samt føring, forretningar, forvaltning og sakshandsaming etter matrikkelloven. Netto driftsutgifter per tenestefunksjon viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som bl.a. øyremerka tilskot og brukarbetaling er trekt i frå.

Kart og oppmåling styres av matrikkelloven og er avhengig av eksterne aktørar som vender seg til kommunen gjennom søknader i samband med utbyggingslovverket eller endringar av eigedomar. Dermed er sakshandsaminga i stor grad gebyrfinansiert, samstundes som kommunen er avhengig av henvendingar for å dekke sine kostnader. Nokre tenester er ikkje gebyrfinansiert, som samanslåing og stadnamn/adressering.

Auken i netto driftskostnader har auka kvart år. Årsakene til dette kjem i hovudsak av at vi på GIS området har to fulle stillingar, der vi i 2020 og 2021 hadde ein og ein halv stilling. I tillegg har

prisstigninga innan område vore lågare enn prisveksten elles, og kommunen har måtte subsidiere i større grad. Dette området kan elles samanlikne seg med 301 Plansaksbehandling.

Kyrkja



Sunnfjordkyrkja har høgare netto driftsutgifter per innbyggjar i høve til samanlikningskommunane (med unntak av Sogndal), kostragruppe 9 og landet utan Oslo.

Tal årsverk i Sunnfjordkyrkja per 1000 innbyggjarar ligg likt med Sogndal kommune, 0,1 årsverk over Steinkjer og Voss og 0,2 årsverk over Kinn kommune.

Sunnfjordkyrkja har


- nest høgst tal for døypte i prosent av fødte av samanlikningskommunane. Berre Steinkjer ligg høgare.
- nest høgst tal for konfirmerte i prosent av 15-åringar av samanlikningskommunane. Berre Sogndal ligg høgare.
- høgst tal medlemmar/tilhørige i prosent av innbyggjarar av samanlikningskommunane

Sunnfjordkyrkja driv arbeid utanom det lov-pålagte innan trusopplæring, kyrkjemusikalsk arbeid og diakoni. Dette er delvis finansiert av eksterne tilskot, tilskot frå kommunen og bruk av eigne fond.

Kvalitative parameter:

Den norske kyrkja (Dnk) gjennomfører medlemsundersøkingar og medarbeidarundersøkingar for heile landet samla. Medlemsundersøkinga for 2023 viser at kyrkja er viktig for medlemmane ved sentrale livshendingar og ein viktig møteplass ved kriser og ulukker. Delen som vel dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd i kyrkja er stabil. Samtidig har dei ei utfordring med at berre 15 % seier at kyrkja har tilbod og aktivitetar som passar inn i livet og timeplanen deira. Medarbeidarundersøkinga for DnK i 2021 viser at medarbeidarane har eit stort engasjement for og opplever meining i arbeidet sitt. Undersøkinga viser at det er litt å gå på når det gjeld digitalisering og effektivitet.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	894	919	861	840
Kostragruppe 09	729	730	637	632
Landet uten Oslo	792	801	706	692
Steinkjer	792	697	656	728
Voss herad	824	841	749	734
Sogndal	835	775	706	682
Kinn	857	778	684	635

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

Kommunen skal i tråd med Trossamfunnsloven §14, gi tilskot til kyrkja si lokale verksemd, herunder:

- bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg
- tilfredsstillande bemanning til gudstenester og kyrkjelege handlingar
- tilfredsstillande administrativ hjelp
- kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Etter avtale kan kommunen yte tenester til soknet i staden for å gi tilskot.

Sunnfjord kommune har høgast nivå på netto driftsutgifter per innbyggjar til kyrkje samanlikna med samanlikningskommunane, kostragruppe 9 og landet utanom Oslo. Med 840 kroner per innbyggjar i 2022 brukar vi omlag 210 kroner meir enn kostragruppe 9 og Kinn kommune som ligg lågast av samanlikningskommunane. Vi ligg 112 kroner over Steinkjer kommune.

Om vi skulle brukt like lite på kyrkje som Kinn kommune, hadde vi brukt 4,5 mill. kroner mindre per år. Samanliknar vi oss med Steinkjer kommune, hadde vi brukt 2,5 mill. kroner mindre per år.

Driftskostnadene til Sunnfjordkyrkja er delt i tre hovudpostar: drift, innhald og administrasjon og kostnadene fordeler seg slik i 2022:

- Drift: drift og vedlikehald av kyrkjebygg (10) og gravplassar (14) - 53 %
- Innhald: kyrkjemusikalsk arbeid, undervisning/trusopplæring og diakoni - 26 %
- Administrasjon: publikumsmottak, sentralbord, sekretariat for sokneråd og fellesråd, personaladministrasjon - 21 %

I Steinkjer har dei krematorium og dei har derfor færre kistegraver enn i Sunnfjord. Krematoriet vert drifta av kyrkja og kremasjonsavgifta går til Steinkjer kyrkjelege fellesråd. Sunnfjordkyrkja har ein større driftsorganisasjon med fleire bilar og større maskinpark enn Steinkjer, mellom anna for å kunne handtere gravferder i heile kommunen.


Steinkjer har ikkje ein formalisert tenesteytingsavtale med kommunen, og det er mellom anna uklart om kommunen dekkjer kontor for kyrkjeadministrasjonen. Sunnfjordkyrkja har tenesteytingsavtale på omlag 600 000 kroner årleg som omfattar rekneskapsføring, lønsarbeid, revisjon og brøyting.

Steinkjer har ein felles, samla administrasjon på Rådhuset i Steinkjer, medan Sunnfjordkyrkja har administrasjonslokale med opningstid ein dag per veke på Sande, på Vassenden og i Naustdal i tillegg til hovudadministrasjonen i Førde som har ope for publikum kvar dag.

Sunnfjordkyrkja brukar av eigne fond for å finansiere drifta i dag, men dei jobbar langsiktig med å tilpasse organisasjonen etter kommunesamanslåinga.

sjå kommunestyresak 23.11 2023 om auke i tilskot til kyrkjeleg fellesråd i samband med eigedomsoverføring frå kommune til sokn.


Prioritet - Sysselsatte i årsverk lønnet av bispedømme (statlig sektor) pr. 1000 innbygger



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		0,41	0,41	0,32
Kostragruppe 09		0,22	0,00	0,00
Landet uten Oslo	0,26	0,29	0,00	0,00
Steinkjer		0,29	0,37	0,37
Voss herad		0,51	0,44	0,44
Sogndal		0,50	0,42	0,50
Kinn		0,23	0,23	0,47

Bispedømmet er arbeidsgjevar for og lønar prestane som har sitt virke i Sunnfjord kommune. Sunnfjord kommune har 0,32 årsverk per 1000 innbyggjarar som er løna av bispedømmet. Alle samanlikningskommunane har eit høgare tal. Høgast ligg Sogndal med 0,5 årsverk per 1000 innbyggjarar.

Prioritet - Sysselsatte i årsverk lønnet av kirkelige fellesråd pr. 1000 innbygger



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		1,04	1,09	1,22
Kostragruppe 09		0,83	0,00	0,00
Landet uten Oslo	0,88	0,90	0,00	0,00
Steinkjer		0,99	0,87	0,96
Voss herad		0,95	0,89	0,88
Sogndal		0,92	1,01	0,91
Kinn		0,99	0,87	0,76


Sunnfjord kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar og løner alle kyrkjelege tilsette med unntak av prestane. Dette er stillingar som kyrkjevevje, organist, kateket, kyrkjelydspedagog, diakon, kyrkjegardsarbeidar m.fl.

Det er ein rapporteringsfeil i tal årsverk i Sunnfjordkyrkja for 2022. Det er 3-4 årsverk for mykje. Når vi korrigerer for dette vert talet for Sunnfjordkyrkja 1,06 årsverk per 1000 innbyggjarar.

I Sunnfjord kommune har vi 1,06 årsverk per 1000 innbyggjarar som er løna av kyrkjeleg fellesråd i 2022. Samanlikningskommunane har alle litt lågare tal årsverk. Kinn ligg lågast med 0,76 årsverk, medan Steinkjer ligg høgast med 0,96 årsverk.

Sunnfjordkyrkja har omlag 2 årsverk meir enn kyrkja i Steinkjer. Mellom anna har Sunnfjordkyrkja fleire tilsette innan trusopplæring enn Steinkjer.

Prioritet - Sysselsatte i kirken i årsverk pr. 1000 innbygger




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		1,4	1,5	1,5
Kostragruppe 09		1,1	0,0	0,0
Landet uten Oslo	1,2	1,2	0,0	0,0
Steinkjer		1,3	1,2	1,3
Voss herad		1,5	1,3	1,3
Sogndal		1,4	1,4	1,4
Kinn		1,2	1,1	1,2

Her ser vi samla tal årsverk i kyrkja, både dei som er tilsett av bispedømmet og dei som er tilsett i kyrkjeleg fellesråd. Vi har korrigert tala for årsverk løna av kyrkjeleg fellesråd på grunn av ein rapporteringsfeil til 1,06. Sunnfjordkyrkja har derfor samla sett 1,4 årsverk per 1000 innbyggjarar og ligg likt med Sogndal, og litt over Steinkjer og Voss som begge har 1,3 årsverk. Kinn ligg lågast med 1,2 årsverk.

Staten gir tilskot til prestetenesta. Tilskotet frå kommunen skal sikre tilfredsstillande bemanning ved gudstenester og kyrkjelege handlingar; mellom anna kyrkjetenar, klokkar, organist/kantor og tilstrekkeleg administrativ hjelp.

Sunnfjordkyrkja har mykje innhaldsarbeid. Noko av arbeidet er lov-pålagt, mellom anna konfirmantarbeid og kyrkjemusikalsk arbeid. Sunnfjord kommune bidrar i dag til stillingar som utfører arbeid utover det strengt lov-pålagte, til dømes innan diakoni og pedagogisk arbeid.

Dekningsgrad - Døpte i prosent av antall fødte (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	71,4 %	68,2 %	74,5 %	80,4 %
Kostragruppe 09	61,4 %	51,9 %	55,5 %	62,2 %
Landet uten Oslo	56,9 %	50,3 %	53,2 %	60,3 %
Steinkjer	72,2 %	62,4 %	73,1 %	84,6 %
Voss herad	67,3 %	67,1 %	69,7 %	64,3 %
Sogndal	62,1 %	71,3 %	55,5 %	79,3 %
Kinn	71,7 %	72,5 %	60,0 %	72,9 %

I Sunnfjord kommune vert 80,4% av borna som vert fødde i kommunen, døypte i kyrkja. Dette er ein høgare dåpsprosent enn Voss, Kinn, Sogndal og kostragruppe 9. Steinkjer har den høgste dåpsprosenten med 84,6 %.

Høg dåpsprosent genererer arbeid i kyrkja i form av trusopplæring/kyrkjeleg undervisning.

Dekningsgrad - Konfirmerte i prosent av 15-åringer (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	83,7 %	86,3 %	81,2 %	80,4 %
Kostragruppe 09	58,7 %	58,8 %	53,9 %	52,0 %
Landet uten Oslo	58,2 %	56,2 %	54,5 %	52,9 %
Steinkjer	73,8 %	76,5 %	67,0 %	70,4 %
Voss herad	82,0 %	83,7 %	67,1 %	67,8 %
Sogndal		81,6 %	79,9 %	82,1 %
Kinn	75,6 %	77,9 %	71,0 %	68,8 %

I Sunnfjord kommune vert 80,4% av 15-åringane i kommunen konfirmerte i kyrkja. Dette er ein høgare konfirmasjonsprosent enn Steinkjer, Voss og Kinn og høgt over kostragruppe 9. Sogndal har den høgste konfirmasjonsprosenten med 82,1 %.

Høg konfirmasjonsprosent genererer arbeid for kyrkja i form av konfirmantundervisning og konfirmasjonsgudstenester.

Dekningsgrad - Medlem og tilhørige i Dnk i prosent av antall innbyggere (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	83,3 %	82,9 %	81,4 %	80,6 %
Kostragruppe 09	74,0 %	73,2 %	70,4 %	69,1 %
Landet uten Oslo	71,7 %	70,9 %	68,1 %	66,8 %
Steinkjer	82,3 %	82,2 %	80,6 %	79,9 %
Voss herad	81,8 %	81,0 %	79,1 %	77,6 %
Sogndal	79,3 %	78,0 %	76,0 %	75,0 %
Kinn	79,7 %	78,8 %	76,9 %	75,5 %

Av Sunnfjord kommune sine innbyggjarar var 80,6 % medlemmer/tilhørige i Den norske kyrkja (Dnk). Dette er eit høgt tal samanlikna med kostragruppe 9. Det er også den høgste medlemsprosenten av samanlikningskommunane. Steinkjer kjem på andreplass med 79,9%, medan Sogndal ligg lågast med 75,0 %.

Medlemsundersøkinga for 2023 (for heile landet sett under eitt) viser at kyrkja er viktig for medlemmane ved sentrale livshendingar og ein viktig møteplass ved kriser og ulukker. Delen som vel dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd i kyrkja er stabil. Samtidig har dei ei utfordring med at berre 15 % seier at kyrkja har tilbod og aktivitetar som passar inn i livet og timeplanen deira.

Høg medlemsprosent i kyrkja genererer aktivitet i form av gudstenester, trusopplæringsarbeid/kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikkarbeid og diakonalt arbeid.

Næringsforvaltning og konsesjonskraft




Næringsforvaltning og konsesjonskraft omfattar kommunal næringsverksemd, konsesjonskraft samt tilrettelegging og bistand for næringslivet.

Analysa avdekka følgjande hovudfunn:

- Kommunal næringsverksemd har aukande inntekter i perioden og kjem i hovudsak frå utbytte frå selskap kommunen har eigardel i. Eksempelvis Eviny og Sunnfjord Holding AS. Det er stor ulikskap i KOSTRA-gruppe 9 og kommunane ein samanliknar seg med. Det er vanskeleg å samanlikne kommunen opp mot desse, utan inngåande kjennskap til kva som ligg bak tala.
- Konsesjonskraft, kraftrettar eller anna kraft for vidaresal viser ei auke i netto driftsinntekter frå 5.8 mill. kroner i 2020 til 7,7 mill. kroner i 2022. Auken kjem blant anna frå tilbakeført inntekter på sal av konsesjonskraft på kraftverk. Sunnfjord ligg godt over KOSTRA-gruppe 9 ..
- Tilrettelegging og bistand for næringslivet (KOSTRA-funksjon 325) omfattar utbyggingsområde for næringsverksemd, drift og tilskot til utleigelokale for næringsverksemd, næringsstøtte med kommersielt føremål, servicetenester for næringslivet, festeavgifter på næringstomter samt sikring av næringsareal. Sunnfjord sine utgifter og inntekter er primært knytt til rettleiing og tilrettelegging og bistand for næringslivet. I dette inngår blant anna festeavgifter , løn , tilskot til Sunnfjord utvikling og andre private. Sunnfjord sine netto driftsutgifter pr innbyggjar til føremålet har vore stabilt siste åra. Men ligg klart over KOSTRA gruppe 9 og landet. Sogndal og Kinn ligg noko lågare , medan Voss herad ligg klart høgast med 1.469 pr innbyggjar.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (320) kommunal næringsvirksomhet (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	81	110	56	44
Kostragruppe 09	-85	-47	-81	-52
Landet uten Oslo	-125	-108	-98	-69
Steinkjer	-313	-62	-21	-431
Voss herad	-63	-30	-58	5
Sogndal	-113	-270	-340	-9
Kinn	-180	-362	-394	-331

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov

KOSTRAfunksjon 320 kan omfatte kommunal næringsverksemd kommunale jordbrukseigedommar, kommunal innsamling og behandling av næringsavfall, catering, investering i selskap, kommunalt eide lokale som leigast ut med formål om økonomisk gevinst, samt skatt på næringsinntekt.


I Sunnfjord stammer inntektene frå kommunal næringsverksemd i all hovudsak frå eigedom, og inntektene frå utleige av kommunalt eigde lokale. På tenestefunksjon 320 fører vi utgifter og inntekter knytt til kommunal næringsverksemd. For kommunen sin del er dette i hovudsak bygg som ikkje er i bruk i kommunal teneste, typisk gamle skulebygg.



Vi har og ført tilskot private i 2020, 2 mill. til etablering av Campus og 1 mill. til Fossesenteret som gjer til at vi dette året hadde høgare netto driftsutgifter. Desse tilskota skulle gjerne vore ført på funksjon 325.

Kommunane i KOSTRA gruppe 9 og dei andre kommunane vi samanliknar oss med, har alle netto driftsinntekter på denne funksjonen. Kva type inntekter dei har som Sunnfjord ikkje har, må ein undersøkje nærmare.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (321) kons.kraft kraftrettigh. & annen kraft for videresalg (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	-277	-291	-310	-346
Kostragruppe 09	-105	-99	-91	-148
Landet uten Oslo	-315	-222	-366	-794
Steinkjer	-141	-127	-56	-147
Voss herad	-950	-991	-581	-5 128
Sogndal	-1 099	-549	-816	-1 593
Kinn	-433	25	-613	-590

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov

KOSTRA funksjon 321 omfattar inntekter og utgifter til konsesjonskraft, kraftrettar eller anna kraft for vidaresal.

Som følg av dei særskilt høge kraftprisane har Sunnfjord kommune i 2022 motteke inntekter knytt til tilbakekjøp av konsesjonskraft knytt til kraftverk.

Inntektene har vore stabile alle åra, og vi ligg godt over KOSTRA gruppe 9 når det gjeld netto driftsutgifter (321) konsesjonskraft pr innbyggjar. Sunnfjord kommune har netto inntekt pr innbyggjar på -346 medan KOSTRA gruppe 9 har -148.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	338	442	523	514
Kostragruppe 09	155	118	197	244
Landet uten Oslo	155	85	205	275
Steinkjer	265	-2	20	165
Voss herad	676	534	514	1 469
Sogndal	2 130	33	280	484
Kinn	740	58	280	443

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).




**) Grafer justert med utgiftsbehov

KOSTRA-funksjon 325 omfattar utbyggingsområde for næringsverksemd, drift og tilskot til utleigelokale for næringsverksemd, næringsstøtte med kommersielt føremål, servicetenester for næringslivet, festeavgifter på næringsstomter samt sikring av næringsareal. Netto driftsutgifter per tenestefunksjon viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som bl.a. øyremerka tilskot brukarbetalingar, er trekt ifrå.

Sunnfjord sine utgifter og inntekter er primært knytt til rettleiing og tilrettelegging og bistand for næringslivet. I dette inngår blant anna festeavgifter, løn, tilskot til Sunnfjord utvikling og andre private.

Sunnfjord sine netto driftsutgifter pr innbyggjar til føremålet har vore stabilt siste åra. Men ligg klart over KOSTRA gruppe 9 og landet. Sogndal og Kinn ligg noko lågare , medan Voss herad ligg klart høgast med 1.469 pr innbyggjar.

Landbruk




Tenesteanalyse handlar om ulike aspekt ved landbruksforvaltning og landbasert næringsutvikling i Sunnfjord kommune,.

Analysa har gjort følgjande hovudfunn:

- I analysen finn vi at Sunnfjord kommune har høgare netto driftsutgifter per innbyggjar til landbruksforvaltning og landbasert næringsutvikling, samanlikna med dei andre kommunane, men ligg på same nivå som KOSTRA-gruppe 9.
- Sunnfjord kommune har eit relativt høgt tal på søknader etter jord- og konsesjonslov og søknader om deling etter jordlova, samanlikna med nokre av dei andre kommunane. Dette kan indikere at Sunnfjord kommune har eit aktivt og variert landbruk, med mange eigedomar og transaksjonar. Dei fleste har fått godkjent søknadene, noko som kan tyde på at dei har gode grunnar for å søke om deling eller konsesjon.
- Analysa inneheld ikkje oversikt over tal produksjonstilskot søknader, som utgjør ein monaleg del av arbeidsmengda til landbruksforvaltninga. Den statistikken syner at Sunnfjord kommune har betydeleg høgare del føretak som søker tilskot om vi samanliknar med Voss Sogndal og Kinn, medan vi ligg på nivå med Steinkjer.
- Om vi tek høgde for arbeidsmengd som reflektert i parameterane så ligg vi på nivå med Sogndal, men noko høgare enn Steinkjer og Voss. Det er tilfelle når vi har korrigert for feil i føring av løn.

Prioritet - Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	399	120	141	131
Kostragruppe 09	129	122	123	122
Landet uten Oslo	127	119	124	124
Steinkjer	257	110	97	79
Voss herad	190	58	71	58
Sogndal	325	92	93	103
Kinn	122	85	122	86

Sunnfjord har den høgaste netto driftsutgifter per innbyggjar for alle tre årstala. Sunnfjord ligg altså høgare enn samanlikningskommunane. I prosessen er det oppdaga feilføring på lønnskostnader, tilsvarande omlag 1.000.000 kroner. Truleg utgjer dette betydeleg del av årsaka til kvifor Sunnfjord ligg so høgt på netto driftsresultat.

Tenesteanalisa inneheld ikkje oversikt over tal produksjonstilskotsøknader, som utgjer ein monaleg del av arbeidsmengda til landbruksforvaltninga. Den statistikken syner at Sunnfjord kommune har betydeleg høgare del føretak som søker tilskot om vi samanliknar med Voss Sogndal og Kinn, medan vi ligg på nivå med Steinkjer.

Tatt dei naudsynte korrigeringane i betraktning er vurderinga ta Landbruksforvaltninga ligg på nivå med samanlikningskommunane.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Antall søknader om deling etter jordloven



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	17	12	18	16
Kostragruppe 09	379	383	372	363
Landet uten Oslo		2 922	3 098	2 672
Steinkjer	24	37	25	20
Voss herad	5	1	2	5
Sogndal	10	7	9	3
Kinn		6	11	3

Sunnfjord har sendt inn 12 søknader i 2020, 18 søknader i 2021 og 16 søknader i 2022. Det er ein auke frå 2020 til 2021, men ein nedgang frå 2021 til 2022. Sunnfjord har færre søknader enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo, som er større grupper med fleire kommunar og innbyggjarar. Sunnfjord har også færre søknader enn Steinkjer, som er ein større kommune i Trøndelag. Sunnfjord har fleire søknader enn Voss herad, Sogndal og Kinn, som er nabokommunar eller ligg i same fylke. Ein mogleg grunn til at Sunnfjord har færre søknader enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo, er at Sunnfjord har mindre press på utbygging og omdisponering av landbruksareal enn dei. Sunnfjord har kanskje også strengare konsesjonsvilkår og buplikt enn dei. Ein mogleg grunn til at Sunnfjord har fleire søknader enn nokre av dei andre kommunane, er at Sunnfjord har meir landbruksareal og fleire landbrukseigedomar enn dei. Sunnfjord har også hatt ein del kommunesamanslåingar i dei siste åra, som kan ha ført til meir omsetning av fast eigedom.


Grunnlagsdata (Nivå 3) - Antall søknader om deling etter jordloven innvilget helt eller delvis



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	14	11	18	16
Kostragruppe 09	338	353	348	315
Landet uten Oslo		2 685	2 813	2 410
Steinkjer	24	36	25	20
Voss herad	3	1	1	4
Sogndal	9	6	6	1
Kinn		6	10	3

Sunnfjord har fått innvilga 11 søknader i 2020, 18 søknader i 2021 og 16 søknader i 2022. Det er ei auke frå 2020 til 2021, men ein nedgang frå 2021 til 2022. Sunnfjord har færre godkjende søknader enn Steinkjer. Sunnfjord har fleire godkjende søknader enn Voss herad, Sogndal og Kinn, som er nabokommunar eller ligg i same fylke.

Grunnlagsdata (Nivå 3) - Søknader i alt etter jord- og konsesjonslov (antall)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	41	48	54	46
Kostragruppe 09	897	973	913	930
Landet uten Oslo		7 740	7 919	7 205
Steinkjer	71	98	65	73
Voss herad	37	18	28	26
Sogndal	27	22	31	16
Kinn		15	32	18

Sunnfjord har sendt inn 48 søknader i 2020, 54 søknader i 2021 og 46 søknader i 2022. Det er ein liten auke frå 2020 til 2021, men ein nedgang frå 2021 til 2022. Sunnfjord har fleire søknader enn Voss herad, Sogndal og Kinn, som er nabokommunar eller ligg i same fylke. Sunnfjord har færre søknader enn Steinkjer, som er ein større kommune i Trøndelag. Sunnfjord har mykje færre søknader enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo, som er større grupper med fleire kommunar og innbyggjarar.


Ein mogleg grunn til at Sunnfjord har fleire søknader enn nokre av dei andre kommunane, er at Sunnfjord har meir landbruksareal og fleire landbrukseigedomar enn dei. Sunnfjord har også hatt ein del kommunesamanslåingar i dei siste åra, som kan ha ført til meir omsetning av fast eigedom. Ein mogleg grunn til at Sunnfjord har færre søknader enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo, er at Sunnfjord har mindre press på utbygging og omdisponering av landbruksareal enn dei. Sunnfjord har



også kanskje strengare konsesjonsvilkår og buplikt enn dei.

Søknadene etter jord- og konsesjonslov kan ha ulike konsekvensar for Sunnfjord og dei andre kommunane. På den eine sida kan søknadene vere eit teikn på at det er aktivitet og interesse for landbruket i kommunane, og at det er mogleg å få til gode løysingar for eigar- og bruksforhold. På den andre sida kan søknadene vere eit teikn på at det er utfordringar og konflikhtar knytt til omsetninga av fast eigedom, og at det er fare for at landbrukets produksjonsareal blir redusert eller forringa. Søknadene kan også ha innverknad på miljøet, allmenne naturverninteresser, friluftsiinteresser og busettinga i kommunane.


Andre nøkkeltal - Jordbruksareal i drift



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	88 640	88 134	86 860	87 327
Kostragruppe 09	1 315 059	1 322 221	1 321 169	1 317 581
Landet uten Oslo	9 810 630	9 855 829	9 847 562	9 837 900
Steinkjer	171 409	172 255	171 748	170 716
Voss herad	55 851	56 362	56 696	56 380
Sogndal	30 854	30 905	31 035	31 269
Kinn	22 414	21 522	21 544	21 356

Sunnfjord hadde 88 134 dekar jordbruksareal i drift i 2020, 86 860 dekar i 2021 og 87 327 dekar i 2022. Det er ein liten nedgang frå 2020 til 2021, men ein liten auke frå 2021 til 2022. Sunnfjord hadde meir jordbruksareal i drift enn Voss herad, Sogndal og Kinn, som er nabokommunar eller ligg i same fylke. Sunnfjord hadde mindre jordbruksareal i drift enn Steinkjer, som er ein større kommune i Trøndelag. Sunnfjord hadde mykje mindre jordbruksareal i drift enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo, som er større grupper med fleire kommunar og innbyggjarar.


Andre nøkkeltal - Landbrukseiendommer



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 584	1 584	1 581	1 581
Kostragruppe 09	22 455	22 446	22 170	22 161
Landet uten Oslo	182 178	180 127	179 942	179 880
Steinkjer	1 359	1 346	1 314	1 314
Voss herad	1 145	1 141	1 162	1 162
Sogndal	752	752	709	709
Kinn	860	885	802	802

Tal landbrukseigedomar i Sunnfjord ligg omlag dobbelt so mykje som Sogndal og Kinn, noko over Steinkjer og Voss. Tal landbrukseigedomar generer fleire søknader etter Jordlova. Handlar om at det er mange eigedomar fordelt på fleire menneske.



Andre nøkkeltal - Produktivt skogareal



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	341 366	341 377	341 673	343 000
Kostragruppe 09	7 792 106	7 851 134	7 758 488	7 783 000
Landet uten Oslo	69 728 818	69 619 798	69 664 705	69 771 200
Steinkjer	874 463	874 452	852 935	854 900
Voss herad	392 436	392 436	402 353	403 200
Sogndal	255 527	255 520	238 325	239 100
Kinn	152 294	154 306	137 756	139 800

Sunnfjord hadde 341 377 dekar produktivt skogareal i 2020, 341 673 dekar i 2021 og 343 000 dekar i 2022. Det er ein liten auke frå 2020 til 2022, på 1623 dekar. Sunnfjord hadde mindre produktivt skogareal enn kostragruppe 09 og landet utan Oslo, som er større grupper med fleire kommunar og innbyggjarar. Sunnfjord hadde også mindre produktivt skogareal enn Steinkjer, som er ein større kommune i Trøndelag. Sunnfjord hadde meir produktivt skogareal enn Voss herad, Sogndal og Kinn, som er nabokommunar eller ligg i same fylke.

Kommunale bustadar




Analysen syner at låge netto driftsutgifter og lønnsutgifter per innbyggjar og per eigd kommunal bustad, samanlikna med dei fleste andre. Dette kan tyde på at Sunnfjord kommune driv effektivt og økonomisk med dei kommunale bustadane sine.

Sunnfjord kommune har negative netto driftsutgifter per utleigd bustad, noko som kan tyde på at vi tener meir på utleige enn dei brukar på drift. Dette kan vere eit teikn på at Sunnfjord kommune har høge leigeinntekter eller låge vedlikehaldskostnader, eller begge delar.

Sunnfjord kommune har eit relativt normalt tal på kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjar, og eit normalt tal på søknader per 1000 innbyggjar. Dette kan indikere at Sunnfjord kommune har eit balansert tilbod og etterspurnad etter kommunale bustadar, og at dei dekkjer behovet til dei som treng det.

Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	-10	-130	310	107
Kostragruppe 09	-186	26	183	168
Landet uten Oslo	-97	118	231	287
Steinkjer	-4 174	-3 209	12	-60
Voss herad	189	861	890	851
Sogndal	-156	-236	219	365
Kinn	-61	179	290	778

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov


For netto driftsutgifter pr innbyggjar ligg Sunnfjord kommune merkbart under samanlikningskommunane og Kostragruppe 09 (for utanom Steinkjer).

Om vi samanliknar med 09-gruppa, ligg Sunnfjord kommune 31 % lågare i driftsutgifter pr innbyggjar.

Dersom vi samanliknar oss med landsgjennomsnittet ligg vi 62 prosent lågare.

Dei andre utvalde kommunane har også betydeleg høgare driftsutgifter pr innbyggjar, enn kva Sunnfjord kommune har.

Produktivitet - Herav: lønnsutgifter per eid kommunal bolig



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		2 506	3 813	6 003
Kostragruppe 09		12 967	13 499	12 836
Landet uten Oslo	10 626	11 053	11 415	11 259
Steinkjer		14 639	15 960	17 325
Voss herad		4 637	14 409	17 563
Sogndal		6 844	15 875	18 547
Kinn			22 691	26 291

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


Sunnfjord kommune ligg omlag på halve nivået i forhold til kostragruppe 09 og landet forøvrig, i lønnsutgifter pr eigd bustad.

Tek vi utgangspunkt i dei uttrekte samanlikningskommunar vert forskjellen enno større. Sunnfjord då omlag på 35 % av lønnsutgiftene.

Sunnfjord har om lag 2,5 . årsverk til Byggdrift av desse bustadane, i tillegg til at koordinator (BEF) og noko administrasjonskostnader. For utan om dette har kommunen.

Det er oppdaga at Reinholdsavdeling ikkje fører utgifter til denne tenesta, og det bør difor skjekkast opp i kva grad har noko kostnader for vask av fellesareal/personalbasar i bygg med bustadar.

Produktivitet - Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		-15 113	-2 276	-2 020
Kostragruppe 09	-12 240	-9 144	1 412	1 596
Landet uten Oslo	-5 555	-6 254	373	4 147
Steinkjer	-139 943	-114 340	-1 277	-3 615
Voss herad	26 522	26 011	33 101	31 621
Sogndal		-12 107	292	9 907
Kinn	-8 686		5 921	28 120

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord har negative netto driftsutgifter per utleigd bustad alle registrerte år. Det tyder på at inntektene frå utleige var høgare enn utgiftene til drift, vedlikehald og fornying av bustadene. Sunnfjord hadde lågare netto driftsutgifter enn Kostragruppe 09 og Landet utan Oslo i 2021, men høgare i 2022. Sunnfjord hadde også lågare netto driftsutgifter enn Sogndal og Kinn, som hadde positive netto driftsutgifter i begge år. Sunnfjord hadde høgare netto driftsutgifter enn Steinkjer, som hadde nær null i netto driftsutgifter i begge år. Sunnfjord hadde mykje lågare netto driftsutgifter enn Voss herad, som hadde dei høgaste positive netto driftsutgiftene i tabellen.

Dekningsgrad - Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		21	19	21
Kostragruppe 09		20	19	18
Landet uten Oslo	23	22	21	20
Steinkjer		32	32	30
Voss herad		21	21	23
Sogndal		27	25	24
Kinn			27	30

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Det er det ut til at Sunnfjord har eit relativt normalt tal på kommunalt disponerte bustader per 1000 innbyggjarar, samanlikna med resten av landet og kostra 09. Vi har derimot mindre kommunale bustadar, samanlikna med uttrekkskommunane


Kvalitet - Antall søknader per 1000 innbyggere



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		20,0	7,0	8,0
Kostragruppe 09		7,0	7,0	7,0
Landet uten Oslo	7,0	7,0	7,0	7,0
Steinkjer		12,0	13,0	14,0
Voss herad		10,0	9,0	12,0
Sogndal		2,0	4,0	2,0
Kinn			8,0	4,0

Ser ut til at kommunen ligg på nivå med landet og kostra 09.

Økonomi - Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Kommunale boliger



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	1 578	1 486	1 529	1 494
Kostragruppe 09	1 473	1 483	1 483	1 466
Landet uten Oslo	1 603	1 582	1 620	1 674
Steinkjer	2 658	2 845	2 543	2 415
Voss herad	1 820	1 997	2 225	2 271
Sogndal	1 968	1 870	2 001	2 083
Kinn	2 135	2 239	2 643	2 827

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

[Sunnfjord har omtrent same nivå av brutto driftsutgifter per innbyggjar som Kostragruppe 09.](#)

Sunnfjord har litt lågare utgifter enn landsgjennomsnittet utanom Oslo, men høgare utgifter enn Voss herad og Sogndal, som er nabokommunar. Sunnfjord har mykje lågare utgifter enn Steinkjer og Kinn, som er kommunar med høgast utgifter i tabellen.

Eigedomsforvaltning


Sunnfjord kommune har meir areal formålsbygg per innbyggjar samanlikna med andre kommunar. Det er noko vi ser at i våre driftsutgifter. Sunnfjord har merkbart høgare netto driftsutgifter pr innbyggjar samanlikna med Kostra 09 og landet. Voss er den einaste kommunen som har like mykje areal per innbyggjar som Sunnfjord. For år 2022 ligg likevel Voss 15% høgare utgifter enn Sunnfjord.

Sunnfjord kommune sine vedlikehaldsutgifter (reperasjonsarbeid) er i heile perioden betydeleg lågare enn samanlikningskommunane. Samstundes ser vi at Sunnfjord har greidd å auke kostnadane til vedlikehald i perioden. I reine vedlikehaldskostnader ligg Sunnfjord betydeleg under samanlikningskommunane og enno lågare enn Holte sine tilrådde satsar for FDV-kostnader.

I reinhaldsutgifter ligg vi omlag 30%, høgare enn dei vi samanlikna oss med. Samstundes lågare enn Voss som har like mykje areal som Sunnfjord.

Sunnfjord kommunen har eit høgt netto driftsnivå nivå, truleg direkte relatert til den mengde areal formålsbygg.


Prioritet - Areal på formålsbygg per innbygger (m2)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		6	6	7
Kostragruppe 09		5	5	5
Landet uten Oslo	5	5	5	5
Steinkjer		4	5	5
Voss herad		7	6	7
Sogndal		4	4	
Kinn			5	5

Sunnfjord kommune og Voss Herad er dei kommunane som har desidert mest areal pr innbyggjar (m2). Med betydeleg meir areal enn samanlikningskommunane.


Prioritet - Eiendomsforvaltning, kommune brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		7,2 %	7,7 %	7,6 %
Kostragruppe 09		6,6 %	6,8 %	6,9 %
Landet uten Oslo	6,7 %	6,8 %	7,0 %	7,2 %
Steinkjer		8,5 %	5,4 %	6,1 %
Voss herad		8,1 %	7,9 %	8,0 %
Sogndal		5,9 %	5,8 %	5,8 %
Kinn		6,2 %	5,7 %	4,9 %

Sunnfjord kommune har litt høgare brutto driftsutgifter enn Kostra 09 og Landet utanom, omlag 10 % høgare.

Prioritet - Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger (B)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord	5,3	6,2	6,2	6,6
Kostragruppe 09	4,7	4,8	5,0	4,9
Landet uten Oslo	4,9	5,1	5,1	5,1
Steinkjer	4,1	4,4	4,8	5,3
Voss herad	7,5	6,7	6,4	6,6
Sogndal	4,2	4,4	4,3	
Kinn	3,8		5,0	5,1

Sunnfjord kommune har eit større areal pr enn alle kostra 09. landet utan om Oslo og dei andre samanlikningskommunane. Voss Herad er det einaste kommunen som hadde like mykje areal pr innbyggjar som Sunnfjord.

Kostragruppe 09: Har 26 % mindre areal pr innbyggjar

Landet Uanom Oslo: 23 % Har 26 % mindre areal pr innbyggjar

Økonomi - Utgifter til driftsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		657	735	619
Kostragruppe 09		572	626	655
Landet uten Oslo	668	605	670	714
Steinkjer		579	554	436
Voss herad		726	729	752
Sogndal		896	995	
Kinn			632	486

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Samanlikna med kostragruppe 09, ligg Sunnfjord kommune omtrent på same nivå, men det er årlege variasjonar. Sunnfjord skil seg ut med at vi er den einaste kommunen som syner ein kostnadsreduksjon i 2022.

Økonomi - Utgifter til renholdsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr)




	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		216	235	209
Kostragruppe 09		170	166	163
Landet uten Oslo	191	180	181	175
Steinkjer		70	50	38
Voss herad		247	263	188
Sogndal		346	326	
Kinn			214	180

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Basert på tabellen ligg Sunnfjord kommune sine reinhaldsutgifter stabile. Dette til tross for at det er komen nye bygg til. Sunnfjord kommune bruker likevel 32% meir på reinhald enn det kostragruppe 9. Medan vi ligg noko lågare enn Sogndal og Voss Herad.

Økonomi - Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)



	2019	2020	2021	2022
Sunnfjord		22	26	52
Kostragruppe 09		97	94	83
Landet uten Oslo	112	114	115	100
Steinkjer		60	51	33
Voss herad		68	57	129
Sogndal		122	131	
Kinn			59	43

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

Sunnfjord kommune sine vedlikehaldsutgifter er i heile perioden betydeleg lågare enn samanlikningskommunane. Samstundes ser vi at Sunnfjord har greidd å auke kostnadar til vedlikehald i perioden. Likevel ligg vi betydeleg under samanlikningskommunane og enno lågare enn Holte sine tilrådde satsar for FDV-kostnader.